

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 14.09.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Anga
Møtenr.: 5/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann i sak (28/12) og Revisor i sak (28/12).

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer
(Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

026/12 Godkjenning innkalling og sakliste
027/12 Skriv og Meldingar.
028/12 Overordna analyse Førde.
029/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013
030/12 Oppfølgingsliste 5-2012 Førde.
031/12 Eventuelt.

Førde, 07.09.2012.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Vidar Øvretø
SEKOM-sekretariat

026/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.09.2012	026/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

027/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.09.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.09.2012	027/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 17-12: Bystyresak 024/12 Tertialrapport pr. 30.04.2012
- SM 18-12: Referat frå ordinær generalforsamling for Sogn og Fjordane teater L/L, den 07. juni 2012.
- SM 19-12: Selskapskontroll (Eigarskapskontroll) i Firda Billag 2011, Gjennomført av Sogn og Fjordane Fylkeskommune.
- SM 20-12: Rapport frå stedlig kontroll av skatteoppkreverfunksjonen i Førde kommune 2012, datert 28.06.2012.
- SM 21-12: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Tilsyn med særskild språkopplæring for minoritetsspråkelege elevar i grunnskulen skueåret 2011/2012 – Førde ungdomsskule, datert 15.05.2012.
- SM 22-12: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – Rapport frå tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn i Førde kommune, datert 05.06.2012.
- SM 23-12: Bystyresak 039/12 Prosjektreknekap for avløpsanlegg – Førde by.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 17-12



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
14.06.2012
21.06.2012

Saksnr
040/12
038/12

Sakshandsamar:
Lise Mari Haugen

Arkiv:
FE-210

Arkivsaknr.:
12/959

Tertialrapport pr. 30.04.2012

Kommentarar driftsbudsjettet:

Eining	Varsla meirutgift	Årsak/Prognose
--------	----------------------	----------------

100-Rådmann		<p>Budsjettert med vakanse i stilling på 1,4 mill kr. Dette må konkretiserast mot ulike einingar i 2012.</p> <p>1.500.000 Basert på utbetalt tilskot til private barnehagar pr. 1. halvår 2012 ligg det ann til eit meirforbruk på 1,5 mill kr.</p> <p>2.000.000 Barn med rett til barnehageplass – venteliste. Anslag på kostnad for 2 ekstra barnehageavdelingar frå hausten 2012.</p> <p>324.000 For mykje inntektsført Ølutsal i 2011 – korrigert i 2012.</p> <p>200.000 Forventa redusert utbytte frå Ølutsalet i 2012 grunna Bystyrevedtak om sal av øl i butikk. Medfører reduserte kulturmidlar og budsjettutfordring for driftstilskot SNU.</p> <p>250.000 Anslag på konsesjonskraftinntekter er på 1,3 mill kr i 2012. Dette er 250.000,- lågare enn budsjettert.</p> <p>-1.000.000 Streik har medført innsparing av lønskostnadar.</p> <p>500.000 Kostnad til lønsauke er budsjettert ut frå 4 %. Enda på 4,07 %</p>
130-Rekneskap og skatt	-400 000	Einingsleiar anslår eit mindreforbruk i 2012 på om lag 500.000.- grunna langtidssjukmelding, vakanse og meirinntekt gebyr. Denne må sjåast i samband med budsjettert vakanse omtalt på ansvar 100.
310-Helse og barn	200 000	Bu- og avlastningstenester for barn ser samla sett ut til å gå i balanse, sett bort frå fosterheimstiltaket på teneste 23410 som ikkje er tatt høgde for i budsjettet. Dette tiltaket vert avslutta i juni 2012. Dette vil utgjere eit

620-FDV	1.300.000 500.000	<p>Straumutgiftene pr. april ligg høgare enn budsjettert. I sum varslar FDV eit meirforbruk på ca 1,3 mill kr.</p> <p>Arbeidet med tildeling av dei nye omsorgsbustadane ved Førde Helsetun er påbegynt. Som tidlegare omtalt vil det ta noko tid før alle bustadane er utleigd, og som har si årsak i sein oppstart av planarbeidet samt vilkåret om at kun personar som fagleg kvalifiserer skal få tildelt bustad.</p> <p>Vi antek at innflytting vil ha om lag slik progresjon: 01.06.12: om lag ¼ 01.09.12: om lag ½ 01.12.12: om lag ¾ 01.02.13: alle</p>
374 Helsetunet avdeling 3	400.000	Auka vikarbruk grunna mykje korttidsfråvær som einingane ikkje får refusjon for.
650-Brann og redning	300.000	<p>Etter mars månad viser rekneskapen eit meirforbruk på kr 300.000.</p> <p>Dette skuldast i hovudsak lønsutgifter i samband med uværet Dagmar samt rest av etterbetaling til overbefal i samband med ny lønsavtale.</p>
670-Teknisk drift		<p>Teneste drift kommunale vegar teneste 33310: Rekneskapen pr. april viser eit forbruk på 3.mill.kr, av eit budsjett på kr 5.mill. Stormen Dagmar har forårsaka utgifter på ca 500.000 hittil, men dette vert refundert av fylke. Totalkostnaden til Dagmar er rekna til 1.3 mill.kr. Ein har då 2.5 mill. attståande til vedlikehald resten av året. Dette betyr at ein ikkje har midlar til å møte uforutsette hendingar.</p> <p>Prognose: Ein er svært avhengig av at ein får ein fin haust og vinter, med lite brukning og vegvedlikehald</p>

900-Finansielle formål	-2.227.000	Revidert nasjonalbudsjett for 2012 viser ein auke i frie inntekter for Førde kommune på 2,2 mill kr
	-3.000.000	Lågare rentenivå enn budsjettert Avhengig av utvikling rentenivå resten av 2012. Anslag mindre rentekostnad på 3 mill kr.
		Prognose for pensjonskostnad 2012 viser ein vesentleg auke frå 2011. Det er knytt usikkerheit til å budsjetterte midlar er nok til å dekke pensjonskostnad/ premieavvik i 2012.
MEIRFORBRUK	1.350.000	

Tabellen viser eit anslag på samla meirforbruk på 1,35 mill kr i driftsbudsjettet til Førde kommune i 2012. Det er knytt stor usikkerheit til fleire av punkta. Rådmannen vil følgje utviklinga tett.

Rådmannen tilrår å kome attende med budsjettjustering i 2. tertialrapport.

Innsparingsprosess

Omtale av tiltak i innsparingsprosess framgår av økonomiplan 2013-2016 som vert framlagt parallelt med tertialrapport pr. 30.04.2012.

Finansplasseringar:

Det er budsjettert med ei avkastning på 7,5 mill kr (6,0 %) i 2012. Tabellen nedanfor viser ei positiv avkastning på 5,6 mill kr (4,4 %) pr. april 2012, noko som er over samanlikningsindeksen. 78,7 mill kr (59,5 %) er plassert i rentepapir til ein avkastning på 1,7 % medan 50,5 mill kr (40,5 %) er plassert i aksjar til ein avkastning på 9,7 % pr april.

Statusrapport finansinvesteringar		Eining	Tid	Sum forvalta	2011	2010
30.04.2012				30.04.2012		
Avkastning	Sum aktivaklassar:					
	Verdiauke totalt	mkr	hittil i året	5,6	-2,5	11,0
	Verdiauke totalt	%	hittil i året	4,4	-2,0	9,5
	Pr aktivaklasse:				4,8	
	Rentepapir	%	hittil i året	1,7	5,3	5,3
	Aksjer	%	hittil i året	9,7	-9,5	16,6
Inv.volum og	Sum aktivaklassar:					
	Verdi totalt	mkr	perioodeslutt	129,2	123,5	126,0
	Pr aktivaklasse:					
	Renter	%	perioodeslutt	59,5	63,1	58,2
	Aksjer	%	perioodeslutt	40,5	36,9	41,8
	Renter	mkr	perioodeslutt	78,7	80,4	73,4
	Aksjer	mkr	perioodeslutt	50,5	43,1	52,6

Låneportefølgjen

Låneportefølgje	Restgjeld (mkr)	Samansetning (%)	Snitt kreditt-tid (år)	Snitt rente-binding (år)	Snitt rente (%)
Flytande rente	527,9	51 %	23,0	0,2	3,7
Fast rente	502,8	49 %	29,0	3,0	2,6
SUM/ SNITT	1030,7	100 %	25,9	1,6	3,2

Som det framgår av tabellen har Førde kommune pr. april 2012 ei total låneportefølgje på 1 mrd kr. Flytande rente utgjer 51 % av låneportefølgjer til ei snittrente på 2,6 %.

Fastrentelån utgjer 49 % av totalt lånevolum. Fastrentenivået er i snitt 3,7 %.

Sjukefråveret har vore noko tilsvarande som i 2011, men frå april månad ser vi ei positiv utvikling kor det samle sjukefråveret er nede i 7 %. Tal einingar som då har eit sjukefråver over 10 % er totalt 8 stk.

Sjukefråveret varierer strekt mellom einingane. Det er innan barnehagane og i pleie og omsorg vi har hatt det høgaste fråveret.

Det er vedteke ein ny handlingsplan for IA- arbeidet i 2012. Nytt av året er at alle tilsette har fått brev (underskriven av Rådmannen og hovudsamanslutningane) om at ein skal oppsøkje sin leiar før ein går til lege. Dette for at ein skal sjå på tilrettelegging i eininga før ein evt vert sjukmeldt. I tillegg er rutinane endra slik at alle tilsette som er sjukmeldt og transportdyktig skal oppsøkje arbeidsplassen ein gong i løpet av veka. Vi ser det som viktig at den sjukmeldte holdar kontakt med arbeidsplassen sin. I tillegg har vi satt ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på fysisk aktivitet på arbeidsplassen.

Vi har intensivert oppfølging av einingar med høgt sjukefråver. Både Bedriftshelsetenesta og Arbeidslivstenesta har vore inn i desse einingane og vurdert situasjonen, og det vert sett i verk forskjellige tiltak. Samtidig er det også slik at einingar på 13-15 tilsette kor 3-4 tilsette er sjuke av «naturlege årsakar», så får ein eit sjukefråver på 25 %. Det er ikkje så mykje ein kan gjere med det !

Sist men ikkje minst har Arbeidslivstenesta gjennomført ein internrevisjon av våre rutinar for oppfølging av sjukmeldte.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr. 30.04.2012 vert teken til vitande.

Handsaming i Formannskapet 14.06.2012:

Samrøystes vedtak

FORM-040/12 Vedtak:

Tertialrapport pr. 30.04.2012 vert teken til vitande.

Førde, den 07.06.2012

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57722004

SM 18-12

www.softeater.no

postboks 324

Sogn og Fjordane Teater

6802 Førde

telefon 909 90 600

post@softeater.no



kontonr. 5368 05 06678 / org nr. NO 929 181 557

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
v/Kulturdirektøren
Postboks 173
6801 FØRDE

FØRDE KOMMUNE
v/Rådmannen
6800 FØRDE

**REFERAT FRÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING FOR SOGN OG FJORDANE
TEATER L/L**

Ordinær generalforsamling for Sogn og Fjordane Teater torsdag 7. juni 2012 kl 1400.
Møtestad: Teatret sine lokale i Førdehuset.

Desse møtte:

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Ingebjørg Erikstad

Frå Førde kommune: Ole Jon Østenstad

Frå teatret sitt styre: Rasmus Felde

Frå administrasjonen: Terje Lyngstad, Reinert Hukset og Asbjørg
Lotsberg

Aksjeteljing: Alle aksjane var representerte ved Ingebjørg Erikstad frå Sogn og
Fjordane fylkeskommune og Olve Grotle frå Førde kommune.

SAK 3B: Godkjenning av styret si årsmelding

Feil i årsmeldinga side 1 i avsnittet om Personale:

Det står: "...engasjert frilans personale og vikarar, som til saman utgjorde 7,44 årsverk." . Dette vart retta til: "...engasjert frilanspersonale og vikarar, som til saman utgjorde 8,44 årsverk".

Vedtak: Generalforsamlinga godkjende samrøystes styret si årsmelding.

SAK 3C. Disponering av årsresultat

Vedtak: Årets overskot, kr. 714.031,- vert avsett til eigenkapital. Samrøystes.

**SAK 4. Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret
Heile styret var på val og vart samansett slik:**

Styreleiar: Håkon Fimland
Nestleiar: Iris Loftheim
Styremedlemmer: Ola Tarjei Kroken
Kristine Lie
Kyrre Eikås Ottersen

Varamedlemmer: I rekkjefølgje frå Sogn og Fjordane fylkeskommune:
1)Hanne Oftedal
2)Eva Marie Halvorsen
3)Torbjørn Vereide

Førde kommune: Ivar Svensøy

SoFt: Per Janke Jørgensen

Observatør: Kjell Furevik
Varaobservatør: Anna Wingård

SAK 5. Val av revisor

Vedtak: Samrøystes attval av Pricewaterhouse Coopers AS

SAK 6. Fastsetjing av godtgjersle til revisor og styremedlemmer

Vedtak: a) Samla bokført revisjonshonorar for 2011 utgjer totalt kr. 78.125,-.

SM 19-12

Selskapskontroll (eigarsskapskontroll)

Firda Billag AS

2011

Innhald

1	Innleiing	
	1.1	Bakgrunn s.2
	1.2	Føremål s.2
	1.3	Framgangsmåte s.2
2	Om konsernet	s.3
	2.1	Selskapsforhold s.4
	2.2	Avtalemessige forhold s.4
	2.3	Forplikingar vis av vi offentlege instansar s.6
	2.4	Juridiske forhold s.6
	2.5	Organisasjonen s.6
	2.6	Miljø s.6
	2.7	Framtidsutsikter s.6
	2.8	Konsernets økonomiske utsikter s.7
3	Styret	s.8
4	Revisor	s.9
5	Generalforsamlinga	s.9
6	Eigarstyring	s.10
7	Høyring	s.11
8	Konklusjon	s.11

Vedlegg:

1. Kart over konsernet
2. Kart over morselskapet Firda Billag AS
3. Høyringsuttale frå Firda Billag AS
4. Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har i vedtak den 21.06.11 gått inn for å gjennomføre selskapskontroll i Firda Billag AS. I bestillingsdokumentet er det opplyst at føremålet er å oppfylle gjeldande lovkrav til gjennomføring av selskapskontroll.

Firda Billag AS tok i 2010 over landtransportdelen til Fjord1. I tillegg vart selskapet i 2010 omgjort frå eit interkommunalt selskap (IKS) til eit aksjeselskap (AS). Selskapet driv også i 2011 med å gjennomføre større organisatoriske endringar i selskapet. Desse elementa var tilleggsmoment for at kontrollutvalet har sett det som interessant å få gjennomført ein selskapskontroll i form av **eigarskapskontroll** av selskapet.

1.2 Føremål

Føremålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere korleis fylkeskommunen forvaltar sine eigarinteresser i selskapet; med det om dei gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar¹. For Firda Billag AS sin del vert fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ivareteke via fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga.

Eigarskapskontroll er ein avgrensa kontroll. Det betyr at kontrollen avgrensar seg til ein vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammar for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med føremålet. Kontrollen omfattar ikkje sjølve aktivitetane i selskapet, så som kvaliteten på tenestene som selskapet leverer eller om selskapet når sine mål. Dette er forhold som kan kontrollerast gjennom forvaltningsrevisjon.

Intensjonen med regelverket om selskapskontroll var m.a. å sikre dei folkevalde betre innsyn og kontroll med den delen av den fylkeskommunale verksemda som er organisert som interkommunale selskap eller aksjeselskap.

1.3 Framgangsmåte

Rapporten byggjer på informasjon frå selskapet sin eigar (fylkeskommunen), styret og administrasjonen, samt opne kjelder som t.d. Foretaksregisteret, Proff.no med fleire.

- Fylkeskommunen si Eigarmelding for 2010 og til dels 2011.

Hovudfokus i rapporten vil vere negative funn. Det betyr at det som i utgangspunktet er i orden vil ikkje verte gjenstand for nærare omtale.

2 Om konsernet

Firda Billag AS vart stifta 18.06.2010 ved omgjerung frå eit interkommunalt selskap til eit aksjeselskap.

Firda Billag AS er eit konsern. Konsernet bestod ved utgangen av 2010 av :

Firda Billag AS	
Transferd AS	-eigd 100 % av Firda Billag AS
SRB Anleggstransport AS	-eigd 51 % av Transferd AS

Konsernet har gjort ein del nye organisatoriske endringar i 2011, m.a. er selskapet Firda Billag Buss AS fisjonert ut av morselskapet og morselskapet har oppretta eit nytt dotterselskap; Fjordane Reisebyrå AS. Det nye organisasjonskartet til konsernet er lagt ved som vedlegg nr 1.

Selskapet driv innafor persontransport (buss), godstransport på veg, bilutleige (AVIS), reisebyrå, verkstad for tunge kjøretøy og eigedomsforvaltning.

Firda Billag AS har sitt hovudkontor i Førde kommune og avdelingar i Florø, Dale, Sandane og Sogndal. Etter kjøpet av Transferd AS frå Fjord i har selskapet i tillegg fått avdelingar i Kaupanger, Otta, Stryn og Ålesund.

Ved utgangen av 2010 hadde selskapet 348 tilsette.

Aksjekapitalen i selskapet er på kr 10.000.000,- og er fordelt på 10.000 aksjar kvar pålydande kr 1.000,-. Aksjane fordeler seg slik mellom eigarane i selskapet:

<u>Eigarar/aksjonærer</u>	<u>Forretningskontor</u>	<u>Tal</u>	<u>Pålydande</u>	<u>Eigar-/ stemmeandel</u>
Askvoll kommune	Askvoll	569	1 000	5,69 %

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Leikanger	500 1 000	5,00 %
<u>SUM</u>		<u>10 000</u>	<u>100 %</u>

2.1 Selskapsforhold

Det interkommunale selskapet var i si tid etablert gjennom eit spleiselag for å sikre infrastrukturen i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF (Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane) sin eigardel i det opphavlege lotalaget.

Fylkeskommunen opplyser at selskapet vart endra til eit AS grunna nye rammevilkår. Det var eit naudsynt tiltak for å sikre selskapets konkurransekraft.

Saka vedr. omdanninga vart handsama i fylkestinget 07.04.2010 under sak 0009/10. Med vising til saksframstillinga i saka står det :

“ Om bakgrunnen for omdanninga skreiv administrerande direktør Peter Midthun: Rutebilnæringa er i sterk endring. I dag er ca 40 % av den samla bussproduksjonen i landet lagt ut på anbud. I løpet av få år vil dei resterande 60 % verte lagt ut. Dette betyr at Firda Billag ikkje lenger vil verte beskytta av sin områdekonsesjon. I avtalen selskapet i dag har med Sogn og Fjordane fylkeskommune er det opna for at anbud kan takast i bruk innan vårt konsesjonsområde frå år 2014. Det betyr at heile eller deler av den produksjonen selskapet i dag utfører kan verte overtatt av andre. Dette aukar risikoen ved drifta betydeleg. Når anbud er tatt i bruk i konsesjonsområdet vil Firda Billag vere eit heilkommersielt selskap. Ein ser det som lite hensiktsmessig både for eigarane og for selskapet å fortsette med IKS-modellen under slike rammevilkår. ”

Det er ikkje utarbeida ein eigen aksjonæravtale mellom eigarane. Vedtektene regulerer det som er nødvendig.

Omsetnad av aksjar er regulert gjennom selskapet sine vedtekter.

Vurdering og tilråding:

Konsernet har ikkje utarbeidd oversikter over moglege nærståande relasjonar mellom sentrale personar i selskapa i konsernet. Ved førespurnad til adm.dir. så kjenner ikkje han til slike

av bussdrifta, som går på rute- og skulebussproduksjon, er beskytta via konsesjon. I løpet av nokre år vil også den delen verte konkurranseutsett. Adm. dir. ser det som vanskeleg og unaturleg å skilje bussdrifta i ein del som er konkurranseutsett og ein del som er konsesjonsbeskytta. Alle større innkjøp vert regulert av anbod og dei følgjer prinsippa for god forretningskikk i alle prosesser. Leiinga i konsernet har gjort ei skriftleg vurdering av konsernet sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser, og har konkludert med at konsernet ikkje kan operere i ein konkurranseutsett marknad, samstundes som Lov om offentlege anskaffelser gjeld for konsernet.

Vurdering og tilråding:

Lov om offentlege anskaffelser er eit komplisert og omfattande lovverk. Dotterselskapet Firda Billag Buss AS kan, uansett om heile drifta vert konkurranseutsett, likevel høyre inn under Lov om offentlege anskaffelser med vising til Forsyningsforskriften. Lov om offentlege anskaffelser kan også gjelde for privat eigde selskap dersom tenesta går ut på: (sjå §1-3, c i Forsyningsforskriften om kva for aktiviteter som er omfatta)

“ drive rutenett beregnet på ytelse av offentlige tjenester i forbindelse med transport med jernbane, automatiserte systemer, sporvei, trolleybuss, buss eller kabel. Når det gjelder transporttjenester, skal et nett antas å foreligge dersom driftsvilkårene for tjenesten er fastlagt av vedkommende myndighet i en EØS-stat. Driftsvilkår kan for eksempel være hvilke ruter som skal betjenes, hvor stor kapasiteten skal være og hvor ofte rutene skal betjenes.

Vi vil tilrå at konsernet får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og dotterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlige anskaffelser.

Konsernet har ikkje økonomiske forplikningar utover pant i lån og festekontraktar på deler av eigedommane. Alle låneavtalar vert handsama og godkjent av styret, vanlegvis gjennom årlege budsjett og finansieringsplanar. Konsernet har ikkje forplikningar når det gjeld erstatningar eller mangelkrav overfor tredje part. Alle naudsynte skadeforsikringar i konsernet er i orden og alle bygningar og nyare bussar er fullt ut forsikra.

Vurdering og tilråding:

I følgje styret og adm. dir. har konsernet ikkje teikna styreansvarsforsikring. Ifølgje Tilrådingar frå KS Eierforum Nr. 16 vert det tilrådd at selskapa teiknar særskilt styreforsikring for alle styremedlem i selskap med begrensa ansvar. Forsikringa vil eventuelt gjelde det økonomiske ansvaret og ikkje det strafferettslige.

2.3 Forpliktingar vis av vis offentlege instansar

I følge adm.dir. har ikkje konsernet uoppgjorte skatte- eller meirverdiavgiftskrav og naudsynte transportløyve og busskonsesjonar er i orden. Konsernet har besøk av arbeidstilsynet 4 til 5 gonger i året og branntilsynet med jamne mellomrom. Utover mindre merknadar frå arbeidstilsynet kjenner ikkje adm. dir. til andre forpliktingar vis a vis offentlege instansar.

2.4 Juridiske forhold

Styret seier at det ikkje er kjent med irregulære eller straffbare forhold relatert til konsernet. Konsernet har i følge adm.dir. ikkje tvistar for domstolane, konflikter med samarbeidspartnarar eller tilsette.

Vurdering og tilråding:

Styret og adm.dir. meiner at konsernet ikkje høyrer inn under Offentleglova. Viser og til adm.dir. sine skriftlege vurderingar av tilhøva.

Med vising til at konsernet er 100% offentlig eigd vil vi tilrå at konsernet gjer ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine reglar likevel gjeld for heile eller deler av konsernet.

2.5 Organisasjonen

Organisasjonskart for morselskapet i konsernet er lagt ved som vedlegg nr 2.

Konsernet har ikkje formelle bonusordningar for dei tilsette. Det er ikkje uavklarte tilsettingstilhøve i konsernet, men utarbeiding av nye arbeidsavtaler for dei tilsette jf. omorganiseringa er per i dag ikkje avslutta. Nedbemanning i samband med omorganiseringa har skjedd ved naturleg avgang.

Sjukefråværet varierer, men har gått ned det siste året. Det er for 2. kvartal 2011 på litt over 5 %, dvs at det er under gjennomsnittet for bransjen. Konsernet har eige HMT- system med eigen tilsett som har hovudansvaret for oppfølging av systemet. I følge adm. dir. fungerer HMT-systemet tilfredsstillande. Det vert gjennomført AMU-møte annakvar månad der alle avviksrapportar vert følgt opp. For 2011 er det registrert 14 mindre ulykker. Det er ikkje tale om ulykker som har ført til lengre sjukefråvær.

konsernet, og satsar fortsatt på å vere med i konkurranse med andre. Konsernet førebur seg på framtidig konkurranse ved m.a. å bygge opp kompetansen i konsernet omkring anbod og anbodsrutinar. Eit anna satsingsområde innan bussdrift som leiinga i konsernet ser på kan vere å få til avtalar med gode samarbeidspartnarar.

Konsernets produkter kan inndelast slik etter storleik:

- 1) Godstransport (størst)
- 2) Bussdrift
- 3) Reiselivsverksemd
- 4) Verkstaddrift
- 5) Drift av fast eigedom

Konsernet vil ha ei framtid også utan bussdrifta. Godstransport er størst og er konsernets store satsingsområde. Reise og eigedom er mindre deler av konsernet, men er likevel viktige og trygge inntektskjelder som har synt gode resultat.

Konsernet arbeider for tida med viktige endringar og omorganisering av verkstaden som dei forventar vil gi resultat gjennom effektivisering og med det betre resultat.

Økonomiske forhold som kan forverre konsernets drift i framtida, er renteauke og dieselpriisar. Prisauken på diesel dei siste åra har m.a. ført til at konsernet har tapt og tapar i samband med konsesjonsavtalene som konsernet har med fylkeskommunen.

2.8 Konsernets økonomiske utsikter

Rekneskapan for 2010 syner eit resultat/overskot på kr 370 000,-. Opptent eigenkapital er per 31.12.2010 på kr 102 429 000,-.

RESULTATREKNESKAP	2010
Konsernrekneskap	Ja
Sum driftsinntekter	346 057 000
Driftsresultat	2 798 000
Resultat før skatt	421 000
Årsresultat	371 000
BALANSEREKNESKAP	

Om likviditet:	
Likviditetsgrad 1	1,08
Likviditetsgrad 2	1,03

3 Styret

Styret forholder seg, i tillegg til aksjeloven og selskapsvedtektene, til styreinstruks vedteke av styret i møte 13.04.2011 samt styret sin årsplan vedteke 13.01.2011. Instruksjonen omhandler møte; -hyppigheit, -struktur, -protokoll, -informasjon, samt styremedlemmene sine rettigheter og plikter. Av saker som er spesifisert/(nemnd) i styreinstruksjonen er:

- styret sin møteplan for komande år
- årsrekneskap og årsmelding
- planar og budsjett for selskapet
- saker som gjeld investeringar av betydeleg omfang i høve selskapet sine ressursar
- vedtak som går på rasjonalisering eller omlegging av drifta som vil medføre større endringer eller omdisponeringar av arbeidsstokken

I styret sin møteplan for 2011 kjem det fram at selskapets strategiar og vegen fram er fast sak på møta. Styret har informert at dei gjennomfører risikovurderingar av drift, økonomi og misligheter løpande gjennom året.

Det er ikkje utarbeidd eigen instruks for adm.dir., men stillinga vert regulert som ein del av styreinstruksjonen. Adm.dir. vert tilsett av og eventuelt sagt opp av styret, og står for den daglege leiinga av konsernet. Adm.dir skal fylgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Styret hadde ved utgangen av 2010 slik styresamansetning:

Leiar: Agnar Strømsnes

Medlemmar: Monica Oppedal, Rita Lillevedt, Olve Grotle og Steinar Talle

Tilsette sine representantar: Arne Råheim og Gunvor Beate Bjordal

Vedtektenes § 10 regulerer valnemnda. Det skal vere ei valnemnd med 5 medlemmar.

Valnemnda skal leggje fram forslag om samansetning av styret med unntak av styremedlem som skal veljast av og blant dei tilsette. Dei 3 største aksjonærane i selskapet har rett til å velje minst 2 av medlemmene i valnemnda. Dette er i tråd med KS-anbefaling om kommunal eierskap nr.10.

endring i selskapet, må alltid utgjere meir enn ein tredel av samtlege styremedlemmar.
Tilleggspresisering jf. høyringsuttale frå Firda Billag AS: Vi forstår styreinstruksen slik at styret her meiner tilhøve der ikkje alle styremedlemma er med på møtet. I slike høve kan eit fleirtal på møtet utgjere mindre enn ein tredjedel av samtlege styremedlemma.

Styreinstruksen stemmer ikkje overeins med selskapsvedtektene. Det kan bidra til uklare retningslinjer ved styrehandsaming. Vi vil tilrå at styret gjer vurderingar av vedtektene og styreinstruksen i forhold til avstemming og stemmefleirtal i styresaker.

4 Revisor

Firda Billag AS sin revisor er revisjonsselskapet Deloitte AS med kontor i Førde. Revisor har svart på skriftleg førespurnad frå SF revisjon IKS. Informasjonen frå revisor har ikkje gjeve grunnlag for nærare oppfølging i samband med gjennomføringa av eigarskapskontrollen.

5 Generalforsamling

Det ordinære møtet i generalforsamlinga skal etter vedtektene haldast innan 6 månadar etter utløpet av rekneskapsåret. Det vert innkalla til generalforsamling med 2 vekers varsel.

Vurdering og tilråding:

I følge selskapsvedtektene § 9 skal generalforsamlinga fastsetja resultatregnskap og balanse, herunder medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. I følge aksjelova § 5-5 skal den ordinære generalforsamlinga handsame følgjande sakar sitat:

“godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder utdeling av utbytte”.

Godkjenning av styret si årsmelding står ikkje nemnd i selskapsvedtektene § 9.

Selskapsvedtektene stemmer ikkje overeins med aksjelova. Vi vil foreslå at generalforsamlinga gjer vurderingar av selskapsvedtektene på nemnde punkt opp mot aksjelova.

Andre saker som vert handsama i det ordinære møtet i generalforsamlinga, er fastsetting av eventueltn konsernresultat og konsernbalanse, handsaming av valkomiteen sine innstillingar på dei val som skal gjennomførast i tillegg til val av valkomite. Det er fylkesordførar Nils R. Sandal som er valt til å møte for fylkeskommunen i generalforsamlinga. På møtet i

6 Eigarstyring

Ved førespurnad om det er utarbeida eigarstrategi for Firda Billag AS viser fylkeskommunen til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen har fom 2008, fast ein gong i året, ei Eigarmelding oppe til handsaming i fylkestinget.

Fylkeskommunen si eigarmelding har 2 hovuddeler. Del I omhandlar fylkeskommunen sin eigarpolitikk og del II omhandlar dei einskilde selskapa som fylkeskommunen eig eller er medeigar i eller har tilknytning til på anna måte (t.d. stiftingar). Kap. 4 i del I seier noko om kva forventningar fylkeskommunen har til etikk og samfunnsansvar til selskap der fylkeskommune er eigar eller deleigar. Kap. 7 punkt 4 i del I seier noko om kriterium for utpeiking av styremedlem i selskapa.

Fylkeskommunen si Eigarmelding er i tråd med KS' anbefalingene om kommunalt eierskap, nr 2.

Ved spørsmål til fylkeskommunen om målformuleringar og viktig verdidokument viser dei til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen syner og til Eigarmeldinga ved spørsmål om eventuelle strategiar, retningslinjer eller instruksar som fylkeskommunen har utarbeida for styret og administrasjonen i Firda Billag AS.

På førespurnad til styret i Firda Billag AS om deira forhold til fylkeskommunen si Eigarmelding, så kjenner dei ikkje til den. Adm. dir. kjenner til fylkeskommunen si Eigarmeldinga.

Ved førespurnad til styret i Firda Billag AS om eigarane har utarbeida strategiar og retningslinjer for styret og administrasjonen i selskapet så kjenner styret ikkje til det.

Adm.dir. reiser med jamne mellomrom på besøk til sine aksjonærar for dialog om konsernets framtidsutsikter på eit overordna nivå. Hans inntrykk frå møta er at det er stor semje mellom eigarane omkring dei store strategiske grepa som er gjennomført i 2010 og 2011.

Tilråding:

Med vising til KS' anbefalinger om kommunalt eierskap Nr. 3 vil vi tilrå at det på eit overordna nivå vert utarbeida rutinar på form, innhald og kommunikasjon i samband med fylkeskommunen sine strategiske forventningar og krav til Firda Billag utover det som kjem fram av det ordinære møtet i generalforsamlinga. Dette bør utarbeidast i samråd med

Vurdering og tilråding:

Fylkeskommunen kjenner ikkje til at det er utarbeida andre kriterier for samansetning av styret enn det som kjem fram av selskapets vedtekter. Selskapsvedtektene seier ikkje noko om kriterier for valsamansetning av styret. Det vert ikkje gjennomført nokon form for evaluering av styret utover styret sin eigen evaluering av sitt arbeid.

Vi vil tilrå at det vert utarbeida rutinar for kriterie og kompetansevurdering av styresamansetning i samsvar med KS'Anbefalinger om kommunalt eierskap, Nr 11. Dette ansvaret ligg hos eigarane.

7 Høyring

Utkast til rapport vart oversendt til styret og adm.dir. ved Firda Billag AS og til Sogn og Fjordane fylkeskommune den 17.10.2011 til uttale.

Høyringsuttalen frå Firda Billag AS er lagt ved som vedlegg nr 3 og høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er lagt ved som vedlegg nr. 4.

I uttalen frå Firda Billag AS er det synt til ein fakta feil jf. pkt. 2.7 i rapporten om inndeling av storleiken på konesernet sine tenester/produkt. I den endelege rapporten er dette retta på slik at inndelinga no skal vere korrekt.

Vi har i tillegg på bakgrunn av Firda Billag AS sine kommentarar til pkt. 3 i rapporten om styret og stemmefleirtal lagt til ein liten presisering i pkt. 3 i rapporten






8 Konklusjon

På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll vil vi tilrå at Firda Billag AS:


- *utarbeidar ein rolleoversikt over sentrale personar i konsernet jf. pkt. 2.1 i rapporten*
- *får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og dotterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser jf. pkt. 2.2*
- *teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet jf. pkt. 2.2.*
- *får utført ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine reglar gjeld for heile eller*

- *utarbeider rutinar for kriterie- og kompetansesamansetning av styret samt rutinar for evaluering av styret med jamne mellomrom jf. pkt. 6*

Ny organisering konsern



Firda Billag AS Organisasjonsplan



Marianne Vara

Fra: Peter Midthun <peter@firda-billag.no>
Sendt: 31. oktober 2011 13:02
Til: Marianne Vara
Kopi: Agnar.Stromsnes@incgruppen.no
Emne: Selskapskontroll Firda Billag AS
Vedlegg: SF revisjon tilbakemelding frå Bøyum 17.10.11.pdf

SF-revisjon
v/ Marianne Vara

Det vert vist til rapport mottatt frå deg. Rapporten vart gjennomgått i Firda Billag AS sitt styre i møte den 18.10. Underteikna vart bedt om å gi tilbakemelding.

Vi kan gi filg tilbakemelding:

- Rolleoversikt – rapportens pkt 2.1. Dette skal vi få utarbeidd.
- Juridisk vurdering vedr lov om off anskaffelser. Vi skal få vurdert dette. Vi er imidlertid kjent med at busselskap der Fylkeskommunen har betydelig større eigarandel enn hos oss ikkje fylgjer denne. Dette fylgjer av vår konkurranseutsetting.
- Styreansvarsforsikring. Slik vi ser det er dette noko styret sjølv må ta stilling til.
- Offentlegheitslova. Same svar som pkt 2 over.
- Selskapsvedtekter kontra styreinstruks. Viser til vedlagt uttale frå Bøyum. Styreinstruksen vil verte endra på eit punkt.
- Selskapsvedtekter kontra aksjelova. Vi viser til vedlegg frå adv Gunnar Bøyum der dette er vurdert.

Vi har elles kommentar til pkt 2.7. der du har delt inn område etter storleik. Verkstaddrifta vår er større enn egedomsdrifta.

Mvh

Firda Billag AS

Peter Midthun

Peter Midthun

Fra: gunnar.boyum@no.pwc.com
Sendt: 17. oktober 2011 19:23
Til: Peter Midthun
Emne: Re: VS; Utkast til rapport til høyring
Vedlegg: Følgjebrev utkast til rapport til høyring.pdf; Utkast til rapport.pdf

Hei,

Eg viser til mottatt utkast til rapport frå SF revisjon sin selskapskontroll hos Firda Billag AS, og ditt spørsmål om eg har kommentarar til forholdet om vedttektene er i samsvar med aksjelova.

I vedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført "når meir enn halvparten av medlemmane er til stades". Etter aksjelova § 6-24 følgjer det at styret kan treffe beslutning "når mer enn halvdelene av medlemmene er til stede eller deltar i styrebehandlingen". Eg har ikkje sett styreinstruksen, men eg forstår det slik at den har samme ordlyd som aksjelova. Etter min vurdering har aksjelova/styreinstruksen og vedtektene samme reelle innhald sjølv om formuleringa er litt ulik.

I vedtektene § 7 står det vidare at styret fallar sine vedtak med vanleg fleirtal. Det er opplyst at det i styreinstruksen i tillegg står at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stømt. Etter min oppfatning er det ikkje noko motsetning i dette. Også etter aksjelova § 6-25 følgjer det at ein beslutning av styret krevjer at fleirtalet av dei styremedlemmane som deltek i handsaminga av ei sak, stemmer for. Dette er utgangspunktet og det er det som også er nedfelt i vedtektene. Ved stemmelikheit følgjer det vidare i aksjelova § 6-25 at møteleiar har dobbeltstemme. Dette vil også gjelde ved stemmelikheit i beslutningar hos styret i Firda Billag AS. Dette som følgje av ei naturleg forståing av samspelet mellom vedtektene og aksjelova, jf også vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Såleis er det etter min oppfatning ingen motsetning mellom vedtekter, styreinstruks og aksjelov når det gjelder at det generelt sett er vanleg fleirtalskrav for beslutningar fatta av styret i Firda Billag AS, men at styreleiar har dobbeltstemme ved stemmelikheit.

I vedtektene § 9, 2. ledd, bokstav a, går fram at generalforsamlinga skal fastsette resultatrekneskap og balanse, her medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. Av aksjelova § 5-5 går det fram at generalforsamlinga skal godkjenne årsrekneskapet og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte. Eg er samd i at det i vedtektene godt kunne stått at generalforsamlinga også skal godkjenne årsmeldinga (i tillegg til godkjenning av årsrekneskapen). Dette har imidlertid ingen praktisk betydning, i og med at generalforsamlinga i h t aksjelova uansett må godkjenne årsmeldinga. Det er såleis heller ikkje motstrid mellom vedtektene og aksjelova i denne samanheng da aksjelova gir anvisning på noko ut over det som ekplisitt følgjer av vedtektene. Igjen vises til samspelet mellom vedtektene og aksjelova, jf vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Eg viser også til at aksjelova gjelder på generelt grunnlag. Berre dersom vedtektene positivt gir uttrykk for noko anna vil aksjelova sine reglar kunne fråvikast, dog med den avgrensing at i mange tilfeller kan vedtektene ikkje ha mindre strenge reglar enn aksjelova. Slik sett er det på det rene at generalforsamlinga i Firda Billag AS uansett må godkjenne årsmeldinga i selskapet, sjølv om dette ikkje konkret går fram av vedtektene. (For ordens skuld: Det er heller ikkje noko i vedtektene som gir uttrykk for at generalforsamlinga ikkje skal godkjenne årsmeldinga.)



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Kjersti Døssland

E-post: kjersti.dossland@sfj.no

Tlf: 57 65 61 55

Vår ref.

Sak nr.: 11/3916-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

31308/11

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 31.10.2011

Sogn og Fjordane Revisjon IKS
Att: Marianne Vara

Selskapskontroll 2011 – høyringsuttale frå fylkeskommunen

Vi viser til dykkar brev dagsett 17. oktober, inkludert utkast til rapport frå gjennomført selskapskontroll i Firda Billag AS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at eigarrolla, inkludert strategiske forventningar til selskapa og rutinar for styresamansetning, er ivaretatt gjennom dei rutineane som er etablert i eigarmeldinga.

Eigarrolla, og arbeidet med eigarmeldinga, er likevel under stadig utvikling, og fylkeskommunen vil ta med seg innspela vidare i denne prosessen.

Med helsing

Jan Øhlckers
fylkesrådmann

Kjersti Døssland
juridisk rådgjevar



Skatteetaten

SM 20-12

Saksbehandlar
Kjersti Hopland Hollup

Dykkar dato

Vår dato
28.06.2012

Direkte tlf
55578464

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/160281

SKATTEOPPKREVEREN I FØRDE KOMMUNE
HAFSTADVN 21
6800 FØRDE

Skatteoppkrevjaren i Jølster kommune

Rapport fra stedlig kontroll av skatteoppkreverfunksjonen i Førde kommune 2012

Vi viser til vårt kontrollbesøk 12. -13. juni 2012 utført av Kjersti Hopland Hollup frå Skatt vest. Til stades frå skatteoppkrevjarkontoret var skatteoppkrevjar Evert Are Havn og kontrollør Stein Erik Øvrebø. Kontoret var varsla om kontrollbesøket i telefonsamtale med Evert Are Havn 2. mai og vår e-post av 29. mai 2012.

Vår kontroll byggjer på *Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverkontorene*, fastsett av Skattedirektoratet 1. februar 2011. Instruksen gjeld skattekontora sin kontroll av skatteoppkrevjarkontora sine oppgåver knytt til føring av skatterekneskapen, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll etter lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (Skattebetalingsloven).

Føremålet med instruksen er å sikre at det vert gjennomført kontrollaktivitet som avklarar om den faglege utføringa av oppgåvene ved skatteoppkrevjarkontoret følgjer lover, føresegner, instruksar og regelverk elles. Instruksen skal og sikre at skatteoppkrevjarane vert gjevne pålegg der den faglege utføringa ikkje er tilfredsstillande, og at pålegg og tilrådingar vert følgde opp.

1 Omfang og føremål med kontrollen

Kontrollen har omfatta hovudområdet arbeidsgjevarkontrollen. Skattekontoret har avgrensa kontrollen til å gjelde utvalde områder innanfor dette hovudområdet.

3 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå tidlegare kontrollar

3.1 Følgjande pålegg og tilrådingar gitt i rapport av 17. desember 2009 reknar vi som etterkomne:

- Tilråding om rapportering.
- Tilråding om rutineskildring vart etterkomen, men framleis bør delar av rutina utvidast. Sjå ny tilråding om rutineskildring under punkt 4.2.2.
- Tilråding om årskontrollen for inntektsåret 2008.

3.2 Følgjande pålegg og tilrådingar gitt i rapport av 17. desember 2009 reknar vi ikkje som etterkomne:

- Pålegg om ressursituasjonen. Pålegget vert gjenteke i pkt 4.1.1.
- Tilråding om rapportinnhald og dokumentasjon. Punktet vert teke opp att i pkt 4.1.2.

4 Pålegg og tilrådingar som følgje av denne stadlege kontrollen

4.1 Pålegg

Pålegg vert gjeve når kontrollen avdekkjer brot på lover, føresegner, instruksar og regelverk elles. Pålegga er anten krav om at eksisterande tilhøve skal rettast, eller om at kontoret sin praksis må endrast. Det vert forventa at skatteoppkrevjar rettar seg etter pålegga innan fristane som vert gjevne.

4.1.1 Kontrollomfang/ressursar

Skatteoppkrevjaren har i oppgåve å kontrollere at arbeidsgjevarane utfører pliktene dei er pålagte etter ligningslova, skattebetalingsloven og folketrygdloven på skatte- og avgiftsområdet, jf skattebetalingsloven § 5-13.

Skatteoppkrevjaren skal etter skatteoppkreverinstruksen § 2-1 nr 1 sjå til at ” at kontoret til ei kvar tid har tilstrekkelege ressursar og kompetanse, og er organisert slik at oppgåvene som er omfatta av denne instruksjonen kan utførast på ein forsvarleg, føremålstenleg og rasjonell måte”. Instruksjonen omfattar tre oppgåver; føring av skatterekneskapet, innkrevjing av skattar og avgifter og arbeidsgjevarkontrollen. Dette ansvaret omfattar og å legge til rette for erstatningsressursar som raskt kan avhjelpe tap av ressursar i kortare eller lengre tidsrom.

utføre delar av arbeidsgjevarkontrollen for kommunane Førde, Gaular, Naustdal og Jølster. Det er tidlegare opplyst at kommunane saman finansierte ei kontrollstilling der Førde dekkjer 55% av kostnadane og dei andre kommunane 15% kvar. For dei siste åra (2008 – 2011) har den interkommunale ordninga ikkje greidd å nå målkravet på 5% kontrollar for nokon av kommunane, og slik ein får opplyst frå skatteoppkrevjar ventar ein heller ikkje å kunna nå målkravet for kommunane i 2012.

Gjennom kontrollar hos skatteoppkrevjarane over tid har Regional kontrolleining erfart at det normalt vil verta utført 20-25 kontrollar pr. år på eit årsverk. Dette ut frå at kontrolløren er erfaren. Ein kontrollør med ingen eller avgrensa erfaring, vil normalt utføre færre kontrollar.

Ved kontrollbesøket har kontoret ein kontrollør som arbeider aktivt med arbeidsgjevarkontrollen. Samla krav til tal på kontrollar i 2012 for kommunane i den interkommunale ordninga er 47 kontrollar. Med berre ein kontrollør kan den respektive kommune ikkje på noko vis forventa gjennomføring av tilstrekkeleg omfang av kontrollar. Dette vart og teke opp i vår rapport til skatteoppkrevjarkontoret av 17. desember 2009 der kopi òg vart sendt rådmannen i Førde. Den lave kontrollaktiviteten har og vore omtalt i våre kontrollrapportar til kommunestyra i dei einskilde kommunane for åra 2008, 2009, 2010 og 2011 slik at situasjonen har vore kjent i alle kommunane.

Det pågår samtalar mellom fleire kommunar i Sogn og fjordane om å utvida kontrollsamarbeidet. Ved ei eventuell utviding av samarbeidet bør ein vera klår på omfanget av kontrollar som skal utførast og leggje opp til at ein har nok ressursar til å kunna utføre tilstrekkeleg kontrollar slik at ein kan nå det målkravet som er sett for alle kommunane.

Regional kontrolleining ser alvorleg på det avgrensa kontrollomfanget over mange år i desse samarbeidskommunane, noko som særleg gjeld Førde, Gaular og Naustdal.

Den vedvarande manglande kontrollaktiviteten er et alvorlig brot på ansvaret som ligg hjå skatteoppkrevjaren etter skattebetalingsloven og skatteoppkreverinstruksen. Regional kontrolleining pålegg skatteoppkrevjaren å sørgje for tiltak slik at kontrollaktiviteten vert gjennomført i samsvar med målkrava for 2012 og komande år.

Skatt vest v/ Regional kontrolleining forutset at kommunane Gaular, Førde, Jølster og Naustdal

Av omsyn til blant anna god internkontroll, jf skatteoppkrevjarinstruksen § 2-2, må skatteoppkrevjarkontoret dokumentere kontrollhandlingane og merke / arkivere arbeidspapira slik at det går tydeleg fram kva som har vore kontrollert og funne i orden og kva som har vore kontrollert og ikkje funne i orden. Tilhøve som vert teke opp i rapporten må ha tydelege visningar til arbeidspapira. Normalt vil det og vera nødvendig at sjekklista eller dokumentasjonen har påskrift / forklaringar som gjer internkontrollen rasjonell og enkel.

I skatteoppkrevjarkontoret sine rutineskildringar punkt 11.3.7 om Arbeidspapir står det at "Arbeidspapir skal merkast med vedleggsnummer, samt til kva for punkt i rapporten det tilhøyre. Også for dei kontrollpunkta som er funne i orden, skal ein oppbevare arbeidspapira, og merke desse."

Ved kontrollen vart det teke stikkprøver som viste at der ikkje var noko form for merking eller inndeling av arbeidspapira. Kontrollen viste at det generelt var vanskelig/tidkrevjande å finne dokumentasjonen for dei punkt som rapportane tok opp som feil eller manglar hjå arbeidsgjeveren og å sjå kva som var gjort med dei kopiane som låg blant arbeidspapira. Det var òg vanskeleg å sjå kva som var resultatet av utført kontroll av desse kopiane/arbeidspapira. Forholdet var òg teke opp i vår rapport av 18. desember 2009.

Regional kontrollering pålegg kontrollordninga å handterer dokumentasjon slik at den samsvarar med retningslinjene og skatteoppkrevjarkontoret sine egne rutineskildringar.

4.2 Tilrådingar

Skattekontoret kan etter instruksjonen òg gje tilrådingar om tilhøve ved skatteoppkrevjarkontoret som bør betrast. Ved vårt besøk kjem det fram tilhøve som vi meiner bør betrast.

4.2.1 Kontrollutplukk og dokumentasjon

Skatteoppkrevjar skal sjå til at arbeidsgjevar reknar, tek vare på, rapporterar inn og betalar inn skattetrekk og arbeidsgjevaravgift etter gjeldande regelverk på skatte- og avgiftsområdet. Stadleg kontroll bør utførast ved grunna mistanke om at arbeidsgjevar ikkje oppfyller sine plikter, jf

Tiltaksplan for 2012 som ligg på SKO nett Skatt vest seier følgjande om val av kontrollobjekt; ”Riktig kontrollutvelgelse er en forutsetning for best mulig bruk av kontrollressursene. I tillegg til lokalkunnskap er det viktig å ha kjennskap til de mulighetene som finnes i forhold til søk og standardrapporter. Spesielt i forhold til kontrollområder som blir prioritert er det nødvendig å tilrettelegge for gode utplukk.”

Ved kontrollen vart det spurt om dokumentasjon for grunngjeving av utplukka. Det vart vist til lokalkjennskap, tips frå andre på kontoret og revisoranmerkning o.a. Noko skriftlig dokumentasjon rundt utplukka hadde ein ikkje. Ein del rapportar er gjennomgått og fleire viste at ”Kontrollerte områder ser ut til å vera i orden”.

Vi gjer i tillegg merksam på at det i ein kommune kan oppstå habilitetsproblem i samband med utplukk. Skatteoppkrevjar eller ein medarbeidar på skatteoppkrevjarkontoret kan vere nærstående eller i stå i ein anna relasjon til ein arbeidsgjevar eller til ein tilsett hos denne arbeidsgjevaren (eller relasjon til arbeidsgjevar sin rekneskapsfører eller revisor) som kan vere eigna til å svekkje tilliten til utplukket, eller på nettopp manglande utplukk / kontroll av denne arbeidsgjevaren. Fleire ved skatteoppkrevjarkontoret bør difor vere involverte i arbeidet med utplukket.

Regional kontrolleining rår skatteoppkrevjaren til å ta tema om habilitet opp internt på kontoret, samt å innarbeide i rutineane korleis medarbeidarane skal opptre i situasjonar som nemnt.

Regional kontrolleining rår vidare skatteoppkrevjaren å dokumentere grunngjevinga for val av dei einiskilde kontrollobjekta anten i objektplanen eller i annen oversikt, samt sikre seg for å unngå habilitetsproblem.

4.2.2 Rutineskildringar

Det følgjer av Instruks for skatteoppkrevjarar § 2-2 nr 2 at skatteoppkrevjar skal, som ein del av den interne kontrollen, utarbeide rutinar for verksemda. Rutineskildringa skal og gi god støtte for den som utfører kontrollen. Ifølgje ”Retningslinjer til utfylling av skatteoppkreverinstruksen kapittel 1 til 3” skal skatteoppkrevjarkontoret sine rutineskildringar utfylle SKD sine retningslinjene for arbeidsgjevarkontrollen ved å seie korleis oppgåvene faktisk vert løyst ved kontoret og kven som



hjelpedokument. Rutinane bør generelt utvidast med lokale skildringar av arbeidsgjevarkontroll-arbeidet ved dette kontoret, herunder nærare om kva som vert innhenta før kontrollen, kva kontrolløren gjer undervegs i kontrollen og noko om etterarbeid / oppfølging i etterkant av rapportutsendinga.

Kontrolleininga tilrår kontrollordninga å oppdatere rutineskildringa for arbeidsgjevarkontrollen ved kontoret.

4.2.3 Plan for kontrollen

Det følgjer av retningslinjer for gjennomføring av arbeidsgiverkontrollen punkt 8.3.4 og 8.3.5 at opplysningar innhenta på førehand og kontrolløren sine vurderingar dannar grunnlaget for ein førebels ettersynsplan. Før kontrolløren går ut på ettersynet må det være lagt ein plan for kva han skal starte med, kva for undersøkingar som skal gjerast, i kva for rekkefølge og etter kva for framdriftsplan. Kontrolløren bør blant anna ta stilling til kven han ønskjer å konferere med, kartlegging av verksemda og om kva som konkret skal kontrollerast.

Ved kontrollen vart det teke stikkprøver. Kontrollen viste at det ikkje fanst nokon dokumentert plan for kontrollen. Dette vart stadfesta av kontrollør og skatteoppkrevjar ved besøket. Vil merka at kontrollør saman med varsel om kontroll nyttar eit spørjeskjema som dei kontrollerte fyller ut før kontrollen startar eller skjema vert fylt ut under oppstartsamta mellom kontrollør og selskap. Dette skjema gjer ein god starthjelp til kontrollen.

Regional kontrolleining tilrår at det blir utarbeidd skjema / sjekklister som blir nytta for den enkelte kontroll der det tydeleg går fram;

1. Kva som vart planlagt kontrollert,
2. Kva som vart kontrollert og funne i orden
3. Kva som vart kontrollert og ikkje funne i orden

Skjema / sjekklister bør lagrast i saka saman med øvrige arbeidspapir.

4.2.4 Årskontroll

Etter skattebetalingsloven § 5-13 jf. skatteoppkrevjarinstruksen § 5-3 nr.1 og 2 er

Regional kontrolleining rår til at skatteoppkrevjar sender tilbakemelding til kontrolleininga når dei siste avvika er gjennomgått.


5 Skatteoppkrevjarkontoret si tilbakemelding på rapporten


Dersom noko er uklart eller misforstått frå vår side, eller det er andre spørsmål til rapporten, kan De venda Dykk til underteikna.

Vi ber om skriftleg tilbakemelding på dei tiltaka skatteoppkrevjar vil sette i verk vedkomande pålegg og tilrådingar som er gjevne i rapporten punkt 4. Vi ser fram til å få tilbakemelding innan 6. august 2012, og vi ber om at den vert merka med saksnummer 2012/160281.

Vi takkar for god hjelp i samband med vårt kontrollbesøk og håpar at det gode samarbeidet held fram.

Med helsing


Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional kontrolleining
Skatt vest


for Kjersti Hopland Hollup
registrert revisor

Kopi: Førde kommune v/rådmann
Gaular kommune v/rådmann
Jølster kommune v/rådmann
Naustdal kommune v/rådmann
Førde kommune v/ kontrollutvalet ✓
Skatt vest, Avdeling innkrevjing v/ Styringsgruppa

Sm 2/12

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

TILSYNSRAPPORT

Tilsyn med særskild språkopplæring
for minoritetsspråklege elevar
i grunnskulen
skuleåret 2011/12

Førde kommune – Førde ungdomsskule

Sak: 2012/17

Dato: 15.05 .2012

Tilsynsgruppe:

Helge Pedersen og Anne Marte Sæle

Innhold

1. Tilsyn med særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elever	3
Tema for tilsynet	3
Føremålet med tilsynet	3
Grunngjeving for val av tema	3
2. Om gjennomføringa av tilsynet	3
Rettsleg grunnlag for dette tilsynet.....	3
Overordna om metoden brukt i tilsynet.....	3
Tilsynet sitt omfang: objekt, tilsynsform.....	4
Oppsummering av gangen i tilsynet:	4
Utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen.....	4
3. Lovkrava i § 2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar	4
Kontrollspørsmål.....	5
4. Etterleving av lovkrava i § 13-10, 2. ledd om forsvarleg system relatert til § 2-8	8
Avgrensing.....	8
Kontrollspørsmål.....	8
5. Pålegg om endring	9
Pålegg i samband med etterleving av lovkrava i § 2-8	9
Pålegg i samband med etterleving av lovkrava i § 13-10, 2. ledd, om forsvarlig system relatert til § 2-8.....	10
6. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta	10
7. Høve til å klage.....	10
Vedlegg 1 Pålegg om utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen	11
Vedlegg 2 Oversyn over innsendt dokumentasjon.....	12
Vedlegg 3 Rettslege krav	13

1. Tilsyn med særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar

Tema for tilsynet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ført tilsyn med Førde kommune og Førde ungdomsskule med bakgrunn i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, lov nr. 61 1998 (opplæringslova). Opplæringslova § 2-8 omhandlar særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar. Tilsynet gjeld også opplæringslova § 13-10 andre ledd om kommunen si plikt til å ha eit forsvarleg system for å sikre elevane sine rettar etter § 2-8.

Føremålet med tilsynet

Fylkesmannen vil med dette sikre at kommunen og skulane følgjer reglane når det gjeld rett til særskild språkopplæring for elevar i grunnskulen med eit anna morsmål enn norsk og samisk. Vi vil også sjå til at kommunen har eit forsvarleg system for å sikre at elevane sine rettar etter § 2-8 blir oppfylte, jf opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Grunngjeving for val av tema

Opplæringslova § 2-8 er eit viktig verkemiddel for integrerings-politikken. Det er viktig for minoritetsspråklege elevar si opplæring, liv og virke i det norske samfunnet at dei snarast mogleg får tilstrekkeleg kompetanse i norsk til å følgje den ordinære opplæringa i skulen. Effektiv undervisning føreset god kjennskap til opplæringsbehovet, samt avvikling av tilbodet når behovet/retten ikkje lenger ligg føre. Det er derfor viktig at det blir etablert gode rutinar for kartlegging både før og undervegs i opplæringa.

Manglande enkeltvedtak og prosedyrar i samband med dette fører til at elevane/ foreldra ikkje kan vurdere om barna sine rettar blir oppfylte. Konsekvensen av dette vil kunne ha negativ innverknad på elevane sin rettstryggleik med omsyn til læringsutbytte i skulen.

2. Om gjennomføringa av tilsynet

Rettsleg grunnlag for dette tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Dette myndet er delegert til Fylkesmannen i brev datert 27.09.2010¹.

Overordna om metoden brukt i tilsynet

Tilsynet er retta mot kommunen si etterleving av lovkrava innan oppgjevne emne. Rapporten omtalar og grunngjev lovbrøt som er avdekkja gjennom tilsynet. Rapporten omhandlar berre

Tilsynet sitt omfang: objekt, tilsynsform

Denne gongen har vi valt å føre tilsyn med Førde kommune og Førde ungdomsskule. Utvalet er gjort på grunnlag av omfanget av minoritetsspråklege elevar som er rapportert i GSI² hausten 2011. I tillegg har vi lagt vekt på variasjon i kommunestorleik og geografisk spreiding. Vi har også tatt omsyn til andre planlagde tilsyn som Fylkesmannen skal gjennomføre våren 2012.

Skriftleg tilsyn eller dokumenttilsyn er på dette temaet vurdert som føremålstenleg for å få undersøkt tilstanden i fleire kommunar på kortare tid.

Oppsummering av gangen i tilsynet:

- Varsel om tilsyn til kommunen, brev datert 02.01. og e-post 03.01.2012.
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå kommunen og skulen 20.02.2012.
- Varsel om vedtak førebels rapport 18.04. 2012.
- Sluttmøte (videomøte) 10.05.2012. Frå Førde kommune: Helge Sæterdal og Kjell Skaaheim. Frå Fylkesmannen: Anne Marte Sæle og Helge Pedersen.
- Kommunen sin frist for tilbakemelding om varsel - vedtak og førebels rapport var 14.05.2012.
- Offentleggjing av rapporten etter at klagefristen er utgått.

Utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen

I vårt brev om pålegg om innsending av dokumentasjon av samband med tilsynet, bad vi om utgreiing/dokumentasjon både frå kommunen og frå den aktuelle skulen:

- Opplæringslova § 2-8: Skuleeigar sine prosedyrar/retningslinjer og tal enkeltvedtak i kommunen.
- Opplæringslova § 2-8: Skulen sine prosedyrar/retningslinjer, kartlegging, fire enkeltvedtak, samla tal enkeltvedtak ev. elevar utan enkeltvedtak.

Sjå elles Fylkesmannen sitt pålegg om utgreiing og dokumentasjon frå skuleeigar/skulen i sin heilskap i vedlegg 1.

Innsendt dokumentasjon frå skuleeigar/skulen i samband med tilsynet går fram av vedlegg 2.

3. Lovkrava i § 2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege

Avgrensing

Med dette dokumenttilsynet har vi ikkje grunnlag for å undersøkje alle lovkrava knytt til opplæringslova §2-8.

Vi søker fyrst og fremst å avklare følgjande forhold:

- Blir det gjort kartlegging av elevane sine norskdugleikar før det blir fatta vedtak om særskild språkopplæring?
- Blir det gjort kartlegging undervegs i opplæringa, for å vurdere når elevane har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa?
- Blir det gjort enkeltvedtak for alle som får særskilt språkopplæring?
- Inneheld enkeltvedtaka vedtak om både særskild norskopplæring, morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og/eller anna tilpassa opplæring (jf. § 2-8, 3. ledd)?
- Er enkeltvedtaka (tildeling/avslag) grunngjevne?
- Stettar enkeltvedtaka formkrava i forvaltningslova?

Kontrollspørsmål

Blir det gjort kartlegging av elevane sine norskdugleikar før det blir fatta vedtak om særskild språkopplæring?

Opplæringslova § 2-8 seier at kommunen skal kartlegge kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.

- I Førde kommune si utgreiing går det fram at det er skulane som skal gjere naudsynte testar og på bakgrunn av dette gjere einskildvedtak.
- I Førde kommune sine dokument er berre innhaldet i opplæringslova § 2-8, første ledd sitert ³. Det fjerde leddet i paragrafen vart sett i verk 1. august 2009 og seier at kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.
- Det går fram av rektor ved Førde ungdomsskule si utgreiing at skulen ikkje kan dokumentere godt nok i kva grad det vert gjennomført kartlegging av elevane sine norskdugleikar før vedtak om særskild språkopplæring.

Blir det gjort kartlegging undervegs i opplæringa, for å vurdere når elevane har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa?

Etter opplæringslova § 2-8 fjerde ledd. andre setning. skal eleven sin norskdugleik også

- I Førde kommune sine dokument⁴ er berre innhaldet i opplæringslova § 2-8, første ledd sitert. Det fjerde leddet i paragrafen vart sett i verk 1. august 2009 og seier at kartlegging også skal utførast undervegs i samband med vedtak om særskild språkopplæring.
- Det går fram av rektor ved Førde ungdomsskule si utgreiing at skulen ikkje kan dokumentere godt nok i kva grad det vert gjennomført kartlegging undervegs i opplæringa.

Blir det gjort enkeltvedtak for alle som får særskilt språkopplæring?

Det følgjer av opplæringslova § 2-8, jf forvaltningslova § 2, at kommunen skal gjere enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Dette er også presisert i førearbeida⁵: «Når kommunen tek stilling til kva rettar ein elev har etter opplæringslova § 2–8, er det eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.»

- I kommunen sin oversikt⁶ går det fram at det per 07.02.2012 er 46 elevar i kommunen med enkeltvedtak om særskild norskopplæring og morsmål.
- I kommunen si utgreiing går det fram at det ved fleire skular i kommunen ikkje er samsvar mellom tal enkeltvedtak og GSI rapporteringa hausten 2011. Det går fram av kommunen si utgreiing at skulane har fått pålegg om å gjere dette og at skuleleigar vil føre kontroll med skulane i høve dette i 2012.
- Kommunen viser i si utgreiing til at rektor har fått delegert mynde til å gjere enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8⁷.
- Korkje Førde ungdomsskule eller Førde kommune kan dokumentere at det er etablert rutinar i kommunen som sikrar at det vert gjort enkeltvedtak for alle elevar i kommunen/skulen som får særskilt norskopplæring etter opplæringslova § 2-8, første ledd.

Inneheld enkeltvedtaka vedtak om både særskild norskopplæring, morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og/eller anna tilpassa opplæring (jf. § 2-8, 3. ledd)?

I samband med tilsynet bad Fylkesmannen om fire enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8 (sjå vedlegg 1). I § 2-8, første ledd går det fram at slike elevar også kan ha rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Dersom det låg føre vedtak som i tillegg gjaldt morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar, bad vi om å få tilsendt desse.

- I Førde kommune sin mal for vedtak om særskilt språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 og det er vist til at vedtaket er fatta av rektor⁸. Vedtaket syner til opplæringslova § 2-8, første ledd (retten). I kommunen sin mal for vedtak er foreldra si grunngjeving teke med som eige punkt, i tillegg til skulen si vurdering. I sjølve vedtaket er det teke

- Rektor ved Førde ungdomsskule skriv i si utgreiing at skulen har gjort enkeltvedtak, men at dette berre vert gjort når skulen har tildelt timar til morsmålsopplæring. Skulen har lagt ved to vedtak som stadfestar dette.
- Når det gjeld enkeltvedtak om særskild norskopplæring etter opplæringslova § 2-8, har Førde ungdomsskule etablert ein før avgrensa praksis som ikkje er i samsvar med krava i § 2-8 i opplæringslova. Dersom det i tillegg særskild norskopplæring også vert gitt morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge deler, må dette gå fram av enkeltvedtaket.

Er enkeltvedtaka (tildeling/avslag) grunngjevne ?

Enkeltvedtak skal grunngjevast individuell, dvs. kvifor særskild språkopplæring blir gitt, alternativt ikkje gitt eller tek slutt (retten opphøyrer), jf fv. § 24. Det følgjer av god forvaltningsskikk at innhaldet i vedtaket skal tydeleggjerast for mottakar, slik at klageretten blir reell. Innhald, omfang og organisering må difor kome tydeleg fram. Vedtaket skal stå på eigne bein, og bør supplerast med munnleg informasjon dersom dette må til for at mottakar skal forstå innhaldet.

- I Førde kommune sin mal for vedtak etter opplæringslova § 2-8 er det satt av plass til skulen si grunngjeving. I innsendte vedtak frå 2004 vert det vist til at eleven ikkje har tilstrekkelege kunnskapar i norsk. Vedtaket er gjort av kommuneadministrasjonen, men dette myndet er seinare overført til skulane v/ rektor.
- Frå Førde ungdomsskule ligg det føre to enkeltvedtak som begge gjeld vedtak om timar til morsmålsopplæring. Begge vedtaka er positive, men opplyser ikkje om at vedtaka er gjort etter opplæringslova § 2-8. Vedtaket er såleis mangelfullt når det gjeld individuell grunngjeving.
- Førde ungdomsskule nyttar ikkje den kommunale malen.

Stettar enkeltvedtaka formkrava i forvaltningslova?

I underretninga skal det gjevast opplysning om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage.

- I Førde kommune sin mal for vedtak etter opplæringslova § 2-8 er det opplyst om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage.
- Dei to vedtaka frå Førde ungdomsskule er det også opplyst om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage.

Vurdering og konklusjon

Det ligg føre lovbrøt her.

Førde ungdomsskule har ikkje dokumentert ein tilfredsstillande praksis i høve kartlegging før

4. Etterleving av lovkrava i § 13-10, 2. ledd om forsvarleg system relatert til § 2-8

Dei rettslege krava i høve opplæringslova § 13-2, andre ledd relatert til § 2-8 går fram av vedlegg 3.

Avgrensing

I dette dokumenttilsynet har ein ikkje grunnlag for å undersøkje alle sider knytt til lovkravet i opplæringslova § 13-10 relatert til opplæringslova § 2-8.

Vi søker først og fremst å avklare følgjande forhold:

- Er det utarbeidd prosedyrar/ retningslinjer for ivaretaking av elevrettane etter § 2-8 både for kommune-/ og skulenivå og er rutineane skriftlige?
- Inneheld prosedyrane tilstrekkeleg informasjon til å gjere det sannsynleg at elevrettane blir oppfylt som t.d.:
 - Informasjon om rettane etter § 2-8?
 - Informasjon om foreldresamarbeid?
 - Informasjon om saksgang?
 - Avklaring av kven som har ansvar for kva?
 - Nødvendige skjema og malar (vedtak, rapportering etc.)
- Finst det prosedyrar/ retningslinjer for kartlegging i høve § 2-8?
- Er det gjort tydelig kven som har ansvaret for kartlegginga?

Kontrollspørsmål

Er det utarbeidd prosedyrar/ retningslinjer for ivaretaking av elevrettane etter § 2-8 både for kommune-/ og skulenivå og er rutineane skriftlige?

- I brev frå Førde kommune til skular i kommunen går det fram at det er skulen ved rektor som skal gjere enkeltvedtak⁹.
- Førde kommune har mal for søknad og vedtak om særskilt språkopplæring etter opplæringslova. I kommunen sine malar nyttar ein omgrepet «norsk framandspråk», men lova nyttar omgrepet særskild norskopplæring. I malane er det uklart om opplæring etter opplæringslova § 2-8 også inkluderer tospråkleg fagopplæring.

Inneheld prosedyrane tilstrekkeleg informasjon til å gjere det sannsynleg at elevrettane blir

treng/foreldra søkjer), førehandsvarsel frå skulen til foreldra (tilrår særskild språkopplæring/kartlegging) og foreldra sitt samtykke/ikkje samtykke frå foreldra. På den måten har ikkje kommunen dokumentert system som skal sikre elevrettane.

Finst det prosedyrar/ retningsliner for kartlegging i høve § 2-8, og er det gjort tydeleg kven som har ansvaret for kartlegginga?

- I Førde kommune si utgreiing går det fram at det er skulane som skal gjere naudsynte testar og på bakgrunn av dette gjere enkeltvedtak. Men utover dette vert det t.d. i kommunen sin mal for vedtak/saksang ikkje vist til felles prosedyrar/rutinar for kartlegging før og under opplæringa etter opplæringslova § 2-8.

Vurdering og konklusjon

Framlagde vedtak tilfredsstillar elles krava i forvaltningslova om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage.

Men det ligg likevel føre lovbrøt.

Førde kommune har ikkje dokumentert at det vert gjort enkeltvedtak for alle elevar som får særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8. Skuleigar har såleis ikkje dokumentert at det er etablert felles rutinar for informasjon/saksgang for å fatte enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8. Det er også uklart i kva grad føresette får høve til å uttale seg før det blir fatta enkeltvedtak etter § 2-8, t.d. gjennom førehandsvarsel og erklæring om samtykke.

I skuleeigar sine malar vert det berre vist til opplæringslova 2-8, første ledd, dvs. opplysning om lovverket er såleis ikkje fullstending.

5. Pålegg om endring

På bakgrunn av det som går fram av kapittla 3 til og med 4 gir Fylkesmannen følgjande pålegg:

Pålegg i samband med etterleving av lovkrava i § 2-8

1. Førde kommune skal syte for at Førde ungdomsskule etablerer skriftlege rutinar for kartlegging i høve opplæringslova § 2-8. Førde kommune må i denne samanhengen sjå til at Førde ungdomsskule:
 - a. Syter for at det vert gjort kartlegging før det blir gjort vedtak om særskild

- opplæringslova § 2-8 blir gitt. Vedtaket må også gje opplysning om mormålsopplæring/tospråkleg fagopplæring dersom dette er aktuelt.
- b. At enkeltvedtak som blir gjort i samband med rettar etter § 2-8, fullt ut tilfredsstillar forvaltningslova sine krav, t.d. varsel og samtykke.

Pålegg i samband med etterleving av lovkrava i § 13-10, 2. ledd, om forsvarleg system relatert til § 2-8.

3. Førde kommune blir pålagt å etablere rutinar som tilfredsstillar krava til forsvarleg system etter opplæringslova § 13-10 relatert til rett til opplæring for minoritetsspråklige elevar etter opplæringslova § 2-8. Særskild gjeld dette: saksgang/enkeltvedtak som er i samsvar med opplæringslova § 2-8 og forvaltningslova, oppdatert lovverk/omgrep og rutinar for kartlegging/-ansvar.

6. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta

Tiltak for å rette lovbrota skal setjast i verk med det same.

Førde kommune skal gje ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta/blir retta. Erklæringa skal understøttast med dokumentasjon at det er utarbeidd i samsvar med pålegga.

Denne erklæringa og dokumentasjonen skal setje Fylkesmannen i stand til å vurdere om tilsynsobjektet har korrigert dei lovbrota som er avdekka. Fylkesmannen må deretter vurdere om og i kva grad erklæringa og dokumentasjonen skal følgjast opp vidare.

Frist for innsending av slik erklæring er 09.08.2012.

7. Høve til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast på til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er komen fram til kommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Vedlegg 1 Pålegg om utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen

A) Utgreiing

Kommunen si utgreiing

Vi ber om at kommunen gjev i ei eiga utgreiing. I den grad det ligg føre dokumentasjon som understøttar utgreiinga, ber vi om at det vert vist til denne undervegs:

1. Kommunen sine prosedyrar/retningsliner for ivaretaking av elevrettane etter opplæringslova §2-8.
 - a. Informasjon, saksgang, skjema, malar for vedtak, kartlegging
 - b. Vedtaksmynde (aktuelt punkt i delegasjonsreglement).
2. Tal enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8 for heile kommunen for skuleåret 2011/2012. Er dette i samsvar med GSI-rapporteringa per 01.10.2011?

XX skule si utgreiing

Vi ber også om at skulen gjev i ei eiga utgreiing. Dersom det ligg føre dokumentasjon som understøttar utgreiinga, ber vi om at det vert vist til denne undervegs:

1. Skulen sine prosedyrar / retningsliner for ivaretaking av elevrettane etter opplæringslova §2-8.
 - a. Informasjon om retten, foreldresamarbeid, saksgang, skjema, malar for vedtak osv.
 - b. Rutinar for kartlegging før vedtak og undervegs, og kven som har ansvaret for kartlegginga.
2. Innsending av fire enkeltvedtak (anonymiserte) etter opplæringslova § 2-8 for skuleåret 2011/2012.
3. Tal elevar ved skulen som inneverande skuleår har enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8. Er dette i samsvar med GSI per 01.10.2011?
4. Er det elevar ved skulen som inneverande skuleår får opplæring etter opplæringslova § 2-8 der det ikkje er gjort enkeltvedtak? Gje i så fall ei forklaring.

B) Dokumentasjon

I den grad det ligg føre, ber vi om at følgjande dokumentasjon (kommune/skule) vert oversendt:

Vedlegg 2 Oversyn over innsendt dokumentasjon

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå Førde kommune og Førde ungdomsskule	Dato
1	Førde kommune: Innsending av dokumentasjon i høve tilsyn med Førde kommune. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar.	19.02.2012
2	Førde kommune: Samleskjema for søknader om timar til framandspråk og morsmål i skuleåret 2011/12	
3	Førde kommune: Til Førde ungdomsskule Timar til framandspråk og morsmål skuleåret 2011-2012	
4	Førde kommune: Til Førde barneskule Timar til framandspråk og morsmål skuleåret 2011-2012	
5	Førde kommune: Søknad om timar til undervisning i morsmål og norsk framandspråk (mal)	
6	Førde kommune: Svar på søknad om timar til morsmål og norsk skuleåret 20XX/XX (mal)	
7	Førde kommune: Delegasjonsreglement	25.09.2003
8	Førde kommune: Administrativt delegasjonsreglement	23.09.2005 / 10.08.2011
9	Førde kommune: Oversikt over elevar som har fått enkeltvedtak i morsmål og norsk framandspråk 2011/2012	07.02.12
10	Førde kommune: Søknad om timar til undervisning i morsmål og norsk framandspråk (søknad frå foreldre)	05.04.2004
11	Førde kommune: Svar på søknad om timar til morsmål og norsk skuleåret 20XX/XX (svar til foreldre)	12.05.2004
12	Førde ungdomsskule: Tilsyn med Førde ungdomsskule; Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar	12.02.2012
13	Førde ungdomsskule: Søknad om timar til morsmålsundervisning (frå foreldre)	
14	Førde ungdomsskule: Tildeling av timar til morsmålsopplæring 2011-2012 (til foreldre)	
15	Førde ungdomsskule: Søknad om timar til morsmålsundervisning (frå foreldre)	
16	Førde ungdomsskule: Tildeling av timar til morsmålsopplæring 2011-2012 (til foreldre)	
17	Førde barneskule: Svar på søknad om timar til morsmål og norsk skuleåret 2011/2012 (til foreldre)	07.06.2011
18	Førde barneskule: Svar på søknad om timar til morsmål og norsk skuleåret 2011/2012 (til foreldre)	07.06.2011

Vedlegg 3 Rettslege krav

§ 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Elevar frå språklege minoritetar har etter opplæringslova § 2-8 rett til særskild språkopplæring. Innhaldet i lovparagrafen er utdjupa i Ot.prp. nr. 55 (2003-04)¹⁰:

Etter opplæringslova § 2–8 har kommunane plikt til å gi elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk nødvendig morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring inntil dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa. Elevar som fyller desse vilkåra, har rett til alle tre typar opplæring så sant det er eigna undervisningspersonale i kommunen. Kommunen må derfor tilby alle tre typar opplæring nemnde i føresegna. Når det ikkje finst eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring, tilpassa dei føresetnadene elevane har.

Målsetjinga med føresegna er å lære eleven å nytte norsk som reiskapsspråk så raskt som mogleg. Når eleven har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa, tek også rettane etter føresegna slutt.

Morsmålsopplæringa kjem i tillegg til den vanlege undervisninga og kan leggjast til ein annan skole enn den skolen eleven til vanleg går på. Tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring skal tilbydast ved skolen der eleven til vanleg går

norsk, og ei vurdering av kva slags språkopplæring som vil vere det beste for denne eleven for å kunne oppnå den beste norskdugleiken. (s.9)

Særskild norskopplæring

Elevar frå språklige minoritetar har etter opplæringslova § 2-8, rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i grunnskulen. Skuleeigar/skulen vel om den særskilde norskopplæringa skal gjevast etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar¹¹ eller i form av særskild tilpassing innanfor den ordinære læreplanen i norsk¹².

Det følgjer av premissane for den særskilde norskopplæringa at læreplanen i grunnleggjande norsk er ein overgangsplan som berre skal nyttast til elevane er i stand til å følgje opplæring etter den ordinære læreplanen i norsk. Læreplanen i grunnleggjande norsk er nivåbasert, aldersuavhengig og skal sjåast i samheng med læreplanen i norsk og i morsmål for språklege minoritetar. Opplæringa i grunnleggjande norsk skal ivareta lese- og skriveopplæringa og medverke til å utvikle elevane sitt ordforråd og omgrepsforståing i ulike fag. Før opplæringa startar, må skulen vurdere og ta standpunkt til kva nivå i læreplanen opplæringa skal ta utgangspunkt i. Samordning med lese- og skriveopplæring i morsmål og tospråkleg fagopplæring kan styrke opplæringa i grunnleggjande norsk.

Føresetnadane for at minoritetsspråklege elevar får tilpassa opplæring, er at kommunen gjennomfører ei kartlegging av elevane sine norskdugleikar før det blir fatta vedtak om rett til særskild norskopplæring. Berre på den måten vil elevane vere sikra at dei faktisk får opplæring som samsvarar med dugleikar og behov. Plikta til slik kartlegging går fram av opplæringslova § 2-8, fjerde ledd, første setning.

For at lærarane skal kunne kartleggje og følgje elevane sin norskspråklege utvikling, er det utvikla kartleggingsmateriell knytt til læreplanen i grunnleggjande norsk: "Språkkompetanse i grunnleggjande norsk". Materiellet er eit hjelpemiddel for at elevane skal få tilpassa opplæring etter det språklege nivået eleven er til ei kvar tid. Materiellet skal elles gje støtte for vedtak om overgang til ordinær opplæring, samt gi føresette innsikt i barna si utvikling av norskspråklege dugleikar.

Det følgjer av føremålet med lova at retten til særskild norskopplæring sluttar når eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den ordinære opplæringa i/på norsk. Etter opplæringslova § 2-8 fjerde ledd, andre setning, skal eleven sin norskdugleik også kartleggjast undervegs i opplæringa for å kunne vurdere om læringsmåla er nådde. Lovgjevar ynskjer på denne måten å sikre at minoritetsspråklege elevar går over til ordinær norskopplæring så snart elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk.

Det går ikkje fram av lovparagrafen kva som er tilstrekkeleg dugleik i norsk, men læreplanen

Morsmålsopplæring og/eller tospråklig fagopplæring

Etter opplæringslova § 2-8 har eleven *om nødvendig* også rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Tospråkleg fagopplæring er fagleg støtte på morsmålet i dei ulike faga. Slik opplæring skal gå føre seg ved den skulen eleven til vanlig går på, medan morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skule og kome *i tillegg* til den ordinære fag- og timefordelinga.

Læreplanen i morsmål for språklege minoritetar¹³ skal saman med læreplanen i grunnleggjande norsk fremje tilpassa opplæring i høve § 2-8 i opplæringslova. Skuleeigar/skulen vel om morsmålsopplæring etter læreplanen i morsmål for språklege minoritetar skal vere ein del av den særskilde språkopplæringa. Også læreplanen i morsmål er ein overgangsplan som berre skal nyttast til elevane kan følgje opplæringa etter den ordinære læreplanen i norsk. Hovudformålet med opplæringa er å styrke elevane sine føresetnader for å meistre det norske språket - og dermed høve til læring gjennom utvikling av grunnleggjande lese- og skrive-dugleikar, ordforråd og omgrepsforståing på morsmålet. Under punktet «Vurdering» i læreplanen står følgjande: «*Læreplanen er en nivåbasert overgangsplan som kan nyttes til elevene kan følge opplæring etter ordinær læreplan i norsk. Det gis derfor ikke vurdering med karakter.*» (s.6)

Rett til spesialundervisning

Elevar med rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 kan også ha rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Dette blir ei konkret vurdering som må gjerast i kvart enkelt tilfelle og blir såleis ikkje vurdert i dette tilsynet.

Forvaltningslova

Det følgjer av opplæringslova § 2-8, jf forvaltningslova § 2, at kommunen skal gjere enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Dette er også presisert i førearbeida¹⁴: «*Når kommunen tek stilling til kva rettar ein elev har etter opplæringslova § 2–8, er det eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.*»

Forvaltningslova¹⁵ (fvl.), regulerer korleis kommunen skal gå fram i sakshandsaminga si. Særleg gjeld dette forhold som knyter seg til enkeltvedtak.

- Kommunen må sjå til at det blir fatta skriftleg enkeltvedtak om rett til særskild språkopplæring for dei elevane som har rett til slik opplæring, jf fvl. § 23.
- Vedtaka skal grunngjevast individuell; dvs. både kvifor særskild språkopplæring blir gitt, alternativt ikkje gitt eller tek slutt (retten opphøyrer), jf fvl. § 24.
- I kommunen si grunngjeving skal det gå fram kva reglar som vedtaket byggjer på, med mindre parten kjenner realane. Med andre ord skal vedtaket vere såpass

- Føresette skal også ha høve til å uttale seg før det blir fatta vedtak, og gje samtykke til at det vert sett i verk vedtak, jf fvl. § 16. Samtykke til iverksetting av vedtak etter opplæringslova § 2-8 er ikkje ei fråskrivning av klageretten.
- Det vert ikkje kravd sakkunnig vurdering. Skulen må derimot kartleggje eleven sin språklege dugleik i norsk, og gi ei vurdering av kva slags språkopplæring som vil vere mest eigna for eleven. Manglande kartlegging vil innebere ein feil ved saksbehandlinga, jf. fvl. §§ 17 og 24.

I dette dokumenttilsynet har ein ikkje grunnlag for å undersøkje alle lovkrava knytt til opplæringslova § 2-8. Vi søker fyrst og fremst å avklare følgjande forhold:

- Blir det gjort kartlegging av elevane sine norskdugleikar før det blir fatta vedtak om særskild språkopplæring?
- Blir det gjort kartlegging undervegs i opplæringa, for å vurdere når elevane har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa?
- Blir det gjort enkeltvedtak for alle som får særskilt språkopplæring?
- Inneheld enkeltvedtaka vedtak om både særskild norskopplæring, morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og/eller anna tilpassa opplæring (jf. § 2-8, 3. ledd)?
- Er enkeltvedtaka (tildeling/avslag) grunngejevne?
- Stettar enkeltvedtaka formkrava i forvaltningslova?

Lovkrava i § 13-10, 2. ledd om forsvarleg system relatert til § 2-8

Forsvarleg system

- Etter opplæringslova § 13-10, 2. ledd skal kommunen ha et forsvarleg system for å vurdere og følgje opp praksis i forhold til lovkrava i opplæringslova.
- Førearbeida seier at kommunen står fritt til å utforme systemet ut frå sine behov, så lenge systemet kan oppfattast som forsvarleg.
- Om systemet for vurdering og resultatoppfølging er forsvarleg, er avhengig av ei konkret og heilskapleg vurdering. Systemet skal vere eigna til å førebyggje brot på lovkrav og sikre tiltak for oppfølging dersom kommunen finn at krava i opplæringslova § 2-8 ikkje blir ivaretekne.

I dette dokumenttilsynet har ein ikkje grunnlag for å undersøkje alle sider knytt til lovkravet i opplæringslova § 13-10 relatert til opplæringslova § 2-8.

Vi søker først og fremst å avklare følgjande forhold:

- Er det utarbeidd prosedyrar/ retningsliner for ivaretaking av elevrettane etter § 2-8 både for kommune-/ og skulenivå og er rutine skrifleige?

SM 22-12



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn

i

Førde kommune

Adressa til verksemda: Postboks 338, 6802 Førde
Tidsrom for tilsynet: 03.02.2012 - 05.06.2012
Kontaktperson i verksemda: Nav-leiar Magne Kjetil Berg

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for avviket som blei avdekket innanfor dei reviderte områda.

Systemrevisjonen gjaldt følgjande område: om kommunen sikrar at søknader om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn vert behandla i samsvar med lov- og forskriftskrav. Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom styringstiltak sikrar at kartlegging og vurdering av søknadene vert gjort på ein forsvarleg måte.

Fylkesmannen avdekket eitt avvik under systemrevisjonen i Førde kommune. Det blei ikkje gitt merknad.

Avvik:

Førde kommune sikrar ikkje at barn sine behov vert forsvarleg kartlagt ved søknader om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn.

Dato:

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing	3
2. Omtale av kommunen	3
3. Gjennomføring	3
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn	4
6. Regelverk	5
7. Dokumentunderlag	5
8. Deltakarar ved tilsynet	6

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Førde kommune i perioden 03.02.2012 – 05.06.2012. Revisjonen er ein del av den planlagde tilsynsverksemda hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2012, og er del av eit landsomfattande tilsyn.

Fylkesmannen har heimel til å føre tilsyn med sosiale tenester i Nav etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga § 9.

Føremålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen tek hand om ulike krav i lovgjevinga gjennom internkontroll. Revisjonen omfatta å undersøke:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgjevinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgjevinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten gjer greie for avviket som blei avdekt under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, ikkje er oppfylte.
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i medhald av lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finner grunn til å påpeke potensiale for betring.

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Førde kommune har om lag 12.000 innbyggjarar. Nav-kontoret er organisert som ein av 39 einingar i kommunen. Nav-kontoret opna våren 2008. Leiar av kontoret rapporterer til kommunalsjef som har ansvaret for til saman 11 einingar. Nav-kontoret har 22 tilsette inkludert leiar og er organisert i seks grupper.

Søknader om økonomisk stønad vert behandla og avgjort av to tilsette med sosialfagleg utdanning, og som har lang erfaring på området økonomisk stønad. Dei er organisert i "Økonomigruppa" i kontoret saman med ein gjeldsrådgjevar.

3. Gjennomføring

4. Kva tilsynet omfatta

Føremålet med tilsynet er å undersøke om kommunen gjennom styringstiltak sikrar at behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar som har forsytingsansvar for barn vert gjort i samsvar med lov- og forskriftskrav. Det er sentralt at kommunen sikrar at situasjonen til søkaren blir forsvarleg kartlagt og vurdert og at det blir gjort individuelle vurderingar av kvar søknad.

Med økonomisk stønad meiner vi *stønad til livsopphald*, jf lov om sosiale tenester i Nav § 18 og *stønad i særlege tilfelle*, jf lov om sosiale tenester i Nav § 19.

Personar som har forsytingsansvar for barn er i denne samanhengen definert slik: personar som har forsytingsansvar etter lov om barn og foreldre, og som har barna buande hjå seg fast eller som har samvær med dei.

Behandling av søknad er definert som prosessen frå og med at det ligg føre ein søknad og fram til det skal takast avgjerd om det er grunnlag for å yte økonomisk stønad og storleiken på stønaden blir vurdert. Behandling av søknad omfattar altså kartlegginga og vurderinga som vert lagt til grunn for avgjerd, og det er desse to områda som er tilsynstema.

5. Funn

Avvik:

Førde kommune sikrar ikkje at barn sine behov vert forsvarleg kartlagt ved søknader om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn.

Avvik frå følgjande krav:

Lov om sosiale tenester i Nav §§ 18 og 19, jf forvaltningslova §§ 17 og 11d og internkontrollforskrifta § 4.

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

- Mappegjennomgangen viste at det ikkje alltid blir innhenta opplysningar om spesielle utgifter til barn/samvær med barn, og det er ikkje dokumentert i saka at barn sine behov er særskilt kartlagt.
- Det kom fram i intervjuet at dei tilsette meiner dei kan bli betre på å kartlegge barn sine behov.
- Kommunen har rutinar/prosedyrar for korleis søknader om økonomisk stønad skal behandlast i dokumentet "Interne retningslinjer for ytingar etter lov om sosiale tenester i NAV for Nav Førde" men mappegjennomgangen avdekket at rutinane ikkje alltid vert nytta i praksis.
- Under intervjuet blei det formidla at kartlegging i stor grad skal skje gjennom bruk av søknadsskjema. Kommunen har eit mål om at søknadsskjema skal vere godt utfyllt i

Forvaltningslova § 17 lovfestar eit grunnleggjande forvaltningsrettsleg prinsipp om at ei sak skal vere forsvarleg opplyst ("så godt opplyst som mulig") før det blir teke avgjerd.

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for aktivt å syte for tilstrekkeleg saksopplysning. Regelen i fvl § 17 inneber at alle relevante forhold skal klarleggast før kommunen tek stilling til ein søknad. Dersom søkeren har barn eller samvær med barn har kommunen ansvar for å innhente opplysningar knytt til dette. Døme: spesielle utgifter til barn, barn sine sosiale- og helsemessige forhold, deltaking på fritidsaktivitet, utgifter til utstyr, samværsutgifter, bustad og butilhøve og liknande.

Mangelfull kartlegging, vil forplante seg vidare i saksbehandlinga, og kan føre til at søkeren ikkje får tenester som vedkommande har krav på, i rett omfang og til rett tid.

Kor omfattande kartlegging som er nødvendig og kva type informasjon som skal innhentast for at saka skal vere forsvarleg opplyst, må vurderast konkret, og vil variere frå søknad til søknad. Kommunen må også syte for å dokumentere opplysningar som blir innhenta, t.d. gjennom journalnotat frå møte/brukarsamtale, jf. forvaltningslova § 11d.

6. Regelverk

- LOV 2009-12-18 nr.131: Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- LOV 1967-02-10: Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker med forskrift til forvaltningslova
- FOR-2010-11-19-1463: Forskrift om internkontroll i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Rundskriv I-34/2001- Sosial og helsedepartementet
- Rundskriv A-2/2011 av 20.12.2011 – Statlige veiledende retningslinjer for utmåling av økonomisk stønad til livsopphold

7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå kommunen knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over då revisjonen blei førebudd:

- Organisasjonskart Førde kommune
- Organisering NAV Førde
- Samarbeidsavtale mellom Førde kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Sogn og Fjordane for NAV Førde, gjeldande frå 14.05.2008
- Administrativt delegeringsreglement, versjon 1.2 10.08.2011
- Interne retningslinjer for ytingar etter lov om sosiale tenester i NAV for NAV Førde, pr. 01.01.2012
- Opplæringsplanar – kompetansebehov for "Økonomigruppa", pr. februar 2012
- Søknadsskjema for økonomisk sosialhjelp

- Avviksrapportering/melding om forbetningsforslag og uønska/tilløp til uønska hendingar i NAV Førde

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- 33 søknader med tilhøyrande vedtak om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Tilsynsvarsel sendt 03.02.2012
- Påminning om innsending av dokumentgrunnlag sendt 07.03.2012
- Dokumentgrunnlag frå kommunen motteke 14.03.2012
- Telefonsamtale vedkommande dokumentgrunnlaget 20.03.2012
- Dagsorden sendt 26.03.2012
- Telefonsamtale vedkommande tilsynet 10.04.2012
- Førebels rapport 30.04.2012
- Kommentar til førebels rapport motteke 24.05.2012
- Endeleg rapport 05.06.2012

8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Kurt Even Andersen	kommunalsjef	x	x	
Magne Kjetil Berg	Nav-leiar	x	x	x
Gjertrud Bøe	rettleiar	x	x	x
Lill Vasstein	rettleiar	x	x	x
Åse Menes	gjeldsrådgjevar	x	x	x
Bente Vilnes Aase	Student i praksis	x		

Frå tilsynsorganet deltok:

Rådgjevar Elisabeth Lund-Iversen (revisjonsleiar)

Rådgjevar Kari Vold Olsen (revisor)

Rådgjevar Siv Bianca Kjosås (revisor)

Rådgjevar Hanne Skei Veum (observatør)

SM 23-12



Førde kommune

Styre, råd og utval
Kontrollutvalet
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
14.06.2012
21.06.2012

Saksnr
045/12
039/12

Sakshandsamar:
Magne Reidar Førde

Arkiv:
FA-M31

Arkivsaknr.:
08/105

Prosjektrekneskap for Avløpsrenseanlegg - Førde By

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.06.2012 10:15:21	Prosjektrekneskap for Avløpsrenseanlegg - Førde By	76062
25.04.2012	Prosjektrekneskap for Avløpsreinseanlegg	
08.06.2012	Vedtak i kontrollutvalet 08.06.12	

Bakgrunn for saka:

Arbeidet med planlegging og bygging av nytt reinseanlegg for Førde By, starta i 2000, med resipientundersøking i Førdefjorden, og førebuaende planarbeid.

Prosjektet har hatt ei samla råme på kr. 79 960 000, inkludert resipientundersøking i Førdefjorden.

Oversikt over vedtak:	Løyving
BY 084/97	4 120 000
BY 057/99	500 000
BY 082/04	20 000 000
BY 089/06	10 000 000
BY 021/07 - 082/07	45 340 000
Sum	79 960 000

Reinseanlegget er overlevert og driftssett, i tråd med kontrakter og avtaler om tilleggsarbeid, etter NS 8405 (2004). Noko avsluttande restarbeid pågår.

Reinseanlegget oppfyller reinsekrava i Fylkesmannen sitt utsleppsløyve, med god margin.

Saksutgreiing:

Reinseanlegget på Øyrane er eit tradisjonelt biologisk/kjemisk reinseanlegg, men også eit teknisk

Bygginga av anlegget vart gjennomført som delte, byggherrestyrte entrepriser. Dette er eit naturleg val for eit prosessanlegg av denne storleiken. Det gir byggherren betre styring og kontroll på byggeplassen, men det medfører også større økonomisk risiko.

Prosjektet vert avslutta med ein kostnad på kr. 84 800 090,-. Dette medfører eit meirforbruk i høve til budsjett, på kr. 4 840 090,-.

Overskriddinga inkluderer finanskostnader på kr. 1 272 833,- som det ikkje var avsett midlar til i prosjektbudsjettet.

Øvrig overskridding gjeld meirarbeid for byggherre og assisterande byggeleiing, i samband med endringar og tillegg til nokre entreprisar.

Drifta hittil har vist at nokre funksjonar må utbetrast, og dette vil medføre ytterlegare meirkostnader. Dette gjeld i hovudsak to tilhøve.

- Luktjerningsanlegget fungerer ikkje tilfredstillande. Saman med konsulentar og leverandørar arbeider vi med kartlegging av problemstillingar og løysingar.
- Avvik i høve til Norsk Akkreditering sine retningslinjer og krav til dokumentasjon av avløpsmengder gjennom anlegget, og krav til instrumentering, prosedyrar og dokumentasjon av prøvetaking og analyse. I anlegget er dette knytt til fysisk utforming av overløp, røyrinstallasjonar, og driftsovervakingsanlegg. Vi arbeider med å samanstillе naudsynt teknisk dokumentasjon.

Påskeppet frå Nortura utgjer ein stor del av samla avløpsmengde, og har tidvis skapt store driftsproblem for anlegget på Øyrane. Nortura har bygt nytt reinseanlegg på Reset, i tråd med utseppsløyve frå Fylkesmannen, og dette anlegget vart driftssett i februar/mars i år. Driftstilpassing av anlegget gjer at det vil ta litt tid før Nortura sitt påskepp kan dokumenterast i høve til krava som er stilte i løyvet.

Lekkasjar i deler av avløpsnettet, medfører store regnvassmengder i avløpet, i regnversperiodar. Dette gjeld i hovudsak i Steinenområdet, og utbetring av ledningsnettet vil betre driftstilhøva i reinseanlegget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektregneskapa, datert 25.04.12, for utbygging av nytt reinseanlegg for Førde by, vert godkjend med ei overskridding på kr 4 840 090,-
2. Overskriddinga vert finansiert ved låneopptak. Rådmannen får fullmakt til å avtale nærmare vilkår for låneopptaket.
3. Kostnadsoversikt for gjenstående tilleggsarbeid vert lagt fram som eiga sak, så snart den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet 14.06.2012:

Desse dokumenta vart lagt fram på møte:

- Kontrollutvalet si uttale til Bystyret

Samrøvestes vedtak

Handsaming i Bystyret 21.06.2012:
Samrøystes vedtak

BY-039/12 Vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 25.04.12, for utbygging av nytt reinseanlegg for Førde by, vert godkjend med ei overskriding på kr 4 840 090,-
2. Overskridinga vert finansiert ved låneopptak. Rådmannen får fullmakt til å avtale nærmare vilkår for låneopptaket.
3. Kostnadsoversikt for gjenstående tilleggsarbeid vert lagt fram som eiga sak, så snart den ligg føre.

Førde, den 03.05.2012

Ole John Østenstad
Rådmann

Håkon Fimland
Kommunalsjef

028/12 OVERORDNA ANALYSE– FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.09.2012	028/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Oversendingsbrev frå KRYSS-revisjon til Kontrollutvalet i Førde kommune, datert 07.09.12.
- Dokumentet «Overordnaanalyse for Førde kommune» med vedlegg, datert 07.09.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 041/11 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Førde kommune» med vedlegg, datert 07.09.2012 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS-revisjon i møtet.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OVERORDNA ANALYSE– FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast overordnaanalyse. Overordnaanalyse vert lagt fram.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller*

SEKOM-sekretariat har ein mal for plan for forvaltningsrevisjon. Malen vil bli nytta som SEKOM-sekretariat sitt forslag til "Plan for forvaltningsrevisjon". Denne vert lagt fram i neste møte. Kontrollutvalet si oppgåve vil vere å velje 3 – 5 prosjekt i dokumentet «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt, 2012 – Førde kommune», i denne omgong gjerne på eit overordna nivå, som skal leggjast inn i prioritert rekkjefølgje i planen.

Sekretariatet sine vurderingar:



Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Kontrollutvalet i Førde kommune
v/SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Dyktar ref.:
Vedtak i KU i Førde,
Bestilling Kontrollutvalet

Vår ref. :
Wf\overordnaanalyse Førde

Arkivkode :
216

Journalnr. :
106 / 2012

Dokumentdato:
7. september 2012

OVERORDNA ANALYSE, 1432 FØRDE KOMMUNE

Det vert vist til vedtak i kontrollutvalet i Førde og til bestilling av 'overordna analyse' for Førde kommune. Vi er bedt om at KRYSS Revisjon skulle ta på seg dette arbeidet og få utarbeidd ein ny overordna analyse som skal kunne nyttast som grunnlagsmateriale for utarbeiding av ei plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll/selskapskontroll i Førde kommune inneverande valperiode.

I vårt arbeid har vi innhenta oppdatert informasjon frå administrasjonen i kommunen. Vi viser i den samanheng til vårt skriv av 06.02.12 til rådmannen og til rådmannen sitt svarbrev tilbake til oss, m/vedlegg, d. 10.04.12. Her kjem rådmannen med fleire konkrete innspel på moglege kontrollområder å gjennomføre forvaltningsrevisjonar på og som han ser nytteverdi i. Vår opplisting i punkt 5.2, bakerst i analysedokumentet må sjåast i samanheng med rådmannen sine innspel. Vi kunne ha supplert vår opplisting i punkt 5.2 med innspela frå rådmannen, men har valgt å legge ved rådmannen sitt brev med vedlegg i si heilheit.

Det har vore eit omfattande kartleggingsarbeide der ein har prøvd å halde fokuset på eit overordna nivå slik forskriftene stiller krav om. Dette har vore ein vanskeleg balansegang, men det er vår oppfatning at det som følgjer i den utarbeidd dokumentasjonen og analysedokumentet

Vi vil kunne vere til stades i kontrollutvalet og/eller bystyret nå denne saka kjem til handsaming. Vi vil kunne gå gjennom arbeidet som er gjort og gje nærmare informasjon om innhaldet i det som ligg føre.

Vi sender med dette over det analysedokument som er utarbeidd frå vår side, m/vedlegg. Vi håper De er nøgde med det som ligg føre og at dette er tilstrekkeleg for Dykkar vidare arbeid.

Kopi av dette skriv, samt analysedokumentet, er oversendt rådmannen og ordføraren.

f.t. Florø, 07.09.12

Med helsing Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde



Terje Førde, Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

VEDLEGG .

Overordna analyse, d. 07.09.12

Kopi: Ordfører og rådmann i Førde



Dagleg lciar/
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27

terje.forde@kryssrevisjon.no

postmottak@kryssrevisjon.no

Bank:

3705.08.27845

Org. nr.:

987 608 064 MVA


Dykkar ref:
Bestilling Kontrollutvalet

Vår ref.:
Analys2012\Forde

Arkivkode:
216

Journalnr.:
102 / 2012

Dokumentdato:
7. sept. 2012



OVERORDNA ANALYSE
GRUNNLAGSMATERIALE FOR
PLAN FOR GJENNOMFØRING AV
FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

- 1432 FØRDE KOMMUNE -



Innhold

1	Bakgrunn.....	1
2	Føremål.....	2
3	Korleis er rulleringa av overordna analysa utført?.....	3
3.1	Modell	3
3.2	Kommunen sin verdikjede	4
3.3	Risiko	5
3.4	Identifisering av risikoområder i kommunen	6
4	Risikoområder i FØRDE kommune.....	7
4.1	Produktivitet	7
4.2	Oppfølging av vedtak	9
4.3	Økonomistyring.....	10
4.4	Måloppnåing.....	12
5	Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt	13
5.1	Kort om planen	13
	Selskapskontroll	14
	Sluttord	15
5.2	Oversikt over mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt	16-20
5.3	Oversikt over verksemder/selskap som Førde kommune er deltakar/medeigar i	21

Vedlegg:

Aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt

Oversikt frå Revisor sin *Tekniske risikovurdering* med bakgrunn i revisjonsplanen

for revisjon av Førde kommune

Rekneskapstal for Førde kommune pr. 31.12.2011, utgifter og inntekter

Hovudoversikter inntekter og utgifter 31.12.2011, m/kakediagram

Skriv frå KRYSS Revisjon til Rådmannen i Førde, d. 06.02.2012

Skriv frå Rådmannen i Førde kommune, d. 10.04.2012, vedr. svar på henvending og innspel til kontrollobjekt/
kontrollområder for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

1 Bakgrunn

Hausten 2008 utarbeidde KRYSS Revisjon ein overordna analyse for Førde kommune sitt kontrollutval. Denne vart seinare handsama av både kommunen sitt kontrollutvalet og av Førde bystyre. Dokumentet vart nytta som grunnlag for utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll. Dagens forskrifter stiller krav om rullering av analysedokumentet og at det skal vedtakast ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon for inneverande kommunevalperiode.

Kontrollutvalet v/SEKOM-sekretariat har teke opp spørsmålet om å få utarbeidd ein overordna analysen for Førde kommune, der kommunerevisjonen er beden om å gjennomføre dette arbeidet.

I forskrifter for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004, er det lagt opp til at kontrollutvalet minst ein gong i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen bør rullerast, og grunnen til dette er at kommunane stadig er under omstilling og står overfor stadig større utfordringar. Risikoområda vil såleis kunne vere under kontinuerleg endring.

Forskriftene stiller krav om at *planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt* skal byggje på ei *overordna analyse* av kommunen si verksemd ut frå vurderingar av risiko- og vesentlegheit. Oppgåva er forholdsvis ny og ansvaret for både den overordna analysa og utarbeiding av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskaps-/selskapskontroll er lagt til kommunen sine øverste tilsynsorgan; dvs. Førde bystyre og kommunen sitt kontrollutval.

Tilsynsforskrifter for kommunane sine kontrollutval og revisjon, er tiltak frå lovgjeverane for å forsterke forvaltningsrevisjonen med tanke på auka kvalitet, omfang og effektivitet i den kommunale tenesteproduksjon, og den kommunale forvaltninga generelt. Som ein del av dette er ansvaret for forvaltningsrevisjon lagt til kontrollutvalet som må bestille dei konkrete forvaltningsrevisjonstenestene, følgje opp gjennomføringa av prosjekta, og rapportere tilbake til kommunestyret/bystyret.

Ein har i dette arbeidet bygt vidare på det analysedokumentet som låg føre hausten 2008, der revisjonen sin kunnskap og innsikt om kommunane og kommuneforvaltninga er samordna kommune for kommune, samstundes som ein også har innhenta ytterlegare informasjon og kunnskap/dokumentasjon frå kommunen sin administrasjon. Ein har i dette arbeidet vore i drøftingsmøte/samtaler med kommuneleinga og rådmannen i Førde om saka. Ein har i dette arbeidet også nytta seg av informasjon via KOMmunal og STATleg RAPportering (=KOSTRA-informasjon, økonomi- og tenestedata som kommunen sjølv har rapportert inn i databasen),

og statistiske og økonomiske data og revisjonsfaglege vurderingar som kommunen sine

forskrifter at det skal gjennomførast minst eitt forvaltningsrevisjonsprosjekt i kvar kommune kvart år. I forhold til intensjonen i dei samarbeida som er etablert i høve økonomiske motiv og føresetnader, bør ein vurdere samordning kommunar imellom med tanke på *gjenbruk* og *fleirbruk* (synergieffektar i arbeidet, osv.); - dette ikkje minst med tanke på kost-/nytteeffektar og ressursbruk i høve tilsyns- og kontrollfunksjonane.

2 Føremål

Hensikta med forvaltningsrevisjon er m.a. å bidra til ei betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det blir utført forvaltningsrevisjon, vert det sett fokus på økonomi og måloppnåing i ein vid forstand. Med henvisning til Kommuneleva § 77, nr. 4, kan *forvaltningsrevisjon* definerast som "*systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger*".

Forvaltningsrevisjon fekk sin heimel ved endringar i Kommuneleva allereide den 23.09.1992, (Ny Kommunelev, med verknad frå 01.01.93), og sidan den tid har ein stadig større del av revisjonen sine ressurser blitt nytta til den type revisjonsarbeid. Ved endringar av Kommuneleva frå 01.07.2004, blei dette ytterlegare forsterka, med eit nytt *Kapittel 12, om Tilsyn og kontroll*, der det også er utarbeidd nye forskrifter for revisjon av kommunar og om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar for tilsyn og kontroll i eigen kommune. Det øverste tilsynsansvar i kommunen er sterkt påpeika i lovendingane, og dette påkviler heilt og fullt "*kommunestyret sjølv*"; - dvs. i Førde kommune: Førde bystyre (§ 76), som har kontrollutvalet (§ 77) og revisor (§§ 78 og 79) som sine verktøy for å utføre den nødvendige kontroll og det nødvendige tilsyn med både eigenforvaltninga, og selskapskontroll (§ 80) i dei verksemder der kommunen har særleg interesser eller medeigarskap.

Behovet for forvaltningsrevisjon er stort, men varierer også stort frå kommune til kommune. Mykje avhenger her også kva *appetitt kommunen sitt kontrollutval* har til dette. Ein kommune står overfor betydelege utfordringar. Sentrale myndigheiter, og også innbyggjarane, stiller stadig større krav til kvalitet. Myndighetene stiller også større krav til økonomisk effektivitet og at kommunane vert drifta kostnadseffektivt. I tillegg har ein marknaden som bidreg til auka konkurransen om kompetansen i den offentlege forvaltninga. Det er også eit faktum at det i det offentlege har vore, og framleis er, eit manglande samsvar mellom mål og ressursar.

Dette betyr at kommunen må fokusere meir på styring. Dei politiske styringsorgan og forvaltninga elles (administrasjonen i kommunen) må styre etter fleire variablar (ikkje berre økonomiske data). Dei må ha tettare rapporteringar, kvalitet i rapporteringane, ei tettare oppfølging med tiltak, og ei stramare evaluering av måloppnåinga. Det blir såleis stillt større krav til kommunalt leiarsskap og kommunalt (offentleg) eigarskap.

Identifisering og utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt er viktig slik at ressursane vert sett inn på rett område, og kommunen får prosjekt med høg nytteverdi, dvs. at forvaltningsrevisjonen gjev effektar i form av organisasjonsmessig læring og utvikling i kommunen.

Tilbakemeldingar frå kontrollutval og administrasjonen i kommunane er at denne type revisjon er interessant og nyttig.

KRYSS Revisjon ønskjer å levere forvaltningsrevisjonsprosjekt som betyr noko for kommunen, dei folkevalde, administrasjonen og innbyggjarane !

3 Korleis er rulleringa av overordna analysa utført?

3.1 Modell

Den overordna analysa har teke utgangspunkt i modellen som er presentert i figuren nedanfor (sjå neste side). Til grunn ligg ei tradisjonell verdikjedeanalyse, som vi har tilpassa den kommunale organiseringa. For å identifisere truslar kommunen står overfor, har ein nytta seg av erfaringar frå tidlegare revisjon og den kunnskap og innsikt kommunerevisor sit inne med om kommunen. Sentralt her er også informasjon frå rådmannen og tenesteeiningane. I tillegg er det lagt opp til bruk av ein del nøkkeltal frå KOSTRA-rapporteringane (økonomi- og tenestedata). KOSTRA står for KOMmunal og STATleg RAPportering, og er eit nasjonalt rapporteringssystem der alle kommunar og fylkeskommunar i landet rapporterer rekneskaps- og tenestedata til ein felles informasjonsdatabase i Staten. Analysedokumentet bygger for øvrig på moment henta frå anerkjent teori og internasjonale standardar; jamfør revisjonen sine interne arbeidsdokument i høve produksjon av årlege revisjonsplaner overfor kommunen.

Det har i tillegg vore eit godt samarbeid mellom revisor og administrasjonen der ein har utveksla kunnskap om *oppdraget Førde kommune*. Ein har også prøvd å få fram kva kommunen sitt kontrollutval har ønskjer og målsettingar om i komande år når det gjeld forvaltningsrevisjon. Revisor har i skriv av 06.02.12 til rådmannen utfordra kommuneleiinga på å kome med innspel på områder som administrasjonen ser det ønskjeleg å få undersøkt nærmare, og kanskje gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt på. Ein har hatt møte/samtale med rådmannen kring dette, med siktemål å klargjere roller og ansvar og for å få oversikt over dei styringsdokument som gjeld, samt korleis den politiske og administrative organisasjonsstruktur faktisk ser ut idag. Rådmannen si tilbakemelding i brev av 10.04.12 m/vedlegg er omfattande med fleire innspel på områder som rådmannen peiker på kan vere aktuelle kontrollområder å sjå nærmare på. Ein viser til det som er innteke i nemnde brev, som er vedlagt dette analysedokumentet.


der 'dypdykk' inn i *kommuneforvaltninga* skal gjennomførast som eigne forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Iflg. kommunelova vil den overordna målsettinga til kommunen vere *rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale ressursar og fellesinteresser*. For å nå dette målet må kommunen ha

- 👁️ *ei god måloppnåing*
- 👁️ *rett oppfølging av vedtak*
- 👁️ *god økonomisk styring* og
- 👁️ *ein optimal produktivitet*

Desse fire forholda blir vidare definert som føresetnader for å nå hovudmålet.

Nedanfor viser vi desse forholda i ein figur som viser *kommunen sin verdikjede*:



I verdikjeden blir verdiane i kommunen skapt. Ein seier ofte at verksemda/kommunen sine primæraktivitetar ligg i verdikjeda. Input (innsatsfaktorane) er til dømes tilsette, utstyr, bygningar og kapital. Aktivitetane er dei arbeidsoppgåvene som tilfører verdi til dei ulike tenestene (output).

Støttefunksjonar er funksjonar som gjer at kommunen er i stand til å utføre primærfunksjonane. Dette er styring, organisering og leing, rutinar, prosedyrer, prosessar og system, kultur/væremåte og haldningar. I tillegg må ein kommune kunne forhalde seg til rammevilkår og samfunnsmessige forhold, t.d. ytre faktorar gjevne av Staten, og krav og rettigheter frå brukarane av dei kommunale tenester (innbyggjarane i kommunen). Endringar i rammevilkår kan vere endringar i rammeoverføringar, budsjettbevilgningar, og endringar i rente-/ eller løns- og prisnivå, m.v.

I ei viss grad er det er lagt opp til bruk av KOSTRA-data for å identifisere risiko knytta til dei ulike føresetnadene. Dette blir gjort ved ei benchmarkanalyse (samanlikning) av sentrale nøkkeltal i kommunane, samanliknbare kommunar, osv. Dette er økonomi- og tenestedata som kommunane sjølve har rapportert inn til den sentrale databasen; - gjennom kvartalsvis og årlege innrapporteringar. Frå revisor si side er det nytta reint revisjonsfaglege vurderingar og skjønn i høve risiki- og vesentlegheitsvurderingar knytta til kommunen si forvaltning. Desse vurderingane er tekne inn i eit *teknisk risikovurderingsskjema* (som i seg sjølv er eit dokument unnateke offentlegheit) forbeholdt *oppdragsansvarleg revisor* (administrasjonen har ikkje innsynsrett i revisjonsplandokument), men totalkonklusjonane og prioriteringane som revisor har gjort i høve risiki- og vesentlegheitsforhold, er i ei viss grad nytta og hensynteke i det som ligg føre her. Denne er visualisert i eit kakediagram som følgjer dokumentet.

3.3 Risiko

Risikovurderingar og målsettingar heng nøye saman. Ei risikovurdering består av å identifisere relevante truslar når det gjeld oppnåing av kommunen sine målsettingar. Ein risiko i denne samanheng tyder berre at det er ei moglegheit for tap; - ikkje oppfylling av mål.

Det finst, eller bør finnast, ei rekke målsettingar i kommunen. Målsettingar kan vere kommunen sine strategiar og verdiar eller målsettingar for dei einskilde tenestene, for rekneskapsrapportering, eller generelt for å halde drifta innan lover og reglar og vedtak. Årsrapporten til Førde kommune for 2011 er eit fyldig og solid dokument som har i seg omtaler og vurderingar kring kommunen sine målformuleringar og måloppnåing i 2011.

Det er kommunen sitt interne kontrollsystem (administrative rutinar) som skal identifisere/avdekke og motverke risikoforhold. Risiko kan skuldast både eksterne og interne faktorar. Ek-

3.4 Identifisering av risikoområde i kommunen

Den overordna analysa består i å identifisere eksterne og interne faktorane som utgjer risiko for at kommunen ikkje skal nå føresetnadene. Det er eigenskapar ved dei fire støttefunksjonane som avgjer kva slags risiko det t.d. er for at kommunen ikkje har ei god økonomistyring.

Analysa er utført ved hjelp av eit forholdsvis detaljert skjema knytta til kvar av dei fire føresetnadene. Revisor sine vurderingar er vertikalt knytta til dei ulike forvaltningsområda, på tvers av organisasjonsstrukturen, og er talfesta. Om *kommunen har formulert strategiar/overordna mål for den økonomiske utviklingen inneværende år, og på lengre sikt*, er eit spørsmål som revisor stiller for å finne ut om styringa, og måten styringa skjer på, er eit risikotilhøve i seg sjølv. Som vedlegg til rådmannen si tilbakemelding i brev av 10.04.12 til revisor, ligg det ved eit eige strategidokument for det som gjeld *"IKT-strategi for SYS-kommunane for perioden 2010 – 2013"*, og i tillegg ligg det føre saksdokument og *"Eigarshipsstrategi for selskap Førde kommune eig eller er medeigar i"*. Desse er handsama av Førde bystyre 16.06.2011 – sak 028/2011. Desse dokumenta er tekne inn som referansedokument i saka. Forhold som seier noko om kva slags risiko rutinar og system utgjer i forhold til god økonomistyring, vert vurdert mot omfanget og kvaliteten på dei rutinar og kontrolltiltak som skal sikre korrekt økonomisk informasjon til rett tid.

Utfyllinga av det tekniske risikovurderingsskjemaet er gjort ved samtaler revisjonsteamet imellom (heri oppdragsansvarleg revisor), der ein også har lagt til grunn informasjonsinnhenting som ligg føre frå kommuneadministrasjonen.

Dette betyr at det i det alt vesentlege er lagt opp til ei besvaring basert på den erfaring, kunnskap og innsikt kommunen sine revisorarar har om kommunen, med supplement frå det administrasjonen har gjeve i sine tilbakemeldingar. Det må her også nemnast at sentrale kommunale dokument som årsbudsjett, årsrekneskap, årsmeldingar og plandokument, etc., er gjennomgått for innhenting av naudsynt informasjon. Risiko her blir såleis berre identifisert på eit *overordna nivå*. I bakgrunns materialet som ligg til grunn for analysa, ligg såleis også ei *revisjonsfagleg/teknisk risikovurdering* som er gjennomført av revisor i samband med utarbeiding av revisjonsplan for kommunen/oppdraget, samt dei siste års møteprotokollar frå kontrollutvalet i Førde kommune og eventuelle konkrete vedtak som politiske styringsorgan eller epesielle tiltak som administrasjonen har gjort (om det finst slike av vesentleg karakter).

I sum munnar dette ut i nokre abstrakte talstørrelsar som viser indikatorar på kva områder som bør tillegast vekt i den komande kontrollperiode. Ut frå dette, og den øvrige informasjon som ligg til grunn, har ein søkt å kome fram til ei *uprioritert liste* over kva slags område som er mest risikofylte, eller kva kontrollutvalet bør vurdere å ta med i sine prioriteringar for

4 Risikoområder i FØRDE kommune

4.1 Produktivitet

Produktivitet er forholdet mellom ressursane som kommunen set inn og tenesta/-ene som blir utført/levert. Dvs. kor mykje kommunen klarer å "produsere" ut frå dei tilgjengelege ressursane som ligg innebygt i driftseiningane sine budsjetttrammer i årlege bindande årsbudsjett.

Førde kommune var i 2004/2005 gjennom ei omfattande omorganisering med oppretting av eigne resultateiningar. Kommunen valde å gå over til *flat organisasjonsstruktur med ein såkalla 2-nivå-modell*. Ein gjekk då bort frå etatsmodellen og etablerte eit toppleiarteam, med rådmann og 4 kommunalsjefar, og eigne støttefunksjonar som økonomi-/rekneskapssjef og personalsjef, m/eigne avdelingar for 'fagutvikling og koordinering', 'IKT', servicetorget, m.fl. Det vert vist til eige oppdatert organisasjonskart for Førde kommune 2012, vedlagt.

Ved overgangen til flat organisasjonsstruktur vart det først etablert 37 sjølvstendige driftseiningar, der det utøvande ansvar vart lagt til eigne driftssjefar innafor kvar tenesteeining. Organisasjonskartet er noko endra dei siste åra. I 2012 viser det administrative organisasjonskartet at Førde kommune har 43 tenesteeiningar med rådmannen som øverste leiingsnivå. Dette nivået består av rådmannen og 4 kommunalsjefar som kvar har fagansvar. Ein av kommunalsjefane er assisterande rådmann og har eit spesielt ansvar for den overordna økonomioppfølginga i tillegg til å følgje opp dei fire stabseiningane. Dei tre andre kommunalsjefane har ansvar for skule og barnehage, pleie, helse og sosial, og for kultur og tekniske tenester. Kommunalsjefane har ein leiaravtale som nærmare avklarar ansvar og rettar.

Dei 43 driftseiningane vert kvar for seg leia av ein einingsleiar. Einingsleiaren opptrer på vegne av rådmannen og har fagansvar, budsjettansvar og personalansvar for dei tilsette i si eining. Kvar av dei rapporterer til ein av dei fire kommunalsjefane. Einingsleiarane har også signert ei leiaravtale som regulerer forholdet mellom rådmannen og einingsleiaren.

Det er lagt ned eit betydeleg arbeid med å formulere eigen visjon, strategiar og målsettingar. Slike overordna mål er ein nyttig reidskap for å analysere og effektivisere tenestene. Årsrapporten og perioderapporteringar i året har fokus på mål, måloppnåing, avvikshandtering og resultatvurderingar.

Det kan vere interessant å vurdere i kva grad måla med omorganiseringa er nådd. Dette er likevel ein kontinuerleg prosess som leiinga er bevisste på og som ein også bør ha med i vurderingane når ein skal føreta ei rullering av overordna analyse for risikiforholda i kommunen. Ein må i denne samanheng også hensynta vurderingar knytta til dei interkommunale samar-

Opprettinga av resultateiningar har ført til at oppgåver som tidlegare var ein del av stabsfunksjonen, er sett ut til einingane. Dette gjeld budsjettoppfølging, tilvising av timelister/fakturaer, og oppfølging av ulike refusjonsordningar, kontering/kodesetting, og handtering av regelverk knytt til dette. Dette tyder at relativt mange tilsette må vere oppdatert på det same regelverket. Føring av løn, registrering av inngåande fakturaer og fakturering av kommunale tenester, har tidlegare vore sentralt forankra; høvesvis på løns- og personalkontoret, og på økonomiavdelinga/rekneskapskontoret. Ansvar for oppfølging av aktuelle refusjonskrav/refusjonsordningar ligg imidlertid til den einskilde driftseining. Her ligg det utfordringar ved at merkantile oppgåver og ansvar er desentralisert i stor grad i den organisasjonsstrukturen som er etablert i kommunen idag.

Driftseiningane rapporterer forholdsvis tett inn imot toppleiinga, som igjen syr saman dette i standardrapporteringar til dei politiske styringsorgana (formannskapet og bystyret). Her er rådmannsteamet (rådmannen og kommunalsjefane) sentrale i den rapportering som skjer vidare til dei politiske styringsorgana.

Det er revisjonen si oppfatning at Førde kommune nyttar KOSTRA-tal til å evaluere eiga verksemd; - jamfør årsrapportane. Vi kjenner ikkje til at det er gjort andre, større vurderingar av effektivitet og produktivitet i Førde kommune, men det er vår oppfatning at kommuneleiinga er løpande bevisste på dette, og er i 2012 med i eit nettverk kring intern kontroll i regi av KS og KRD. Dagens organisasjonsstruktur har fungert nokre år, og det er kanskje tid for å evaluere denne. Det ligg ikkje føre konkrete planar om vesentlege endringar i organisasjonsstrukturen. KOSTRA-data innheld verdifull informasjon, og bør kunne vere eit vesentleg styringsverktøy i einkvar kommune. Dersom KOSTRA-data ikke vert nytta i tilstrekkeleg grad, kan *det* i seg sjølv utgjere ein risiko ved at kommunen går glipp av verdifull styringsinformasjon. Dette kan også påverke kommunen sine inntekter direkte, fordi KOSTRA-data til ein viss grad ligg til grunn for rammeoverføringane og styringskriteria for det kommunale inntektssystem. Nøyaktigheit i rapportering av økonomi- og tenestedata til KOSTRA-databasen er såleis særdeles viktig.

Via ordinær rekneskapsrevisjon og substanskontrollar (analytisk og bilag, m.v./finansiell revisjon) undersøker revisjonen bruk av både art og funksjon, og ikkje minst kodesetting i høve moms/momskompensasjon, for slik å bidra til at kommunen har ei mest mogleg korrekt økonomikontering/-rapportering. Revisjonsmessig har ein *lege forholdsvis tett på* administrasjonen si grunnlagshandtering og bokføring, med avviksvurderingar i høve budsjettkontroll. Revisjonen har også ei tett oppfølging av at politiske vedtak blir effektuert, og at økonomiske forhold i tilknytning til dette, blir korrekt handsama rekneskapsmessig; heri inn- og utbetaling, etc. Det vert halde eigne oppsummeringsmøte og/eller dialog gjennom brev/notat mellom revisjonen og administrasjonen i samband med avlegginga av kvart års årsrekneskap. Her deltek rådmannen/assisterande rådmann og rekneskapssjef, og evt andre involverte.

at kommunen har ei fagleg sterk leiing som framstår med tiltak og handling når utfordringar oppstår. Innbyggjaren og brukaren har krav på, og bør kunne få, ein tryggleik i høve til kva som kan forventast, og på kva grunnlag ein kan klage på ein teneste.

Dei fleste IKT-system vert "køyr" i eigen regi, og i den forrstand at Førde kommune i dag er hovudaktør i eit interkommunalt samarbeid for økonomifunksjonar og 'server-base' for fleire programvarer for 10 kommunar. Det tyder m.a. at kommunen sjølv kan ha ansvaret for oppgraderingar av systema. Generelt vil ei slik løysing kunne auke risikoen for at det kan bli brot i kontinuiteten, men vertskommunen Førde har gjennom det interkommunale samarbeidet SYS IKT fleire personar innafor IKT med god kompetanse på dette området. Deltakar-kommunane vil kunne vere sårbar i høve til tilsette med IKT-kunnskapar, men inn i 2012 er ikkje dette noko problemstilling. IKT er eit viktig område som det er satsa mykje på dei siste åra, fordi mykje av det daglege arbeidet som vert utført, fordrar at systema fungerer og inneheld rett informasjon til eikvar tid. Kommunen har utvida ressursane på IKT-sida etter at ein etablerte SYS IKT, SIS (Samarbeidskommunar i Sunnfjord) og FØYS (Felles Økonomi-system for kommunane i Ytre Sogn/Sunnfjord) og der Førde kommune er sentral part i alle samarbeida. Det ligg føre ein eigen IKT-strategi for SYS-kommunane (dokumentet vedlagt).

Det vert her vist til dei konkrete og konstruktive innspel som rådmannen har kome med i sitt skriv av 10.04.2012, der det er kome framlegg om moglege kontrollvinklingar generelt for alle fagfelt, samt eigne, meir konkrete overordna kontrollområder for fleire fagfelt, samt innspel til moglege kontrollprosjekt på dei ulike tenesteområda. Vi har valgt å legge ved rådmannen sitt skriv av 10.04.12, og viser til det som går fram der (vedlegg).

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon med produktivitet som vinkling, t.d. knytt til ressursbruk og organisering av tenester.

4.2 Oppfølging av vedtak

Førde Bystyre og andre politiske organ gjev føringar, og vedtek kva mål kommunen skal ha.

Ansvaret for å følge opp saker ligg som regel på den einskilde sakshandsamar. Storleiken på kommunen og kommunikasjonen mellom tilsette, og mellom administrasjon og politisk nivå, tilseier at risikoen knytt til dette området er akseptabel.

Einskilde vedtak som ikkje vert følgd opp til rett tid, vil som regel bli peika på av dei politiske styringsorgana. Revisjonen opplever ikkje manglande effektivering av gyldige politiske vedtak som noko problemområde i Førde kommune. Det vert i denne samanheng vist til eigen

Me den utstrakte bruk av delegasjon som finn stad innafor den organaisasjonsstrukturen som Førde kommune har etablert, meiner vi det eksisterer ein viss risiko for at vedtak ikkje blir følge opp. Det er vår vurdering at det på generellt grunnlag alltid vil kunne vere behov for å sjå nærmare på forvaltningsapparatet, og eventuelt gjennomføre forvaltningsrevisjon på dette området med ulike innfallsvinklar.

Revisjonen vil bemerke at det er gjennomført forvaltningsrevisjon på saksfeltet, med nemninga 'Oppfølging av vedtak'. Den forvaltningsrevisjonsrapporten er handsama av både kontrollutvalet og av Førde bystyre.

4.3 Økonomistyring

Økonomistyring har med styring og fordeling/oppfølging av knappe ressursar å gjere. Det er viktig at avgjerder vert bygd på rette opplysningar, dvs. at det ligg føre eit godt grunnlag for å styre dei knappe ressursane. Dette stiller krav til at det vert føreteke rapporteringar med korrekt, oppdatert økonomisk informasjon til rett tid, slik at politikaren til eikvar tid har så nøyaktig informasjon som mogleg å bygge sine vurderingar og beslutningar/vedtak på.

Dette er også viktig for administrasjonen sjølv i den løpande/daglege driftssituasjon.

Kommunen har ein fireårig økonomiplan, årsbudsjett og rapportering i høve til dette. I 2012 har den samla kommune med dei 43 sjølvstendige driftseiningane krav på seg til perodesvis (tertial-/kvartalsvis) å rapportere økonomi- og tenestedata på måla i sine planar. Det er nødvendig at administrasjonen synleggjer ressursbruken slik at dei folkevalde i neste omgang kan justere budsjettet og evt. styre på annan måte om det viser seg nødvendig. For alle styringsføremål er det viktig at rapporteringa inneheld korrekt informasjon til rett tid.

"Årshjulet" styrer mykje av budsjettprosessen og rapporteringsrutinane. Det bør vere fokus på kommunen sine sentrale styringsdokument; som bl.a. kommunen sitt delegasjonsreglement og økonomireglement og etterlevelsen av dei styringsdokumenta som gjeld.

For å styre på ein god måte, er det naudsynt å sjå budsjett og rekneskap i samanheng. I Førde kommune er budsjett og rekneskap samanliknbart på detaljert nivå. Det er revisjonen sitt inntrykk at omorganiseringa til ein 2-nivå-modell, med flat organisasjonsstruktur, har ført til ei klarare fordeling av ansvar, slik at delar av økonomistyringa totalt sett er blitt klarare og betre. Det er etter vår vurdering kanskje for tidleg å evaluere organisasjonsmodellen i dette perspektivet. Det er også vår vurdering at administrasjonen – med utgangspunkt i eit styringsperspektiv - har fokus på og vurderer organisasjonsmodellen fortløpande; jfr. dei justeringar som er gjort dei siste åra.

at det i Førde kommune i dag er stram og nøktern styring med eitkvart byggjeprojekt, der rådmannen har gjort grep for å ha kontroll på byggjeprojekta. Det må her også nemnast at Førde kommune er med i eit effektiviseringsnettverk i regi av Kommunenes Sentralforbund (KS) og Kommunaldepartementet (KRD) om rådmannen sin internkontroll. Dette har nemninga "Orden i eige hus", og det set fokus på kommunen sine rapporterings- og avvikssystem på ein god måte.

Dei sjølvstendige drifteiningar har ansvar for bl.a. ulike refusjonsordningar/refusjonskrav som gjeld eiga drift. Her ligg det utfordringar for eikvar driftseining. Frå tilsynsorgana si side kan det vere aktuelt å sjå på dei beskrivande ansvarsfordelingar og styringskriteria knytta til dette, utover det som er nedfelt i kommunen sitt økonomireglement. I dette vil inngå *rutinane kring kommunal fakturering, og kva ordningar som er etablert når det gjeld oppfølging av refusjonsordningar og produksjon av grunnlagsdata for refusjonskrav*. Rådmannen har her kome med innspel på om ein kan 'Vurdere kommunale innfordringsrutinar og måloppnåing. Praksis for fakturering av krav.'; - noko som også vart nemnt frå rådmannen si side ved rulleringa av analysedokumentet i 2008.

Momskompensasjonsregimet var nytt frå 01.01.2004 og regelverket er seinare utvida. I dag er det kvar einskild drifteining som har ansvaret for den *posteringsordre* som vert tillaga som bokføringsgrunnlag overfor økonomikontoret. I dag er det elektronisk tilvisingsordning i Førde kommune. Korrekt kodesetting i høve moms- og kompensasjonshandsaming er viktig, for dette representerer store pengebeløp for kommunen; alle einingar sett under eitt. Området er underlagt særattestasjon frå revisor si side for kvar termin (2-månaders-periode) seks gonger i året, og vil uansett inngå i revisor sitt ansvar og opp-gåve når det gjeld *finansiell revisjon*. Dette er ikkje mindre viktig etter at kommunen har gått over til scanning og elektronisk handsaming av inngåande fakturaer, med elektronisk mottak og tilvising/kontering av fakturaene.

Det er særskilte reglar for sjølvkostområda i kommunane. I hovudsak gjeld dette vatn, avløp, renovasjon, byggesak, SFO, m.fl. i dag er det krav om særskilde noteopplysningar kring dette ved kvart års årsrekneskap, og dette er noko både kommuneforvaltninga og innbyggjaren er opptekne av. Det er såleis særleg viktig å ha etterkontroll på desse områda i samband med kvart års årsrekneskap, og ikkje berre ved kvart års budsjettarbeid. Det er krav om årleg etterkalkulasjon på 'korleis gjekk det', der mogleg overskott i høve sjølvkost, skal avsettast til særskilde fond, som kun kan nyttast til driftsføremål eller inngå i prisinga til forbrukaren. Det er lagt opp rutiner kring dette i forvaltninga, der ein også set søkjelyset på fondsavsetningar og bruken av desse.

Det vil alltid kunne vere aktuelt å sjå på dette ut frå ein innfallvinkel med økonomisk styring, men også ut frå eit perspektiv som har med måloppnåing å gjere; om ein følgjer regelverket, osv. - jfr. det som er nemnt nedanfor.

skal kunne forvaltast. Rådmannen har også nemnt dette i si tilbakemelding til revisor i brev av 10.04.12. Ei undersøking her kan vere om kommunen sitt eige reglement vert etterlevd og følgd på dette feltet, og om den praksis som er etablert, er hensiktsmessig og nyttig for Førde kommune.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon knytt til økonomisk styring.

4.4 Måloppnåing

Kommunen må syte for å ha ei tilstrekkeleg sakshandsaming overfor brukarane og ha ei god oppfølging av eksterne/ interne mål. Nokre av punkta nedanfor er også omtala under *økonomistyring* ovanfor, men då med ein annan innfallsvinkel.

Kommunen har eit relativt avansert sakshandsamarsystem, der all inngåande post vert registrert av fellessekretariat. Kommunen har eige *Servicetorg*, som fungerer som ekspedisjon og hovudsentralbord. Etter at inngåande post er registrert på saker, fordeler ein sakene på 'sakshandsamar' i systemet. I praksis vert inngåande/arkivverdig post framført gjennom ei eigen rutiner for *scanning av inngåande post*. Den einskilde sakshandsamar får også *sine saker* (henvendingane) i papirform, men då gjennom utlån (utlånskort) av saksmappene frå hovudarkivet. Kvar sakshandsamar må lese og svare på sakene i sakshandsamarsystemet. Dersom det går lang tid før sakshandsamaren svarar på henvendinga, vil systemet kunne gje sakshandsamaren ei purring. Dette er ei sikring av at brukarane får svar innan rimeleg tid. Det er ikkje etablert faste tilbakemeldingsrutiner til brukaren om at sak er motteke, og kva tid den vil kunne vere ferdighandsama, eller kva tid endeleg svar vil kunne ligge føre. Forvaltningslova sine reglar om responstid/svartid skal takast høgtideleg. Dette gjeld også saker som er påklaga. Det kan vere aktuelt å sjå på rutinane knytta til sakshandsaming, responstida, m.v.

Lov om offentlege anskaffelsar er sentral for kommunen. Dette fordi konsekvensane ved å ikkje følgje regelverket kan vere store økonomisk og rettslege. Det kan såleis vere ønskeleg å sjå nærmare på dei innkjøpsavtaler som kommune er med på, og eventuelt prioritere ei undersøking av innkjøpsamarbeidet som kommunen er deltakar i.

For ein del av dei tenestene som kommunen yter, er det lovfesta at sjølvkost er ei øvre grense for gebyrfastsetting. Dette gjeld tenester som vatn og avløp, renovasjon, feing, plan- og byggesakshanssaming og kart- og delingsforretningar. Det har i seinare tid vore stor fokus i media på kommunane si fastsetting av gebyr på desse tenestene. Det er viktig at det ligg føre dokumentasjon på etterkalkulasjon, og at dette er presentert i ei form som er folkeleg forklara og

Kommunen handterer mange einskildvedtak gjennom året. Generelt er kommunane i Sogn og Fjordane for dårlege til å følge formalkrava i forvaltningslova når det gjeld denne type saks- handsaming, jfr. rapportar frå Fylkesmannen (som er å finne www.fylkesmannen.no (Sogn og Fjordane, på kommune). Kommunen avgjer mange saker som er viktige for den einskilde innbyggjar/ brukar, som t.d. skal få informasjon om adgangen til å klage på eit vedtak.

Førde kommune er med i fleire interkommunale samarbeidsprosjekt. Det nyaste her er sam- handlingsreformen som tok til å gjelde frå 01.01.2012. Her er Førde kommune med i eit interkommunalt samarbeid med 11 andre kommunar, og det er lagt fram to rapportar om det vidare arbeidet som har vore til politisk handsaming i alle kommunane. Det vil vere naturleg å evaluere dei ulike interkommunale samarbeida etter ei tid, men dette bør først få virke ei tid slik at ein ser korleis dette fungerer i praksis. Når det gjeld interkommunalt samarbeid kring samhandlingsreformen så er mykje enno i støypeskeia her. Vi viser elles til det rådmannen har skrive i sitt brev til revisor 10.04.12 vedr. utfordringar som Førde kommune står overfor i dag.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon som undersøker om sentralt/ lokalt regelverk blir følgd, og i kva grad resultatmåla som er sett, blir nådd.

5 Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

5. Kort om planen

Analysa legg opp til ei utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på risiko. Eit prosjekt blir sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. Ved ei konkret utvelging av pro- sjekt, må nytteverdien vurderast i høve til forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Det er viktig at kommuneforvaltninga og dei folkevalde ser positivt på at det vert gjennomført gode forvaltningsrevisjonsprosjekt i Førde kommune. Det er ei utfordring å velje ut dei rette prosjekta som har størst nytteverdi for kommunen. Eitkvar forvaltningsrevisjonsprosjekt bør vere med å bidra til at ein skjerpar rutineane i kommuneforvaltninga og at ein ser læreverdien i slike prosjekt. Slik sett er det viktig at prosjekta som blir gjennomført blir opplevde som relevante og nyttige.

Ved utforming av eit prosjekt må kontrollutvalet avgrense omfanget av det som skal sjåast

mande. Vi meiner lista med aktuelle område og tema for forvaltningsrevisjon kan tene som eit innspel med idèar til den konkrete planen som skal presenterast Førde bystyre. Det er det kontrollutvalet som står for. I denne samanheng viser vi også til det skriv som rådmannen har kome med, d. 10.04.12, som har i seg fleire moglege kontrollområder og konkrete innspel på moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt som kan vere aktuelle å sjå nærmare på. Dette følgjer som prenta vedlegg bak i dette dokument. Skrivet frå rådmannen tek opp i seg mange kulepunkt, og vil vere eit godt utgangspunkt for ein prioriteringsdebatt i både kontrollutvalet og i Førde bystyre.

Det er vår vurdering av dei prosjekt/tema som skal inngå i ei prioriteringsliste om forvaltningsrevisjonsprosjekt, må vere *grundige gjennomgangar med fokus på kvalitetsheving, forenkling, betring av rutinar, produktivitet/effektivitet, og meir rasjonell bruk av ressursar*. Etter kommunelova er det Førde bystyre sjølv som har det overordna ansvar for tilsyn og kontroll med eigen kommuneforvaltning (Kommunel. § 76). Kontrollutvalet og revisjonen er bystyret sine utøvande organ, og det er *kun bystyret og kontrollutvalet* som kan pålegge revisjonen, eller andre, tilsynsoppgåver eller forvaltningsrevisjonsoppgåver.

Vi vil presisere at opplistinga under pkt. 5.2 nedanfor, må sjåast i samanheng med dei oversikter som går fram av rådmannen sitt skriv av 10.04.12. Når kommunen sitt kontrollutval, og til sist Førde bystyre, skal føreta val av kontrollobjekt (tema og område, og omfang > = utvelging av konkrete forvaltningsrevisjonsprosjekt), bør ein gå inn i moglege driftsområder/tenesteområder/driftseiningar og avgrense kontrollomfanget. I den samanheng viser vi til den administrative organisasjonsmodellen for kommunen, med dei ansvarsområder som er tildelt dei ulike driftseiningane med eigne/sjølvstendige resultat-/budsjettområder.

Vi viser til dei dokumenta, som følgjer som prenta vedlegg til dette dokument.

Selskapskontroll:

Avslutningsvis vil vi peike på at denne analysa ikkje tek opp i seg vurderingar om kommunen skal gjennomføre *selskapskontroll* eller *eigarskapskontroll*. Utarbeiding av overordna analyse/forvaltningsrevisjon er eit forholdsvis nytt fagområde for kommunen sine tilsynsorgan, sjølv om det vart innført allereide i 2005. Kommunane sine kontrollutval er kjende med den samordning som er søkt etablert i høve 'fellestiltak' (felles selskapskontroll for aktuelle eigar/deltakarkommunar).

Førde kommune har vedteke ein eigen eigarskapsstrategi for selskap som Førde kommune er eigar eller medeigar i. Dette dokumentet vart vedteke av Førde bystyre i møte den 16.06.2011, sak 018/2011, og har nemninga "*Førde kommune som eigar i selskap*". Dokumentet vert inn-

Under pkt. 5.2b vedlagt denne rapport, har vi lista opp dei eigarinteresser Førde kommune har medio 2012. Vi viser her også til den opplisting som rådmannen har med i sitt skriv av 10.04.2012 til revisor, side 3. Lista er ikkje uttømmende, men er delvis innhenta frå administrasjonen og frå Førde kommune si oversikt ('note') i årsrekneskapen/årsrapport for Førde kommune for 2011.

Sluttord:

Utarbeidinga av overordna analyse første gong (hausten 2005) var eit omfattande arbeid som byggjer på ei rekke dokument som er styrande for kommuneforvaltinga, samstundes som ein også har teke omsyn til erfaringsbasen som tilsynsorgana i kommunen innehar, og som er bygt opp over fleire år. Ved rulleringa av analysedokumentet både i 2008 og no i 2012, har ein bygt vidare på det materialet som låg til grunn for analysedokumentet tidlegare, samstundes som ein har teke omsyn til oppdatert talmateriale, nøkkeltal, årsrapportar, perioderapportar, gjennomførte revisjonar og forvaltningsrevisjonar, samt endringar i organisasjon og leiding i kommunen.

Det er vår vurdering at det som ligg føre i dette dokument skal kunne vere tilstrekkeleg som eit bakgrunnsmateriale som kan nyttast som grunnlag for vurderingar og prioriteringar i utarbeidinga av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar og kva eventuelle selskap som skal underleggast tilsyn og kontroll frå dei kommunale tilsynsorgana si side i inneverande kommunevalperiode.

Førde, 07.09.12

Kommunerevisjonen

Te Sygna og Sunnfjord

Postboks 427, 6801 Førde


Terje Førde

Blaslog leiar/Revisjonssjef

Kari Sygna,
Kommunerevisor I

Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Mål	Nytteverdi	Risikoområde
<p>at vil kunne omfatte alle kommunane som samarbeider med kommunen.</p> <p>Arbeidet om rammeavtalene er inngått i ned lov. Det vil bli kontrollert om kommunen kjøper inn utanom rammeavtalene.</p>	<p>Bidra til at kommunen sine innkjøp skjer i samsvar med lova, slik at dei unngår å bli erstatningspliktige.</p> <p>Prosjektet vil medvirke til at kommunen kjøper inn på ein formålstunleg måte</p>	Måloppnåing
<p>og av om all kunst er registrert og sikra/å ein god måte.</p> <p>av korleis kunsten er utplassert/ lagra for i kva grad ålmenta har glede av kunsten.</p>	<p>Bidra til å sikre at kommunen sine kunstverdiar er sikra på ein betryggande måte.</p> <p>Bidra til at kunst er plassert slik at ålmenta har mest mogleg nytte/ glede av kunsten.</p>	Måloppnåing
<p>av KOSTRA-data for å finne betydningsfulle. Kva slags avvik inneheld verdifulle og kva for avvik har bakgrunn i å verke feil?</p> <p>analyse kan medføre at åpenbare flaske-erkapasitet blir identifisert. Dette er informasjon for at kommunen skal kunne bruke ressursbruk i høve til kva slags oppgaver som skal løysast.</p>	<p>Bidra til meir bruk av KOSTRA- data både i administrasjonen og på politisk nivå.</p> <p>Bidra til å kartlegge korleis ressursar brukast for å løyse oppgaver.</p>	Produktivitet/ økonomistyring

Kontor/regionskontor for kommunane:

list, Naustdal, Gaular
 kommune, Hafslovdalen 21, 6800 Førde
 487, 6801 Førde. Tlf: 57 82 48 01
 postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Sollund
 Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
 Tlf: 57 78 85 47
 E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

<p>gang av kommunen sine berekningar for å sikre at gebyr som vert brukarane er korrekte.</p>	<p>Bidra til at brukarane betalar ein korrekt pris for tenestene.</p> <p>Kvalitetssikring av egne berekningar for administrasjonen. Synleggjering av evt. subsidiering av tenestene.</p>	<p>Produktivitet</p>
<p>blert eit eige interkommunalt selskap for å handtere lovpålagt til avfallshandtering.</p> <p>: vil ta opp sentrale problemstillingar ommunane og selskapet. Dette vil kunne illesprosjekt for alle kommunane som eig</p>	<p>Bidra til ei klarare oppgåve- og ansvarsfordeling mellom kommunane og selskapet.</p>	<p>Måloppnåing</p>
<p>eit samarbeid som er vedteke og har tid. Kva av målsettingane som låg til innfridde ?</p>	<p>Samarbeid mellom kommunar har vore eit svært aktuelt tema den siste tida. Evaluering av eit samarbeid kan gje kommunen viktige erfaringar.</p>	<p>Måloppnåing / Produktivitet</p>
<p>ga i SIS, FØYS, PPT, SYS IKL, I, Samhandlingsreforma, andre ?</p> <p>eringa til politisk nivå tilstrekteleg mot konkrete mål ? Kva krav set a ? Er politikaren si forventning klart derfor administrasjonen ?</p>	<p>Bidra til klarare politisk kravsspesifisering og tydeliggjering av ansvar for rapportering i einsskildsaker.</p> <p>Bidra til at politikaren set klarare krav til administrasjonen</p> <p>Kan bidra til ein ryddigare diskusjon</p>	<p>Måloppnåing</p>

	mellom politisk og administrativt nivå.	
lei budsjettprossar og styringsverktøy bruk for fordeling av midlar i kommunen. om det finst andre måtar å fordele idlane på.	Bidra til at kommune har ein budsjettprosess som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy.	Økonomistyring
re eit utval av saker (evt. henvendelsar med omsyn til om formalitetsbestem- lirlr følgde (svar innan rimeleg, tid, samning, lovanvendelse, osv.) re oppfølging av vedtak. Fokuserer på stemmer, ansvarsdeling og andre etablerte tak bidreg til tidsriktig og korrekt ig av vedtak.	Bidra til å sikre ei korrekt sakshandsaming for den einskilde innbyggjar.	Måloppnåing
v KOSTRA-data for å finne vesentlege ra avvik inneheld verdifull informasjon r sin bakgrunn i systematiske feil ?	Bidra til at administrasjonen får på plass rutiner som sikrar ei korrekt oppfølging av vedtak til rett tid.	Oppfølging av vedtak.
	Bidra til meir bruk av KOSTRA både i administrasjonen og på politisk nivå. Synleggjere nytten av KOSTRA-data til politisk styring og bidra med råd til korleis politikaren kan analysere tala. Bidra til å kartlegge korleis ressursar blir brukt for å løyse oppgåver. Kva er årsaka til høge/låge utgifter ? - Medveten politisk prioritering ? - Feilføringar ? - Kostnadskrevjande drift ?	Måloppnåing/ Produktivitet/ Økonomistyring


Sannsynlegheit for at utviklinga i sjukefråværet vore dei siste	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei stabil legedekning.	Måloppnåing
<p>nga og stabiliteten i legedekninga ?</p> <p>ar utviklinga i sjukefråværet vore dei siste</p> <p>bare forhold forklarar utviklinga ?</p>	<p>Bidra til å kartlegge kva faktorar som påverkar nivået på sjukefråværet.</p>	<p>Produktivitet</p>
<p>sjukefråværet vesentleg internt i kommunen, og kva er eventuelt grunnen til dette ?</p> <p>sjer pengestraumane inn/ut av kommunen ?</p> <p>er etablert i eigenbetalinga</p> <p>armehegebetalning</p> <p>imehjelpsbetalinga</p> <p>ansjonærbetalinga</p> <p>ommunale avgifter</p> <p>gedomsskattar</p> <p>kniske avgifter, gebyr, m.v.</p> <p>ppgjer av tomtesalg, skjøte, m.v.</p>	<p>Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet.</p>	<p>Økonomistyring</p> <p>Intern kvalitetsstyring</p> <p>Hindre mislegheiter og irregulære forhold</p> <p>Klargjering av ansvarsforhold og myndigheit på ulike nivå i organisasjonen</p>
<p>er etablert i fakturaflyten (innkjøp) ?</p> <p>sisjon av varer og tenester</p> <p>utlege anskaffelsar, regelverket følgd)</p> <p>akter</p> <p>har myndigheit til kva</p> <p>asjonsfullmakter/tilvisingsfullmakter</p> <p>aturprøver, ajourhold)</p> <p>reglement / Delegasjonsreglement</p> <p>reglementa følgde ?</p> <p>struksar /Stillingsinstrukar – fins det ?</p> <p>ling, beskriving/dokumentasjon av</p>		

<p>ing, m.v. – Finst dette dokumentert ?</p> <p>ngsheimlar som er vedtekne ngsplanar), og i kva grad desse vert av variabelar, personar på timelister nsar isjonar av ekstrahjelp</p>	<p>Bidra til optimalisering av personal- ressursane. Bidra til riktig nivå på tenesteproduksjonen</p>	<p>Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing</p>
<p>ere 'kost-nyttie' på IT- og IKT- igsområdet.</p>	<p>Bidra til riktig nivå på tenesteproduksjonen og IT-investeringane</p>	<p>Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing</p>

Risikovurdering områdeinndeling FØRDE KOMMUNE 2012

Teknisk risikovurdering Førde

⊗ Lønsområdet ⊗ Innkjøp ⊗ Overføringer ⊗ Anleggsmidler \ Salgsområdet
⊖ Finansområdet ⊖ Likvidområdet ⊕ Finansrådet ⊕ IKT / EDB




Øversikt 2011 Førde kommune

35424
82350
152464
241114
23638
2533
263255
22509
133
10744
381

INNETEKTER Førde kommune 2011

- | | | |
|-------------------|-------------------------------|-----------------------|
| Brukarbetaling | ↖ Salgs/leigeinntekter | ⊞ Overføringer |
| ♦♦ Rammetilskot | ▣ Andre statlege overføringer | ▣ Andre overføringer |
| ⌘ Skatteinntekter | ◆ Eigeidomsrett | □ Div andre inntekter |
| ⌘ Renteinntekter | □ Avdrag på utlån | |





Øversikt 2011 Førde kommune

542591
113018
44417
70752
61408
233
2488
155087

UTGIFTER 2011 Førde kommune

- ☞ Lønsutgifter
- ☞ Overføringer
- ☐ Fordeelte utgifter
- ☞ Innkjøp komm tenesteprod
- ☞ Renter og avdrag
- ☐ Investeringar
- ☞ Innkjøp erst komm tenesteopro
- ☐ Utlån



4.5 Økonomisk oversikt - Drift 2011

Linjenr.	Betegnelse	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rekneskap 2011
LN03	Brukarbetalingar	-35 097 036	-34 702 300	-35 423 580
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	-79 751 046	-77 798 382	-82 350 388
LN05	Overføringar med krav til motytingar	-177 074 874	-92 685 531	-152 464 423
LN06	Rammetilskot frå staten	-112 682 140	-245 352 000	-241 113 640
LN07	Andre statlege overføringar	-57 130 892	-19 640 000	-23 637 816
LN08	Andre overføringar	-3 275 296	-2 916 000	-2 533 323
LN09	Skatt på inntekt og formue	-270 649 461	-255 455 000	-263 255 499
LN10	Eigedomsskatt	-22 023 616	-22 600 000	-22 509 342
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	-132 755	0	-132 755
LN12	B-SUM DRIFTSINTEKTER	-757 807 116	-751 149 213	-773 420 765
LN14	Lønsutgifter	400 160 974	402 909 525	432 641 062
LN15	Sosiale utgifter	99 848 929	112 619 798	109 950 077
LN16	Kjøp som inngår i kommunal prod.	105 547 192	96 826 896	113 018 199
LN17	Kjøp som erstattar kommunal prod.	37 917 169	33 662 270	44 416 663
LN18	Overføringar	64 552 518	62 799 502	70 752 193
LN19	Avskrivningar	38 701 892	43 181 073	43 176 276
LN20	Fordelte utgifter	-1 000 178	-969 200	-2 488 237
LN21	C-SUM DRIFTSUTGIFTER	745 728 496	751 029 864	811 466 987
LN22	D-BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	-12 088 620	-110 349	-119 516 534
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-21 405 609	-20 200 000	-10 743 517
LN26	Mottekne avdrag på lån	-323 899	-100 000	-380 920
LN27	E-SUM REKSTERNE FINANSINTEKTER	-21 729 508	-20 300 000	-111 124 437
LN29	Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	22 955 216	32 593 000	29 900 462
LN30	Avdragsutgifter	28 476 010	31 380 000	31 507 515
LN31	Utlån	273 190	200 000	232 811
LN32	F-SUM REKSTERNE FINANSUTGIFTER	51 704 416	64 173 000	61 640 787
LN34	G-RESULTAT EKST. FINANS. TRANS. (E-F)	-29 974 908	-43 876 000	-50 516 950
LN35	Motpost avskrivningar	-38 701 892	-42 946 073	-43 176 276
LN36	H-NETTO DRIFTSRESULTAT	-70 815 604	-80 578	-161 1460
LN38	Bruk av tidl. års rekn.messige mindreforbr.	-32 884 156	-12 680 858	-12 680 858
LN39	Bruk av disposisjonsfond	-2 461 153	-5 000 000	-3 777 039
LN40	Bruk av bundne fond	-5 648 116	-3 359 878	-8 032 182
LN42	I-SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-40 993 425	-21 040 736	-24 490 079

4.2 Rekneskapsskjema 1A – Driftsrekneskapen

linjenr.	tekst	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rev. Budsjett 2011	Rekneskap 2011
LN01	Skatt på inntekt og formue	-270 649 461	-251 518 000	-255 455 000	-263 255 499
LN02	Ordinært rammetilskot	-112 682 140	-245 352 000	-245 352 000	-241 113 640
LN03	Skatt på eigeendom	-22 023 615	-22 600 000	-22 600 000	-22 509 342
LN04	Andre direkte eller indirekte skattar	-132 755	0	0	-132 755
LN05	Andre generelle statstilskot	-57 130 892	-13 930 600	-19 640 000	-23 637 816
LN06	Sum frie disponibele inntekter	462 613 863	539 200 600	543 047 000	550 649 052
LN07	Renteinntekter og utbytte	-21 405 608	-20 200 000	-20 200 000	-10 743 517
LN08	Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	22 955 216	32 568 000	32 593 000	29 900 462
LN09	Avdrag på lån	28 476 010	31 280 000	31 380 000	31 507 515
LN10	Nettofinansinntekter/utgifter	30 025 618	43 648 000	43 773 000	50 664 459
LN12	Til ubundne avsetningar	34 200 593	0	12 680 858	4 178 619
LN13	Til bundne avsetningar	6 954 794	1 842 900	7 552 300	9 475 550
LN14	Bruk av tidl. å. rekn.m. mindreforbr	-32 884 156	-3 500 000	-12 680 858	-12 680 858
LN15	Bruk av ubundne avsetningar	-2 461 153	-1 000 000	-5 000 000	-3 777 039
LN16	Bruk av bundne avsetningar	-5 648 116	-3 359 878	-3 359 878	-8 032 182
LN17	Nettoavsetningar	16 1962	6 016 978	2 807 574	10 895 910
LN18	Overført til investeringsbudsjettet	7 017 329	0	0	15 450 370
LN19	Til fordeling drift	-425 413 954	-495 769 578	-500 081 578	-495 370 133
LN20	Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	411 777 643	495 769 578	500 081 578	495 370 133
LN21	Rekneskapsmessige mer/mindreforbr	18 626 311	0	0	0

Rekneskapen for SYS IKT vert ført som eige ansvar 120 i Førde kommune sin rekneskap og inngår derfor i rekneskapsskjemaet.

4.3 Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen

Linje nr	Telest	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rev. budsjett 2011	Rekneskap 2011
LN01	Investeringar i anleggsmidler	189 457 066	30 390 000	91 254 245	155 080
LN02	Utlån og forskotteringar	13 865 290	0	0	26 330
LN03	Avdrag på lån	17 410 546	0	0	1 910
LN04	Avsetningar	29 707 218	0	6 853 179	28 730
LN05	Årets finansieringsbehov	250 440 120	30 390 000	98 107 424	212 107
LN07	Bruk av lånemidler	-200 990 333	-24 508 800	-55 653 635	-129 920
LN08	Inntekter frå sal av anleggsmidler	-1 295 644	0	0	-9 030
LN09	Tilskot til investeringar	-8 490 548	-3 000 000	-27 423 000	-11 800
LN10	Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-14 607 420	0	-2 513 266	-20 050
LN11	Andre inntekter	-418 604	0	0	-1 510
LN12	Sum reksterfinansiering	-25 802 549	-27 508 800	-85 589 901	-106 930
LN13	Overført frå driftsbudsjettet	-7 017 329	-2 881 200	-8 754 286	-15 450
LN14	Bruk av avsetningar	-10 767 062	0	-3 763 237	-22 250
LN15	Sum finansiering	-243 586 940	-30 390 000	-98 107 424	-202 620
LN16	Udekket disponering	6 853 180	0	0	8 020

Rekneskapen for SYS IKT vert ført som eige ansvar 120 i Førde kommune sin rekneskap og inngår derfor i rekneskapsskjemaet.

4.6 Økonomisk oversikt - Investering 2011

Linjenr.	Tekst	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rekneskap 2011
LN03	Sal av driftsmidler og fast eiendom	-1 295 644	0	-1 266 145
LN04	Andre salsinntekter	-50 353	0	-1 235 200
LN05	Overføringer med krav til motyting	-6 614 842	-676 400	-9 675 261
LN06	Statlege overføringer	-6 293 314	-16 055 000	-1 354 306
LN07	Andre overføringer	-2 197 234	-11 368 000	-10 451 413
LN08	Renteinntekter og utbytte	-368 251	0	-281 678
LN09	SUM INNTEKTER	16 819 638	28 099 400	27 264 003
LN11	Lønsutgifter	195 271	2 112 000	298 016
LN12	Sosiale utgifter	46 684	183 000	84 645
LN13	Kjøp som inngår i kommunal prod.	166 672 485	76 135 113	129 399 012
LN14	Kjøp som erstatter kommunal prod.	611 200	0	1 289 282
LN15	Overføringer	19 030 199	11 322 600	21 474 427
LN16	Renteutgifter og omkostninger	1 440 774	1 501 532	1 506 869
LN17	Fordeelte utgifter	480 000	0	0
LN18	SUM UTGIFTER	188 478 613	91 254 245	154 052 252
LN20	Avdragsutgifter	17 410 546	0	1 911 068
LN21	Utlån	13 865 290	0	26 339 340
LN22	Kjøp av aksjar og andelar	980 453	0	1 034 871
LN23	Dekking av tidl. års udekk	26 164 674	6 853 179	6 853 180
LN24	Avsetn. til ubundne inv.fond	1 168 107	0	200 000
LN25	Avsetn. til bundne fond	2 374 437	0	21 681 402
LN27	SUM FINANS/TRANS	61 963 507	6 853 179	4 580 986
LN28	Ø FINANS/BEHOV (M/ML)	233 620 482	70 008 024	2137 808 109
LN30	Bruk av lån	-200 990 333	-55 653 635	-129 923 077
LN31	Mottekne avdrag på utlån	-7 992 578	-1 836 866	-10 376 012
LN32	Sal av aksjar og andelar	0	0	-1 772 466
LN33	Bruk av tidl. års udisponert	0	-955 453	-955 453
LN34	Overføringer frå driftsrekn.	-7 017 329	-8 754 286	-15 450 370
LN35	Bruk av disposisjonsfond	-1 187 039	0	-12 057 215
LN36	Bruk av ubundne inv.fond	-408 467	-200 000	-2 253 701
LN37	Bruk av bundne fond	-9 171 557	-2 607 784	-6 992 000
LN39	SUM FINANSIERING	-276 767 303	-70 008 024	-179 730 299
LN40	S UDEKK/UDISP (O/R)	6 853 179	70 008 024	3 027 316

Rekneskapen for SYS IKT vert ført som eige ansvar 120 i Førde kommune sin rekneskap og inngår derfor i hovudoversikta.

4.7 Driftsrekneskapen pr. ansvar 2011

Ansvar	Tekst	Rekneskap 2011	Rev. Budsjett 2011	Avvik
100	Rådmann	51 139 528	47 867 287	3 272 241
110	Administrasjonseininga	12 678 055	13 191 082	-513 027
130	Rekneskap-skatt	6 671 180	7 321 727	-650 547
140	Fagutvikling og koordinering	14 052 899	15 450 530	-1 397 631
210	Førde barneskule	15 712 466	15 622 636	89 830
211	Halbrend skule	27 931 092	27 491 463	439 629
212	Karstad skule	4 609 460	4 635 294	-25 834
213	Sunde oppvekstsenter	8 845 622	9 030 872	-185 250
214	Holsen skule	5 881 388	6 326 557	-445 169
215	Frøysland skule	1 696 659	1 798 627	-101 968
216	Angedalen skule	3 504 760	3 722 865	-218 105
217	Slåtten skule	22 219 114	21 821 903	397 211
218	Flatene skule	15 274 023	15 388 562	-114 539
219	Førde ungdomsskule	22 650 355	23 202 775	-552 420
230	Førde Norsksenter	6 576 082	6 973 351	-397 269
250	Kulturskulen	3 500 579	3 626 254	-125 675
260	PPT	5 202 321	5 563 235	-360 914
270	Slåttebakkane barnehage	4 383 514	4 238 237	145 277
271	Halbrend barnehage	6 140 276	6 599 496	-459 220
272	Vie barnehage	9 021 198	9 192 045	-170 847
273	Sunde barnehage	4 854 065	5 167 022	-312 957
274	Solsida barnehage	8 201 531	8 829 465	-627 934
275	Førde familiebarnehage	5 830 811	5 655 484	175 327
276	Vieåsen barnehage	7 392 904	7 421 180	-28 276
277	Tusenfryd barnehage	8 029 680	8 231 291	-201 611
278	Hatlehaugen barnehage	4 876 478	5 592 362	-715 884
279	Ytre Hafstad barnehage	6 117 643	5 996 469	121 174
310	Helse og barn	27 841 267	26 530 183	1 311 084
314	Kronborg ressurshage	9 867 838	9 897 631	-29 793
315	Bu- og miljøtenesta	25 596 611	25 230 185	366 426
320	Legesenter og rehab	14 688 572	14 719 912	-31 340
340	Psykiatritenesta	7 620 880	7 754 355	-133 475
355	NAV	15 991 182	18 995 583	-3 004 401
372	Heimetenester	42 371 085	42 491 290	-120 205
373	Kjøkkentenesta	6 392 447	6 598 139	-205 692
374	Helsetunet, skjerm eining	10 617 843	10 656 629	-38 786
375	Helsetunet, eining 2	17 990 804	16 105 289	1 885 515
376	Helsetunet, eining 3	20 123 255	18 558 068	1 565 187
500	Kultur	6 567 594	6 604 170	-36 576
610	Byggesak og arealforvaltning	5 018 337	6 311 387	-1 293 050

4.4 Balanserekneskapen 2011

Linjenr.	Tekst	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011
LN01	A. Anleggsmidler	1 823 202 360	1 949 923 654
LN02 Faste eiendomar og anlegg	1 146 959 007	1 249 383 864
LN03 Utstyr, maskiner og transportmidlar	31 234 245	35 599 714
LN04 Utlån	48 179 464	63 918 137
LN05 Aksjar og andelar	57 134 202	58 214 143
LN051 Pensjonsmidlar	539 695 442	542 807 796
LN06	B. Omløpsmidlar	318 652 349	340 141 732
LN07 Kortsiktige fordringar	41 720 770	66 148 017
LN071 Premieavvik	20 687 934	22 863 078
LN10 Obligasjonar	125 979 620	123 526 152
LN11 Kasse, postgiro, bankinnskot	130 264 025	127 604 485
LN12	SUM EIGEDELER (A+B)	2 141 854 709	2 290 065 387
LN13	C. Egenkapital	-535 285 447	-438 372 367
LN14 Disposisjonsfond	-59 176 986	-47 521 352
LN15 Bundne driftsfond	-44 416 297	-44 943 867
LN16 Ubundne investeringsfond	-59 032 112	-56 978 411
LN17 Bundne investeringsfond	-16 606 571	-32 211 771
LN171 Endring i regnskapsprinsipp som påvir. AK dri	-176 735	-176 735
LN 18 Regnskapsmessig mindreforbruk	-13 636 311	
LN192 Udekka i investeringsrekneskap	6 853 180	8 027 816
LN21 Kapitalkonto	-349 093 615	-264 568 048
LN219	D. Gjeld	-1 606 569 262	-1 851 693 019
LN22	Langsiktig gjeld	-1 514 867 444	-1 723 902 698
LN221 Pensjonsforpliktingar	-600 828 012	-710 970 162
LN25 Andre lån	-914 039 432	-1 012 932 536
LN26	Kortsiktig gjeld	-91 701 816	-127 790 321
LN28 Anna kortsiktig gjeld	-85 678 470	-118 766 573
LN281 Premieavvik	-6 023 346	-9 023 748
LN29	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C+D)	-2 141 854 709	-2 290 065 387
LN30	E. Memoriakonto		0
LN31 Ubrukte lånemidlar	40 825 864	39 253 817
LN33 Motkonto for memoriakontiane	-40 825 864	-39 253 817

Rekneskapen for SYS IKT vert ført som eige ansvar 120 i Førde kommune sin rekneskap og inngår derfor i balanseoversikta.



Førde kommune
Rådmannen

Kryss-revisjon
Hafstadvegen 21
6800 FØRDE

12.02.2012
Ole John Østenstad
Førde Rådmannen
Dato: 16.04.12 Off:
Sak nr: 070/2012 Regnr:
Arkiv: 216
Avfreds: 1432
Til: Rådmannen 177

Dykkar referanse:
12.02.2012

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad
Tlf. 57722002

Vår referanse:
08/1636-8-OJØ-216

Dato:
10.04.2012

Tinging frå kontrollutvalet i Førde - overordna analyse - Førde kommune 2012

Eg viser til brev av 06.02.2012.

Organisasjonskart for den politiske og administrative strukturen følger vedlagt.

Dei fleste **sentrale styringsdokumenta** til Førde kommune er publisert i kommunen sitt intranett «Innsida» og på heimesida til Førde kommune. Eg nøyer meg derfor i denne omgangen med å liste opp det som eg ser på som dei viktigaste styringsdokumenta på overordna nivå:

- Politisk delegeringsreglement
- Administrativt delegeringsreglement
- Innkjøpsreglement
- Økonomireglement
- Økonomihandbok
- Finansreglement
- Etikkreglement
- Personalhandboka
- Internkontroll/HMS
- Reglement for dei politiske utvala i Førde kommune
- Arkivplan
- Krise- og beredskapsplan
- Årsbudsjettet
- Økonomiplanen
- Handlingsplanen

Førde kommune er organisert som ein to-nivå-kommune med rådmannen som øverste leiingsnivå. Dette nivået består av rådmannen og 4 kommunalsjefar som kvar har fagansvar. Ein av kommunalsjefane er assisterande rådmann og har eit spesielt ansvar for den overordna økonomioppfølgjnga i tillegg til å følge opp dei fire stabseiningane. Dei tre andre kommunalsjefane har ansvar for skule og barnhage, pleie, helse og sosial, og for kultur og tekniske tenester. Kommunalsjefane har ein leiaravtale som nærmare avklarar ansvar og rettar.

Førde kommune har for tida 43 einingar som kvar vert leia av ein einingsleiar. Einingsleiarane opptrer på vegne av rådmannen og har fag-, budsjett- og personalansvar for dei tilsette i si eining. Kvar av dei rapporterer til ein av dei fire kommunalsjefane. Einingsleiarane har også signert ei leiaravtale som regulerer forholdet mellom rådmannen og einingsleiarane.

IKT. Oversikt over programsystem som vert brukt av Førde kommune og dei andre kommunane i SYS-IKT går fram av vedlagte strategiplan for SYS-IKT. Som det går fram av handlingsplanen, er det berre eit fåtall av programsystema som i dag er integrert mot økonomisystemet, med samstundes er dette eit av dei viktigaste måla for samarbeidet. M.a. vert det no arbeidd med å kjøpe inn eit arbeidstidsplanleggingssystem der turnus, variabel løn, fråvær, permisjonar og liknande skal ha ei tett integrering mot økonomisystemet. Dei program som i dag har integrasjon er:

- KOMTEK (program for kommunale gebyr)
- Extens (program for skule- og barnehageadministrasjon)

Rapportering og avvikshandtering.

Den økonomiske rapporteringa er basert på tertialvise rapporteringar til Bystyret. I tillegg utarbeider rådmannen månadleg økonomirapportar for driftsrekneskapen (bygd på rapportar frå einingsleiarane) til formannskapet. Dei månadlege rapportane vert handsama som orienteringssaker i Formannskapet. I tillegg til driftsrekneskapen vert det også rapportert om utviklinga av dei plasserte midlane samt sjukefråværet.

Fire gongar i året har rådmannen møte med alle prosjektleiarane for ulike bygge- og anleggsprosjekt samt kommunalsjefane og rekneskapskontoret. På bakgrunn av desse møta vert det utarbeidd ein rapport over alle bygge- og anleggsprosjekta som vert sendt Formannskapet som meldingssak.

Budsjettoppfølging er elles ein del av leiaravtalen, og vert spesielt gjennomgått når rådmannen/kommunalsjefane har samtale med einingsleiarane i forkant av lønsforhandlingane for leiarane kvar vår.

Det er i tillegg også etablert rapportering og avvikssystem i høve HMS og på ulike fagspesifikke område. Førde kommune er ein av 24 kommunar som er med i

kommune hatt sine eigen prosessar der det er utarbeidd eit forslag til korleis Førde kommune skal møte samhandlingsreforma. Desse framlegga vart handsama av Bystyret i møte 29. mars 2012.

Utfordringane kan summerast opp til at kommunen må vere flink til å redusere innleggingane på sjukehusa mest mogeleg samtidig som kommunen må ha kapasitet til å ta i mot ferdighandsama pasientar med det same dei er erklært ferdig handsama av sjukehuset. Det er på denne måten at kommunen kan frigjere midlar slik at arbeidet med det førebyggjande arbeidet kan intensiverast.

Førde har også mange andre utfordringar som må finne si løysing i nær framtid. Ny kommunedelplan for trafikk og evt. bompengefinansiering av nye vegar i Førde, er ein av desse utfordringane. Førde kommune skal også rullere arealdelen til Kommuneplanen.

Førde har også utfordringar knytt til å løyse retten til barnehageplassar, spesialpedagogiske tiltak i skule og barnhage, og arbeidet med førebyggjande folkehelse.

På det økonomiske området vil dei store utfordringane vere å få effektuert vedtaket om å redusere driftsnivået med 24 mill kr samt å få kontroll med det høge gjeldsnivået.

Eigarskap

Bystyret har handsama eigarstrategi for dei selskapa Førde kommune eig eller er medeigar i 27.03.2008, sak 14/08 (sakspapira følgjer som vedlegg) .

På bakgrunn av denne strategien har Bystyret så handsama ei eigarmelding 2011-2012 i møte 16.06.2011. Eigarmeldinga har ei fullstendig oversikt over dei selskapa kommunen er involvert i. I Førde kommune sin årsrapport for 2011, er følgjande selskap lista opp:

Selskapets namn	Investert beløp	Endring	Eigarandel
Førde Tomteselskap AS	150 000		100,00 %
Sunnfjord Hotell AS	0	-200 000	
Sunnfjordtunnellen AS	0	-70 000	
Sogn og Fj.teater LL	20 000	9 990	7,50 %
AS Fjærlandsvegen	0	-20 000	
Sunnfjord Miljøverk (IKS)	100 000		40,13 %
Rødekorsbygget AS	35 000		35,00 %
Sunnfjord Energi AS	44 373 119		22,19 %
Firda Bilag AS	1 236 000		12,36 %
Eninvest AS	66 000	-34 900	0,36 %
Ankerløkken eigedom AS	2 004 000		22,20 %
Eigenkapitalinnskot KLP	9 673 088	1 034 871	
Eigenkapitalinnskot SPK	31 955		
Sentrum Sør AS	240 000	25 000	25,26 %

- Kontrollen bør prioriterast mot område som kan representere svekka omdømme, tapte inntekter eller unødvendige kostnader ved avvik.
- Vi står sjølvstilt til disposisjon for å drøfte mogelege kontrollområde med Kontrollutvalet og revisjonen.

Følgjande område kan vere aktuelle ved val av forvaltningsrevisjonsprosjekt:

Generelt for alle fagfelt:

- om administrasjonen sin ressursbruk er rimeleg i forhold til dei oppgåver som skal løysast
- om forvaltninga sine styringsverktøy og verkemidlar er hensiktsmessige – administrasjonen sin gjennomføring av politiske vedtak Grensesnittet administrasjon – politikk.
- forvaltninga av kommunale eigendeler og låneportefølje.
- administrasjonen si oppfølging og kvalitetssikring av leverandørar ved bortsetjing av kommunale tenester
- kvalitets-/styringssystema – rapportering, handlingsplanar m.m.

Konkret i høve dei ulike fagfelta:

Overordna:

- Innkjøp – rutinar, praksis, organisering – lov om anskaffelse i det offentlege
- Finansreglementet – praktisering av regelverk, vurdering av kostnader.
- Økonomistyring, resultatrapportering, avvik. Rapportering til KOSTRA eller andre statlege organ.
- Internkontroll/HMS
- Førde kommune som IA-bedrift. Oppfølging av sjukmelde
- Førde kommune si beredskapsorganisering.
- Vurdere kommunale innfordringsrutinar og måloppnåing. Praksis for fakturering av krav.
- Dokumenthandtering og saksbehandling/klagesaker – t.d. mellombels svar, handtering av e-post, arkivstatus i einingane o.l.
- Handtering av Personopplysningslova
- Kontroll av ordning for møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste
- Vurdere frikjøpsordning for tillitsvalde
- Vurdere gjennomføring av ulike (konkrete og større) prosjekt. Erfaring med administrativ styring av byggeprosjekt – prosjektstyringsgruppa.
- Overformynderiet
- Felles økonomikontor – erfaringar (kan vere felles med Naustdal og Gaular)
- Felles IKT-kontor – erfaringar (kan vere felles med fleire kommunar)
- Vikarbruk – generelt, rutinar, leiarar som vikarar

Skule:

- Kommunen som barnehagemynde i høve private barnehagar

Helse

- Miljøretta helsevern
- Vurdere skulehelsetenesta
- Fordelingsrekneskapan mellom dei private legane og kommunen.

Sosial og barnevern

- Oppfylgjing av born plassert i fosterheimar / forholdet til BUF-etat
- Samarbeid med foreldre
- Korleis fungerer støttekontaktordninga
- Praktisering av omsorgsløn i Førde kommune
- Personleg Brukarstyrt Assistanse (PBA) – korleis vert dette praktisert?

Institusjon/ Pleie i heimen

- Gåvemidlane til pleie- og omsorgssektoren – forvaltning og bruk
- Utrekning av betaling ved institusjonsopphald
- Vurdere rutinar for tildeling av institusjonsplassar/heimesjukepleie
- Mottak av pasientar frå sjukehus – samarbeid Helse Førde og Førde kommune
- Vikarbruk/turnusplanar

Landbruk

- Korleis forvaltar kommunen reglar om bu og driveplikt
- Plan for tiltaksstrategiar i landbruket – praktisering av tilskotsmidlar

Teknisk

- Vurdering av rutinar for plan- og byggesak. Måloppnåing i høve fristar etter plan og bygningslova.
- Dispensasjonspraksis
- Brann – kompetanse, øvingar, ressursar m.m.
- Parkeringsfondet - praktisering

Kultur

- Inntektssida i Førdehuset
- Tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar


Drift og vedlikehald

- Gjennomgang oppstart forvaltning, drift og vedlikehald. Hensiktsmessig organisering ift. oppgåveløysing?
- Energiøkonomisk vurdering kommunale bygg

Med helsing

Førde kommune

RÅDMANN
LEIARGRUPPA




Ei drivkraft med menneska i sentrum

Oversikt over sum stillingar

Oversikt over sum stilling				
Ansvar	Tekst	Sum stilling 2011	Sum stilling 2012	Endring
100	Rådmannen	6,9	6,9	0
110	Administrasjonseininga	18,2	19,4	1
120	IKT	12,0	14,0	2
130	Rekneskap-skatt	18,9	18,5	0
140	Fagutvikling og koordinering	10,9	13,2	2
210	Førde barneskule	28,0	28,4	0
211	Halbrend skule	44,8	43,1	-2
212	Karstad skule	8,6	8,1	-1
213	Sunde oppvekstsenter	15,2	18,1	3
214	Holsen skule	12,3	13,3	1
215	Frøysland skule	2,7	2,4	0
216	Angedalen skule	6,0	6,1	0
217	Slåtten skule	41,2	39,6	-2
218	Flatene skule	29,8	29,8	0
219	Førde ungdomsskule	35,3	37,1	2
230	Førde Norsksenter	15,4	14,6	-1
250	Kulturskolen	11,4	11,8	0
260	PPT	14,9	14,4	-1
270	Slåtebakkane barnehage	10,0	10,7	1
271	Halbrend barnehage	15,5	15,4	0
272	Vie barnehage	22,5	23,2	1
273	Sunde barnehage	14,6	14,6	0
274	Solsida barnehage	21,4	21,0	0
275	Førde familiebarnehage	13,0	13,1	0
276	Vieåsen barnehage	19,2	18,1	-1
277	Tusenfyrd barnehage	18,1	18,4	0
278	Hatlehaugen barnehage	12,2	11,7	-1
279	Ytre Hafstad barnehage	14,0	14,7	1
310	Helse og barn	48,3	34,8	-14
314	Kronborg ressurs-hage	15,1	15,1	0
315	Bu- og miljøtenesta	38,0	38,3	0
320	Legetenesta og rehabilitering		19,0	19
340	Psykiatritenesta	18,2	19,8	2
355	NAV	12,7	13,6	1
372	Heimetenester	64,2	65,1	1
373	Kjøkkentenesta	11,9	11,9	0
374	Helsestunet skilsmisse sining	15,4	17,5	2

K ORGANISERING



Ei drivkraft med menneska i sentrum

KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Førde kommune
Rådmannen
6800 FØRDE

Dyktkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Overordna analyse 2012/tf	216	013 / 2012	6. februar 2012

TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I FØRDE; - OVERORDNA ANALYSE – FØRDE KOMMUNE 2012

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert 'overordna analyse' over Førde kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analyse* av Førde kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenestoområder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheiter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av bystyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt/-områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonomi- og tenestefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenestedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmannen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemdar/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektivisering, produktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.


Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Førde kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og bystyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/ eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskeleg frå rådmannen si side.

IKT STRATEGI FOR SYS-KOMMUNANE

2010 - 2013



Innhald

1	Innleiing	4
2	Status for samarbeidet	5
2.1	Historikk.....	5
2.2	Tenester som blir omfatta av samarbeidet.....	5
2.3	Organisering.....	7
2.4	Ansvar for gjennomføring av strategisk IKT plan.....	7
2.5	Felles fagsystem og IKT Infrastruktur.....	7
3	Utviklingstrekk	9
3.1	Samfunnsutvikling.....	9
3.2	Tenesteproduksjon og forvaltning.....	9
3.3	Kommunesamarbeid.....	9
3.4	eKommune 2012.....	9
4	Felles visjon og overordna mål	11
4.1	Visjon.....	11
4.2	Overordna mål.....	11
5	Strategiar for IKT samarbeidet	12
5.1	Felles IKT arkitektur.....	12
5.2	Utvikling av gode tenester.....	13
5.3	Effektive løysingar.....	14
5.4	HelpDesk – brukarstøtte.....	14
5.5	Fordeling av ansvar, mynde og oppgåver mellom SYSIKT og fageiningane.....	14
5.6	Kompetanseoppbygging.....	14
5.7	IKT system i kommunane – statuskart.....	16
5.8	Utfordringar knytt til utvikling av programsystema.....	17
6	Handlingsplan	18
6.1	Organisering og drift.....	18
6.2	Felles datasenter.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.3	Teknisk infrastruktur.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.4	Programadministrasjon indre sone.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.5	Program helse sikkersone.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.6	Program skule.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.7	Handlingsplan 2011.....	22
6.8	Felles prioritering.....	22
7	Kostnad	24
8	Vedlegg	25

Strategisk IKT plan for SYS-kommunane 2010-2013

Endringshistorikk

Versjon	Dato	Endringar	Utarbeida av
1.0	21.08.09	Dokumentet etablert	Ingvild Hjelmtveit, Ola Hovland, Åge Klausen
1.1	22.11.09	Dokument retta	Ole John, Ola, Åge
1.2	24.11.09	Dokumentet retta	Åge og Ole John
1.3	25.11.09	Mindre endringar og tilføyningar	Ola
1.4	29.11.09	Justering av handlingsplanen	Ole John
1.5	25.02.10	Justering av programvare og handlingsplan	Åge
1.6	07.03.11	Justering av handlingsplan	Åge

1 Innleiing

IKT samarbeidet for kommunane i ytre Sogn og Sunnfjord (heretter kalla SYS) vart etablert i 2005 med Askvoll, Fjaler, Naustdal, Hyllestad, Høyanger, Solund, Jølster, Gaular og Førde som medlemskommunar. Det var eit ynskje om å samlokalisere IKT- ressursar i eit sterkare fellesskap, for å sette fokus på informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) som er eit viktig verktøy for utvikling av den kommunal verksemda, og ein føresetnad for direkte tenester over nett til innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar.

I denne prosessen treng vi ein felles strategi for kva vi vil med IKT i kommunane og korleis vi skal utvikle IKT i forvaltninga. Den felles strategien må fylgjast opp med eigne tiltaksplanar frå kvar kommune. Dette vert kommunane sitt eige ansvar å leggje fram.

Styret i SYS er styringsgruppe og har det overordna ansvaret for utvikling og gjennomføring av felles IKT-strategi. Det kan og opprettast undergrupper/prosjektgrupper som har ansvaret for gjennomføring av delmål på vegne av samarbeidet.

Felles strategiplan for SYS-kommunane er eit resultat av strategisamlingar der vi i fellesskap har prioritert fellesmål innan dei ulike samarbeids områda, m.a. helpdesk, sikkerheit, fagsystem, lisensar, innkjøp, drift/vedlikehald og nye system som blir teke opp av styret.

IKT-strategien i SYS skal gjelde alle verksemdar i kommunane som har høve til å nytte kommunal IKT infrastruktur.

Gulen kommune kjem til som ny medlemskommune frå 1.1.2010 og vil vere ein del av ny strategi.

2 Status for samarbeidet

2.1 Historikk

Kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn (SYS) har gjennom fleire år samarbeidd om delar av IKT - løysingane og har gradvis auka bruken av IKT i kommunal forvaltning og tenesteproduksjon.

Samarbeid om regionsnettet (SYSNETT) starta i 2001 og gav starten på ei utvikling som gjer at vi i dag kan ha eit felles datasenter der vi køyrer alle fagsystem som er kritiske og viktige for verksemda i alle kommunane. Fyrste fagsystem som vart sett i drift var felles økonomiløysing i 2003/2004. Deretter starta planlegging av nytt datasenteret til å dekkje alle fagsystem i 2006/2007. Datasenteret stod ferdig 2008/2009, tilpassing og omlegging for kommunane vil vere ferdig i 2010.

Kommunane har mange ulike system i bruk og sjølv om det kan vere få brukarar pr system er det eit krav å nytte fagsystem på dei fleste fagområde. Drift og kompetansekrav er stort sett det same om løysingane har få brukarar eller mange brukarar. Dette gjer at ei felles forvaltning av slike system blir både meir effektive og kostnadsdempande på sikt.

Både breidda i fagsystem, eit aukande tal maskiner og stadig meir komplekse system gjer at den enkelte kommune ikkje kan stå åleine med desse oppgåvene. Samla sett vil dei framtidige oppgåvene vere av ein slik karakter at det vil vere trong for meir spesialisert kompetanse enn det som har vore tilfelle tidlegare.

For å møte desse utfordringane vart det inngått eit utvida IKT - samarbeid mellom kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn (SYSIKT) frå og med 2005. Frå 01.01.2010 vil samarbeidet vere organisert som eige føretak etter § 27 i kommunelova.

Partar i samarbeidet er:

Førde kommune

Naustdal kommune

Gaular kommune

Jølster kommune

Fjaler kommune

Askvoll kommune

Hyllestad kommune

Selva kommun

✓ **Helpdesk**

Eit felles senter der brukarane rapporterer inn problemstillingar. Enkel feilretting og prioritering.

✓ **Sikkerheitsløysing**

Vidareføre og utvikle felles sikkerheitsløysing som ein har i dag og utarbeide felles retningsliner for datatryggleik knytt til dei tekniske fellesløysingane.

✓ **Fagsystem**

Arbeide for at vi skal ha så få ulike system innan dei ulike fagområda som mogeleg. Driftsorganisering og brukarstøtte skal vurderast nærmare i lys av oppretting av helpdesk og nye roller.

✓ **Lisensar**

Oppgåva med felles lisensadministrasjon vert lagt til IKT - fellesskapet, under dette kartlegging av alle lisensar, reforhandle avtalane med leverandørane samt koordinering av nye lisensavtalar.

✓ **Innkjøp**

Oppretting av ein felles innkjøpsordning som vert koordinert av SYSIKT. Ei klar hovudoppgåve blir å standardisere utstyr og programvare.

✓ **Drift og vedlikehaldsansvar**

SYSIKT får drifts- og vedlikehaldsansvar for IKT-utstyret i medlemskommunane. Dette omfattar:

- PC
- Skrivarar
- Lokalt nettverksutstyr og infrastruktur
- Basisprogramvare (operativsystem, kontorstøtte program f.eks Office, TS klient, fjerndriftsklient)

SYSIKT får drifts- og vedlikehaldsansvar for datasenter. Dette omfattar:

- IKT arkitektur (design av domene modell)
- Nettverks infrastruktur
- Serverer (fil, print, e-post, database, applikasjon m.m. Implementere og drifte felles system inkludert oppfølging av leverandørar)
- Backup (datalagring)

✓ *Nye fellessystem*

For å oppnå stordriftsfordelar ved enklare drift og lågare lisenskostnader bør det over tid bli færre system. Behov for nye system skal leggst fram for styret for SYSIKT med sikte på at ein i størst mogleg grad skal velje felles løysingar.

2.3 Organisering

IKT- samarbeidet er organisert som eit eige rettssubjekt etter §27 i kommunelova. Arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette er lagt til Førde kommune. Styret har det overordna ansvaret for oppfylging av vedtekne planar og strategiar.

Kvar kommune plukkar ut ein kontaktperson som har bestillarrolla opp mot SYSIKT. Vedkomande skal ha ansvar for oppgåver som:

- Sjå til at samarbeidsavtala og servicenivåavtalar vert følgt opp i eigen kommune og av SYSIKT.
- Samla melde inn behov for nye tenester på vegne av kommunen.
- Vere kommunen sitt kontaktpunkt mot styret og leiar i SYSIKT.
- Hjelp SYSIKT med enkel flytting/bytting av utstyr lokalt i kommunen.

Ansvar for IKT blir så fordelt i samsvar med ein rollemodell som: styrar-, bestillar- og leverandørrollene, der styrar er styret i SYSIKT, bestillar er kommunane og leverandøren er SYSIKT.

Alle deltakarkommunane er representert i styret i SYSIKT. I tillegg har dei tilsette ein representant i styret.

2.4 Ansvar for gjennomføring av strategisk IKT plan

Styret i SYSIKT og dagleg leiar for SYSIKT skal sjå til at felles strategiplan vert gjennomført.

IKT - strategien skal vere eit "levande" dokument med koblingar mot kommunane sitt øvrige planverk. Det betyr at strategien skal drøftast og reviderast løpande, for å møte både interne og eksterne utfordringar.

Når økonomiplanarbeidet for neste periode startar opp, er målsettinga at IKT - strategien skal vere eit grunnlagsdokument som kan hjelpe leiarar i prioritering av prosjekt som inneheld

Strategisk IKT plan for SYS-kommunane 2010-2013

Til no har kommunane kome lengst med eit fagleg samarbeid innan økonomi (Agresso), men det er viktig å utvikle tettare samarbeid på fleire andre område m.a. innan sakarkiv, WEB, GIS, skule, helse og omsorg.

3 Utviklingstrekk

Bruken av IKT i SYS kommunane har dei siste åra hatt ein kraftig auke i omfang og kompleksitet. Løysningane blir stadig tettare integrert med kvarandre i eit samspel med eksterne nettverk noko som gjer at datasikkerheit blir eit viktigare problemområde. Kompleksiteten vil og medfører eit vidare spekter av kompetansebehov innan drift og vidareutvikling av IKT løysningane. Og alt tyder på at den skisserte utviklinga berre vil fortsette og forsterke seg, noko som igjen vil stille store krav til kostnadseffektive løysningar og kostnadseffektiv drift i SYS kommunane og SYSIKT.

3.1 Samfunnsutvikling

IKT er ei av dei sterkaste drivkreftene i samfunnsutviklinga. Utan ein effektiv offentlig sektor vert det vanskeleg for privat næringsliv å oppnå høg produktivitet. Dette er ei av dei viktigaste årsakene til at kommunane utviklar interaktive tenester for innbyggjarar og næringsliv - eit ynskje om å effektivisere interne prosesser, samt at innbyggjarane i stadig større grad kan få kommunisere med det offentlige ved hjelp av digitale sjølvbetjeningsløysningar. Difor har fokuset dei siste åra vore retta mot etablering av servicetorg, innføring av elektroniske skjema og etablering/fornyng av innbyggjarportalar.

3.2 Tenesteproduksjon og forvaltning

IKT kan bidra til ein meir heilskapleg offentlig sektor og vere eit viktig virkemiddel for å auke kvaliteten på offentlege tenester. Informasjon og tenester kan samanstillast på tvers av sektorar og offentlege verksemdar, og tilpassast den einskilde brukar sine behov. Slik blir IKT løysingane viktige for kommunane si interne drift, der oppdatert og korrekt informasjon er avgjerande for å kunne treffe raske og gode avgjersler i offentlig sakshandsaming. IKT vert stadig viktigare som verktøy for omstilling og frigjering av ressursar i kommunesektoren. I den samanheng er det behov for å utvikle felles kravspesifikasjonar for ulike fagsystem i kommunane.

Sjølv om elektronisk datahandsaming har vore nytta i mange tiår er det framleis rom for å hente ut store effektiviseringsgevinstar.

3.3 Kommunesamarbeid

satsingsområder når det gjelder bruk av IKT for å effektivisere verksemda og utvikle kvalitativt gode tenester. eKommune 2012 vektlegg spesielt forholdet til innbyggerane med mål om stadig fleire digitale tenester og intern effektivisering.

I eKommune 2012 legg ein til grunn IKT satsinga slik:

"Informasjons- og kommunikasjonsteknologien er grenseoverskridande og griper inn i alle sektorar og samfunns områder. IKT er en sentral drivkraft i økonomien og bidrar til å effektivisere både offentlig og privat sektor. Samtidig gjør teknologien det mulig å styrke lokaldemokratiet, utvikle betre tenester og skape økt samhandling mellom ulike aktørar".

4 Felles visjon og overordna mål

4.1 Visjon

” SYS kommunane skal aktivt utnytte moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi til å skape kvalitativt gode tenester til innbyggjarar og næringsliv, samt ei tilgjengeleg og effektiv forvaltning”

4.2 Overordna mål

Ved å sette fokus på og leggje til rette for målbevist bruk og utvikling av IKT vil kommunane:

- Auke kvaliteten på dei kommunale tenestene
 - Auke effektiviteten
 - Medverke til ein enklare kvardag for innbyggjarane med god kommunale service
 - Betre kommunikasjonen/dialogen med innbyggjarane
 - Utvikle kommunen som attraktiv arbeidsgjevar
 - Utvikle samarbeid på tvers av kommunegrensene
-
- SYS kommunane skal vere i første rekkje når det gjeld nettbaserte tenester og dialog med publikum
 - SYSIKT skal drifte fagsystem og applikasjonar så effektivt og sikkert som mogeleg med hjelp av automatisering og standardisering.
 - Vi skal dele kompetanse og erfaring slik at vi kan vidareutvikle løysingar og heve kvaliteten på tenestene

Gevinst på kvart steg

Sikkerhet

Felles applikasjonar

Felles tenester

Utnytte teknologi maksimalt

5 Strategiar for IKT samarbeidet

Bruk av IKT i SYS kommunane skal støtte opp under kommunane sin tenesteproduksjon og medverke til at kommunen når sine mål på ein kostnadseffektiv måte.

Når økonomiplanarbeidet for neste periode startar opp, er målsettinga at IT strategien skal vere eit grunnlagsdokument som kan hjelpe leiarar i prioriteringa av prosjekt som inneheld IKT. Dei kortsiktige prioriteringane må vere innspel til konkrete prosjekt og aktivitetar som bør prioriterast i budsjettarbeidet for neste periode.

Denne planen inneheld overordna føringar, status, mål og strategiar for korleis vi kan utvikle SYS-kommunane til moderne eKommunar i samsvar med nasjonale føringar. Strategiplanen byggjer vidare på det arbeidet som alt er i gang.

Strategisk IKT-planlegging gjer det enklare å gjere dei rette strategiske val ved å analysere eigen verksemd og utvikle IKT strategi tilpassa egne behov.

Kommunane satsar store summer på innkjøp og drift av IKT-løysingar. For å kunne hente ut gevinsten av IKT satsingane, er det avgjerande at leiarar på alle nivå i organisasjonen har kunnskapar om strategisk IKT-planlegging og evne til verksemdsstyring og organisasjonsutvikling med utgangspunkt i dei muligheter teknologien gir for effektivisering og betre tenester. Folkevalde i kommunane må også ha tilstrekkelig kunnskap om IKT til å kunne fatte strategiske IKT avgjerder.

Behovet for nye løysingar må vere forankra i reelle behov som støttar seg på strategiske mål for verksemda. Gjennomføring av endringsprosessar må ha forankring i leiinga, men endringar er ikkje mogeleg å gjennomføre utan at alle som er råka er motiverte for å ta ut gevinstane. Eit teknologisk velfundert prosjekt risikerer å feile utan ein god plan for gjennomføring og realisering av gevinstar.

Gevinstane ved IKT investeringar kan ofte ikkje takast ut før det er gjennomført organisasjonsendringar og kompetanseheving i verksemda. Ofte må det og skapast kulturendringar. Gevinstane kan dessutan lett verte usynleggjorte fordi frigjorte ressursar, som i stor grad vil vere personellressursar, umiddelbart vert overført til nye eller andre oppgåver eller til kvalitetsheving av eksisterande tenester.

Betre dokumentasjon av gevinstar ved IKT investeringar og god kontroll med gjennomføring av IKT prosjekt er nødvendig for å legitimere satsing på IKT som eit viktig verktøy for

5.1.1 Felles programvare.

Arbeide for at vi skal ha så få ulike system innan for dei ulike fagområda som mogeleg. Datasenteret gjev høve til å installere fagsystem ein gong ein plass, for alle. Det vil bety samla lågare kostnad på programleverandøren ved installasjon og gjev høve til å få felles lisensavtalar.

5.1.2 Enhetlige kommunikasjonsløyseringar

Interne og eksterne kommunikasjonsløyseringar er viktige for å ha høg oppetid på alle IKT system. Nettverksinfrastrukturen er i dag i like stor grad påverka av programvare som reine linjefeil og strømproblem. Slik at velfungerande datasystem, eit sikkert datanettverk og ein stabil og sikker infrastruktur er alle viktige element kvar på sin måte. For å sikre dette må kommunane velje å tilpasse lokalnetta i kommunane til godkjente og velprevde standardløyseringar som regionnettet SYSNETT er basert på.

Nye nettverksløyseringar må kunne takle ei plattform for telefoni slik at ein kan utnytte datalinjer og infrastruktur i datanettet til telefoni (VoIP). VoIP kan og integrerast med enkle kameralløyseringar eller fullverdige videokonferansesystem.

Det vil kunne vere aktuelt med mobile løyseringar for å unngå å legge ny lokalkabling eller som eit tillegg for å gi meir fleksibilitet.

5.1.3 Felles serverpark

Ein fellesserverfarm utgjer ein viktig grunnmur for IKT-løyseringane i SYS. Dette sikrar m.a. raskare programoppdateringar og like versjonar til alle, sikrere datalagring og felles domene for SYS brukarane. Systemet gjev også høve til standardisere for å halde kostnaden for drift og vedlikehald så låg som mogeleg.

5.1.4 Tryggleik

Vidareføre felles sikkerheitsløyseringa og utarbeide felles retningslinjer for teknisk datasikkerheit. Sikkerheitsløyseringar er ferskvare og må heile tida evaluerast.

På dette delområdet deltek Flora kommune.

- IKT-målsetjingane er i samsvar med sentrale føringar, som eKommune 2012 og liknande dokument.

5.3 Effektive løysingar

Det er viktig å ha fokus på at IKT bruken i kommunane skal gje økonomiske fordelar ved kompetanseoppbygging, felles opplæring og problemløysing. Ved ytterlegare å satse på lik programvare, ei høg grad av standardisering, og driftsorganisering med brukarstøtte nærmare knytt opp til HelpDesk. Brukarstøtterolla må tydelegare presiserast i ny organisering.

5.4 HelpDesk – brukarstøtte

IKT løysningane blir teke i bruk på stadig fleire områder og det aukar behovet for opplæring og dagleg bistand.

HelpDesk skal vere eit felles senter der brukarane rapporterar inn problemstillingar og bestillingar elektronisk. Senteret vil frå 2010 bli eit bemanna med fast helpdesk-telefon i tillegg til elektronisk melding som i dag.

IKT sin driftsorganisering og brukarstøtte skal vurderast nærmare i lys av nye løysingar og nye roller.

5.5 Fordeling av ansvar, mynde og oppgåver mellom SYSIKT og fageiningane

For å sikre framtidig kompatibilitet med felles SYS "*IKT arkitektur*" skal alle nye løysingar vurderast av SYSIKT.

Det blir viktig å definere ansvaret til bestillaren (kommunane) og leverandøren (SYSIKT) og kva mynde og oppgåve dei to skal ha.

SYSIKT jobbar vidare med forslag til organisering av ansvar, hovudoppgåver og mynde innan teknisk-, system- og fagsupport.

Strategisk IKT plan for SYS-kommunane 2010-2013

For at SYSIKT skal kunne vere ein viktig aktør for kommunane i forvaltning og utvikling av IKT er det nødvendig at kompetansen på tilsette i eininga blir vedlikehalden og endra i takt med utviklinga.

Det vil og vere viktig at leiarar på alle nivå har tilstrekkeleg IKT-kunnskap for å ta ut gevinstar av IKT-satsinga og sjå kva muligheit som ligg i rett utnytting av IKT. Dette kan m.a. bidra til organisasjonsutvikling i eiga eining.

Kommunale programvare og IKT løysingar i SYS										
Program	Kommunar									
	Askvoll	Fjaler	Førde	Gaular	Gulen	Høyanger	Hyllestad	Jølster	Naustdal	Solund
G-prog – anbud								X		
Sofie – skatt	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Aivo 2000	X		X			X				
Rapp 1350	X						X	X		
Cetus			X				X			
eDialog 24			X							
Faginsta 2000			X							
Renplan 2000			X							
Gjøpro	X	X								
Spss			X							
Wis-skole									X	
Descartes Bouvet	Kryssrevisjon									
Pipe register		X		X						
Adm Fjaler bv		X								
Asq skåringsprog			X							
Sms portal	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X

5.8 Utfordringar knytt til utvikling av programsystema

Dei siste åra har integrasjon mellom portalløysingar, sak-/arkivløysingar og ulike fagsystem komme i fokus. Mangel på integrasjon og muligheter for saumlaus overføring av data mellom ulike løysingar er truleg den største hindringa for automatisert saksbehandling. Årsaka er ofte at løysingane er levert av forskjellige leverandørar og ikkje ”snakkar saman”.

6 Handlingsplan

6.1 Organisering og drift

Pri	Aktivitetar	Mål	Tidsrom
1	Endring i organisering av SYSIKT for ny medlem Gulen og ny drift skule.	Tilpasse for ny aktivitet	2010/2011
1	Lisensadministrasjon	Ny lisensavtale Microsoft	Ferdig
2	Ny IKT innkjøpsordning	Ny avtale	2. kv. 2011
1	Organisering av lokaldrift, superbrukarar og brukarstøtte - ansvarsforhold – ”fag” og IKT	Komme fram til ei god og tydeleg regulering mellom kva IKT og fageiningane skal ha ansvar for. Og kva som vil være ein del av det lokal IKT ansvar i kommunane.	2010/2011
1	Forme bestillarrolla i lag med SYSIKT	Følgje opp punkt 2.3	2. kv. 2010
1	Opplæring		

6.2 Felles datasenter

Pri	Aktivitetar	Mål	Tidsrom
1	Flytte dataløysingane til Gulen - og tilpasse Datasenter.	Utvide server kapasitet for Gulen.	Ferdig
1	Server rom står for ein betydelig del av energiforbruk i kommunale bygg. Ved konsolidering og virtualisering av serverar kan ein redusere energibehov. Dette vil være ein aktivitet ved alle endringar i datasenteret og lokalt i kommunane.	Ved tilpassing av server for Gulen vil vi har fokus energikostnadane.	Ferdig

6.3 Teknisk infrastruktur

Pri	Aktivitetar	Mål	Tidsrom
1	Anbud nytt kommunalnett SYSNETT	Ny avtale 2010	2. kv. 2011
2	SYSNETT behov for oppgradering.	Endring av nettverks infrastruktur som fylgje av endring i SYSNETT.	2011
3	Kabling kommunalebygg	Oppgradere gamal nettverkskabling frå kat.3 til kat.6.	2011/2012
2	Ny telefon.løysing (Arbeisgruppe i gang for å finne ut av kva kommunane i SYS skal gjere)	Felle løysing SYS	2011

6.4 Programadministrasjon indre sone

Pri	Aktivitetar	Mål	Tidsrom
1	Ta i bruk byggsak - modulen i Websak	Få i bruk alle planlagde modular i Websak	Ferdig
1	Gulen skifter sakarkiv til løysing frå ACOS, e-post og fillagring kjem med som ein del av innførings prosjektet.	Tilpasse programvare for Gulen i datasentere	Ferdig
	Høyanger skifte sakarkiv/portal til løysing frå ACOS prosjektstart høst 2010.	I gang kjøyring er ikkje heilt bestemt -- trueleg jan 2011. Og då vil og resten av adm og filsystem bli flytta.	Ferdig
1	Intranett (SharePoint pilot i Førde)	Avslutte prosjektet og vidareformidle til dei andre kommunane	Ferdig
1	Komtek-produkt (Fjaler, Gaular og Førde)	Få på plass Komtek	Ferdig
1	Integrasjon Agresso	Ved oppgrading til ny versjon av Agresso i	2011/2012

Pri	Aktivitetar	Mål	Tidsrom
2	Bilde arkiv	Lagring og redigering av bilde	2011/2012
3	System for arbeidstidsorganisering (Arbeisgruppe i gang for å finne ut av kva kommunane i SYS skal gjere)	Fellesløysing i SYS	2011

6.5 Program helse sikkersone

Pri	Aktivitetar	Mål	Tidsrom
1	Tilkobling og bruka av SYSVAK tenestene i helsenett	Tilpasse for WinMed Helsestasjon	Ferdig
1	WinMed Helsestasjon	Tilpasse WinMed Helsestasjon med ny SYSVAK i Datasenter	Ferdig
1	Barnevern	Barnevern har prosjekt for overgang til Familia	Ferdig

6.6 Program skule

Pri	Aktivitetar	Mål	Tidsrom
1	Vidareføre SYS-skule – eigen prosjektplan SYSPED	Ferdigstille prosjekt for ny driftsløysing	2010/2011/2012
2	Basis programvare (Word/Excel) (Skulane skal bestemme seg for leige eller kjøp)	Like versjonar	2011
1	Skuleadministrativt system Extens	Få på plass ny skuleadministrativt loysing for skular og barnehagar	Ferdig
1	FEIDE	Tilpasse skule identitets handtering	Ferdig

6.7 Handlingsplan 2011

Strategisk IKT plan for SYS-kommunane 2010-2013

1	Anbud nytt kommunalnett SYSNETT	2010	2 kv 2011
2	Ny avtale IKT utstyr	2 kv 2010	2 kv 2011
3	Drift/installasjons rutiner	2010	Løpande
3	Dokumentasjon teknisk	2010	Løpande

Lokale IKT prioriteringar i kommunane

2	Nettverk - kabling i kommunalebygg		Løpande
1	Telefoni IP/mobil (vurdere løysing i SYS)	2011	2011
1	Forme bestillarrolla i lag med SYSIKT	3 kv 2010	Løpande

Felles IKT prioriteringar for kommunane

1	Økonomisystem Agresso oppgradering	2010	2010
2	Vurdering av system for arbeidstidsorganisering i SYS	2011	2011
1	Organisering av ansvar, hovudoppgåver og mynde innan teknisk-, system- og fagsupport	2010	2011
2	Fullelektronisk arkiv WebSak (Organisering arkiv) Krev lagringskapasitet, sikkerheit, dubblering av teknik m.m.	2010/2011	2010/2012
2	Bildearkiv løysing for enkel redigering og lagring (rutinar for lagring - diskkapasitet)	2011	2010/2011
2	Shift Manager turnus - integrasjon Agresso	2011/2012	2012

6.8 Felles prioritering

Tiltak nr	Beskriving
1	Organisering og drift ved felles datasenter og tiltak i teknisk infrastruktur
2	Økonomisystem Agresso oppgradering
3	Organisering av lokaldrift, superbrukarar og brukarstøtte ansvarsforhold – "fag" og IKT
4	Ta i bruk byggsak-modulen i websak
5	BEST prosjekt fylkesmannen
6	Shift Manager turnus - integrasjon Agresso
7	Notus turnus - integrasjon Agresso
8	Extens - intergrasjon Agresso
9	Cetus (kulturskule) - intergrasjon Agresso
10	Komtek-produkt (Fjaler, Gaular og Førde)
11	Intranett (SharePoint pilot i Førde)
12	Bildearkiv løysing for enkel redigering og lagring
13	Fullelektronisk arkiv

7 Kostnad

Kostnadsfordelinga i SYS-samarbeidet er basert på ein kostnadsnøkkel der halvparten av kostnadane vert fordelt likt på dei deltakande kommunane medan den andre halvparten av kostnadane vert fordelt etter folketalet i kommunane.

For økonomiløysinga (Agresso) er kostnadsfordelinga at 40% av kostnadane vert fordelt likt på kommunane medan 60% av kostnadane vert fordelt proporsjonalt med folketalet.

8 Vedlegg

Kommunevise prioriteringar/handlingsplanar



Førde kommune

Styre, råd og utval
Samfunn og utviklingskomite
Bystyret

Møtedato
13.03.2008
27.03.2008

Saksnr
004/08
014/08

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad

Arkiv:
FE-255, FA-

Arkivsaknr.:
07/2683

Eigarskapsstragi for selskap Førde kommune eig eller er medeigar i

Vedlegg:

1. Rådmannen si saksutgreiing datert 06.03.2008
2. Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak – KS Eierforum
3. Rådmannen si saksutgreiing datert 10.10.07 og Bystyret sitt vedtak i sak 62/07

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Bystyret handsama spørsmålet om ein eigarstrategi for dei selskapa Førde kommune eig eller er medeigar i 25.10.2007, og gjorde slikt vedtak:

” Førde kommune startar arbeid med å utarbeide ein eigarskapsmelding/eigarskapsstrategi for dei selskap kommunen eig eller er medeigar i.

Saka oversendast til komite for samfunn og byutvikling for vidare politisk handsaming.”

I saksutgreiinga er dei ulike selskapa Førde kommune er eigar i lista opp. Dei viktigaste i denne samanhengen er:

	Eigardel i %
AKSJESELSKAP	
Sunnfjord Energi	22,19

	Eigardel i %
INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)	
Sunnfjord Miljøverk	40,13
Firda Billag	12,36

Sidan denne saka var til handsaming, har Førde kommune også gått inn med 20% i selskapet Førde Parkering A/S. Kommunen sin del av aksjekapitalen utgjer ca 190.000 kr.

For å gjere biletet komplett, er det også rett å ta med Førde kommune sin eigardel i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Med den egenkapitalstrukturen og selskapsmodellen som KLP har, vil dei som er kundar i KLP også vere eigarar. Førde kommune sin eigardel i KLP utgjer ca 5,8 mill kr.

KS sitt arbeid

KS har i 2007 oppretta eit eige eigarforum. Dette forumet har utarbeidd 18 tilrådingar som grunnlag for godt eigarskap, jfr. vedlegg. Tilrådingane har følgjande tema:

- Obligatorisk opplæring av folkevalgte
- Utarbeidelse av eierskapsmeldinger
- Utarbeidelse og revidering av formål og selskapsstrategi
- Vurderinger og valg av selskapsform
- Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirkosomhet
- Plan for selskaps- og forvaltningskontroll
- Sammensetning av eierorgan
- Gjennomføring av eiermøter
- Valgkomite for styreutnevning i aksjeselskap og interkommunale selskaper
- Rutiner for kompetansevurdering av selskapsstyrene
- Styresammensetning i konsernmodell
- Oppnevning av vararepresentanter
- Habilitetsvurderinger og politisk representasjon i styrene
- Kjønnrepresentasjon i styrene
- Godkjenning til styremedlemmer

- formålet med kommunen sin eigarskap
- organisering av eigarskapen
- styremedlemmane sitt ansvar, habilitet og lojalitet
- etablering av evt. nye eigarskap
- eigarmelding – rapportering til Bystyret

Avgrensing

Kommunen si utøving av eigarskap bør avgrensast til dei selskapa der kommunen har ein reell maktposisjon i generalforsamlinga i tillegg til ein stor eigarskap i kroner. I Fylkeskommunen er denne grensa føreslått sett ved eigarskap på minst 1 mill kr og der dette utgjer 33,33% av eigarskapen i selskapet. For kommunen vil eit slikt prinsipp ekskludere dei fleste selskapa. Rådmannen vil derfor tilrå at ein set grensa ved dei selskapa der kommunen eig meir enn 10%. For tida vil dette gjelde følgjande selskap:

- Sunnfjord Energi
- Førde Tomteselskap
- Ankerløkken Eigedom
- Rødekorsbygget
- Sunnfjordtunnelen
- Førde Næringsutvikling
- Reisemål Sunnfjord
- Firda Produkt
- SunnLab
- Sunnfjord Næringsutvikling
- Sunnfjord Miljøverk
- Firda Billag
- Førde Parkering

Formål med kommunen sin eigarskap

Ein eller fleire av dei fem kategoriene nedanfor bør leggst til grunn for utforming av mål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert (Sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid)
- Politisk motivert (t.d behalde og vidareutvikle arbeidsplassar, fødselshjelpar ved etablering som ikkje vil kome opp å gå utan kommunal støtte)
- Effektivisering av tenesteproduksjon (t.d. renovasjon)
- Samfunnsøkonomisk motivert (t.d. sikre god infrastruktur)

Utbyttepolitikk vil vere ein del av eigarskapspolitikken i aksjeselskap. For tida er det berre Sunnfjord Energi og Sunnfjord Hotell som gjev utbytte til kommunen.

Eit alternativ til utbytte, kan vere å selje aksjane i dei selskapa som ikkje gjev utbytte. I selskap med næringsdrift bør kommunen, som hovudregel, stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i. Men sal av aksjar kan også vere med å realisere verdier. Sal bør særleg vurderast i tilfelle der formålet med selskapet er blitt endra.

Kommunelova med forskrift har reglar om eigarskapskontroll og selskapskontroll. Med dette er meint kontroll med eller ettersyn av forvaltninga av ein kommune sine eigarinteresser i heileigde selskap eller i selskap der kommunen har majoritetsinteressene.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at kommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøver kommunen sine eigarinteresser i samsvar med Bystyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med selskapslovgivinga.

Kommunen skal derfor utøve eit aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa.

Organisering av eigarskapen

Der ikkje andre er valde av Bystyret, representerer ordføraren eller den han gjev fullmakt Førde kommune i generalforsamlingar og representantskap. Det er utsendingane til generalforsamling/representantskap si oppgåve å utøve kommunen sine interesser i samsvar med fleirtalet i Bystyret. Det bør derfor etablerast ei ordning der utsendingane drøftar slike saker/eigarpolitikken med Bystyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Hastesaker kan drøftast med Formannskapet. Denne ordninga bør som hovudregel berre gjelde dei store selskapa Førde kommune er eigar i:

- Sunnfjord Energi
- Firda Billag
- Sunnfjord Miljøverk
- Ankerløkken eigedom

Ofte er tidsfristane korte i slike saker. Orienteringane kan derfor også måtte skje i etterkant av generalforsamlinga/representantskapen. Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei melding til Bystyret.

etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere leiinga.

Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styret greier å skilje rollar og unngå rolleblanding. Dette er særleg viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Ein styremedlem representerer seg sjølv og ikkje eigarane. Han skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er. Ein aktiv eigarskap betyr også at ein styremedlem kan skiftast ut dersom eigaren meiner han ikkje fremjar eigarane sine interesser på ein god måte.

Styret sin habilitet og lojalitet

Etter § 6, 1. ledd i forvaltningslova, vil ein styremedlem eller bedriftsforsamlingsmedlem som også er medlem av Bystyret eller anna folkevald organ, vere inhabil når organet handsamar saker som gjeld det aktuelle selskapet der kommunen er deleigar, og der det også er private eigarar. Her er vedkomande absolutt inhabil utan nærare vurderingar.

Dersom selskapet derimot fullt ut er eigd av ein eller fleire kommunar eller andre offentlege organ, er styremedlemen ikkje nødvendigvis inhabil som medlem av eit folkevald organ. Men medlemen bør då vurdere inhabiliteten sin etter § 6, 2. ledd i forvaltningslova, dvs om der kan vere andre forhold som er eigna til å svekke tilliten til at han er upartisk.

Ein kan altså komme i ein situasjon der bystyremedlemmer er inhabile ved handsaming av saker som gjeld selskap der kommunen er eigar saman med private aksjonærar, medan dei er habile ved handsaming av saker som gjeld selskap der kommunen er eigar saman med andre kommunar eller andre offentlege organ.

Kommunal og regionaldepartementet har sendt på høyring eit notat dagsett 3.10.07 om endringar i kommunelova og forvaltningslova om rolleklarheit m.v. med høyringsfrist 31.12.07. Her er m.a. foreslått ei endring i forvaltningslova § 6, 1. ledd, som går ut på at leiar eller medlem av styre i fullt ut offentleg eigde selskap skal vere inhabile når det politiske organet han er medlem i handsamar ei sak som gjeld selskapet. Inhabilitet skal såleis ikkje lenger berre inntre der selskapet ikkje er fullt ut offentleg eigd.

Stortinget har bestemt at stortingsrepresentantar ikkje kan sitje i styre som skal rapportere

Førde kommune legg til grunn den lovforklinga som til ei kvar tid gjeld når ein skal vurdere styremedlemmer sin habilitet i kommunale organ.

Etter rådmannen sitt syn bør prinsippet om aktivt eigarskap via generalforsamling og representantskap og prinsippa om styremedlemmane sine rettar og plikter, i større grad føre til at Førde kommune vel profesjonelle styremedlemmar. Med profesjonelle styremedlemmar meiner eg her styremedlemmer som har kompetanse som gjer at ein får eit samla styre som på best mogeleg måte kan i vareta selskapet i tråd med eigaren sitt formål med selskapet. For å oppnå dette tilrår KS at det i større grad vert nytta valkomitear når ein skal setje i saman styre i aksjeselskap og interkommunale selskap.

Etablering av nye selskap

Generelt meiner rådmannen at Førde kommune i framtida skal vere tilbakehalden med å gå inn som eigar i selskap. Når dette er aktuelt, så skal det vurderast opp mot følgjande kriterie:

- Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
- Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
- Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.

Eigarmeldingar

I staten vert det utarbeidd eigarmeldingar for dei statseigde selskapa som vert lagde fram for Stortinget kvart år. Dei fleste av desse selskapa er 100% statseigde. Meldingane omtalar m.a. selskapsinformasjon, føremål, generelt om verksemda til selskapet, økonomisk utvikling og målet for staten sin eigarskap.

Ein slik praksis vil vere for omfattande og ressurskrevjande i Førde kommune. Dette arbeidet medfører at ein må skaffe seg innsyn i m.a. selskapa si generelle drift og økonomiske utvikling, og føreset difor eit nært samarbeid med selskapa. Vidare medfører dette at kommunen må ha nødvendige ressursar og meir kompetanse på eigarskap. Rådmannen vil heller tilrå at meir av styringsinformasjonen frå selskapa vert lagt fram for Bystyret/Formannskapet som meldingssaker. Årsmeldingane frå dei største/viktigaste selskapa Førde kommune er medeigar i bør leggast fram for Bystyret som meldingssaker. Rådmannen vil også peike på at Kontrollutvalet gjennomfører eigarskapskontrollar av desse selskapa og at desse sakene også kjem til Bystyret og kan danne grunnlag for drøfting. I tillegg til at Bystyret får årsmeldingane som meldingssaker og eigarskapskontrollar til handsaming vil rådmannen tilrå at Bystyret eller Formannskapet tingar eigarskapsmeldingar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Førde kommune skal utøve ein aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, i samsvar med bystyret sine vedtak/føringar.
2. Utsendingane til dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, skal utøve kommunen sine interesser i selskapa. Denne utøvinga skal reflektere fleirtalet i Bystyret. Det vert etablert ei ordning der utsendingane drøftar eigarpolitikken med Bystyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Dersom det kjem opp saker som hastar så mykje at dei ikkje kan vente til neste bystyremøte, kan dei drøftast med Formannskapet. Denne ordninga gjeld berre dei største selskapa Førde kommune er eigar i, jfr. rådmannen si saksutgreiing datert 06.03.08
3. Medlemmar av Bystyret i Førde kommune kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i Bystyret, skal Forvaltningslova sine reglar om habilitet leggest til grunn.
4. Førde kommune skal vere tilbakehalden til å gå inn som eigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriterie:
 - Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
 - Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
 - Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.
5. I selskap med næringsdrift bør Førde kommune stille krav om avkastning på investert kapital (utbytte).

Handsaming i Samfunn og utviklingskomite 13.03.2008:

Nytt tilleggsframlegg:

6. Bystyret kan be om eigarskapsmeldingar når ein meiner det er naudsynt.

Avrøsting:

fleirtalet i Bystyret. Det vert etablert ei ordning der utsendingane drøftar eigarpolitikken med Bystyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Dersom det kjem opp saker som hastar så mykje at dei ikkje kan vente til neste bystyremøte, kan dei drøftast med Formannskapet. Denne ordninga gjeld berre dei største selskapa Førde kommune er eigar i, jfr. rådmannen si saksutgreiing datert 06.03.08

3. Medlemmar av Bystyret i Førde kommune kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i Bystyret, skal Forvaltningslova sine reglar om habilitet leggst til grunn.
4. Førde kommune skal vere tilbakehalden til å gå inn som eigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriterie:
 - Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
 - Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
 - Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.
5. I selskap med næringsdrift bør Førde kommune stille krav om avkastning på investert kapital (utbytte).
6. Bystyret kan be om eigarskapsmeldingar når ein meiner det er naudsynt

Handsaming i Bystyret 27.03.2008:

AP ved Jorunn Eide Kirketeig gjorde framlegg om slik endring av pkt. 5

” I selskap med rein næringsdrift bør Førde kommune stille krav om avkastning på investert kapital (utbytte) ”

Avrøysting:

Det vart først røysta over AP sitt framlegg til endring av pkt. 5 som fekk 7 røyster og fall Deretter vart formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

BY-014/08 Vedtak:

1. 1.Førde kommune skal utøve ein aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorgan. representantskan og generalforsamling i samsvar med bystyret

3. Medlemmar av Bystyret i Førde kommune kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i Bystyret, skal Forvaltningslova sine reglar om habilitet leggest til grunn.
4. Førde kommune skal vere tilbakehalden til å gå inn som eigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriterie:
 - Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
 - Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
 - Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.
5. I selskap med næringsdrift bør Førde kommune stille krav om avkastning på investert kapital (utbytte).
6. Bystyret kan be om eigarskapsmeldingar når ein meiner det er naudsynt

Førde, den 06.03.2008

Ole John Østenstad
rådmann
Tlf. 57722002

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	23.05.2007	SEKOM-sekretariat	Vedtak i Kontrollutvalet



Førde kommune



Innhald

Innleiing	3
Overordna	4
Stab og støtte	7
Skule	10
Barnehage	20
Andre tenester innanfor oppvekstsektoren	27
Helse og barn	29
Legetenesta og rehabilitering	32
NAV	34
Pleie og omsorg – miljøarbeidartenester og dagtilbod	36
Pleie og omsorg – Førde Helsetun og Heimetenesta	38
Kultur og kulturskulen	41
Tekniske tenester	46
Politikk	54
Internasjonalt arbeid	55
Interkommunalt samarbeid	56
Interkommunale selskap	57
Sjukefråvær	58
Skadersaker	61
Eigarskap	62

Innleiing

Årsrapporten til Førde kommune fungerer som ei nyttig tilbakemelding frå einingane til rådmannen om status i einingane og kva resultat einingane har oppnådd det siste året. På tilsvarende måte er den også ei tilbakemelding frå rådmannen til Bystyret. Årsrapporten dannar eit verdifullt erfaringsgrunnlag når ein no tek fatt på arbeidet med økonomiplanen.

2011 gav eit svakt økonomisk resultat med eit netto driftsresultat (resultat før bruk og avsetting til fond) på 0,6 % av driftsinntektene. Staten og KS tilrår eit netto driftsresultat på 3 %. Tap på plasserte midlar og meirforbruk i einingane forklarar det svake resultatet. Sjølv om lånegjelda er urovekkande høg, har Førde kommune ein god eigenkapitalsituasjon som gjer at vi kan møte framtida på ein betre måte enn mange andre kommunar.

Budsjettstyringa i einingane er svært god, men sju einingar skil seg av ulike årsaker ut med store meirforbruk. Meirforbruket er rapportering gjennom systemet med månadleg rapportering. Det gjer til at vi har god oversikt over den økonomiske situasjonen. Også rutinane med rapportering av investeringsprosjekta gjev god oversikt og styring.

I 2011 fortsatte folketalsveksten i Førde. Folketalet auka med 100 personar (0,8 %) og var ved nyttår 12.307 personar. Auken er lågare enn årleg gjennomsnittleg folketalsvekst i Førde på 1,4 % dei siste åra.

Sjukefråværet i Førde kommune auka frå 7,2 % i 2010 til 8,0 % i 2011. Samanlikna med andre kommunar er sjukefråværet til Førde kommune lågare enn landsgjennomsnittet.

2011 er prega av at vi har hatt mange spennande investeringsprosjekt på gang. Bygging av 29 omsorgsbustadar ved Helsetunet vart starta i 2011 og skal ferdigstillast til sommaren 2012. Rådhusprosjektet er ferdig prosjektert og det er inngått avtaler med utbyggjar. Riving av eksisterande bygg på rådhusomtå vart gjennomført mot slutten av 2011. Rehabilitering av Halbrend skule og Sunde oppvekstsenter er slutført i 2011. Kunstmuseet er under bygging og skal åpnast 8. september 2012. Kloakkrensaneanlegget er sett i drift i 2011.

Det er særleg tre prosjekt som har vore krevjande i 2011 og som enno ikkje har funne si endeleg løysing – planlegging og utbygging av E39/Førdepakken, ny parkeringsordning i sentrum, Hafstad bydel/Hafstad idrettspark.

Likevel er det viktig å vere klar over at det viktigaste arbeidet går føre seg ute i einingane der tenesteproduksjonen mot innbyggjarane er – i skulane, barnehagane, pleie- og omsorg, teknisk, kultur og alle dei andre einingane. Her vert det lagt ned ein stor innsats og kvaliteten er god.

Overordna

Som det vil gå fram av sektorane og einingane sine årsrapportar har det i 2011 vore lagt ned mykje arbeid for å sikre at kommunen har eit godt tenestetilbod innanfor dei nasjonalt og lokalt prioriterte områda. Vidare har det blitt arbeidd monaleg med å sikre at kommunen har eit godt omdøme blant innbyggerane. Godt omdøme er mellom anna viktig for kommunen for å sikre framleis auke i folketal og rekruttering av naudsynt kompetanse til privat og offentleg verksemd.

Av viktige hendingar i 2011 kan nemnast:

- Bygging av 29 omsorgsbustadar ved Helsetunet
- Rådhusprosjektet er ferdig prosjektert og det er inngått avtale med utbygger. Riving av eksisterande bygg på rådhusomtata er gjennomført.
- Rekruttering av leiarar
- Utarbeidd overordna arbeidsgjevarpolitikk
- Førdeskulen har stryka sitt omdøme
- Oppgradering av Halbrend skule og Sunde oppvekstsenter
- Utbygging av Sognog Fjordane Kunstmuseum
- Bygging av nytt kloakkreinseanlegg
- Oppstart bygging av kunstmuseum, omsorgsbustadar og rådhus
- Førde kommune etablert som utviklingssenter for sjukeheimar og heimtenester
- Arbeidet med "Samhandlingsreforma"
- Fleire ansatte har starta på Demensomsorgens abc
- Førdepakken og parkering

Men for at det framleis skal vere slik at kommunen blir opplevd positivt er det viktig å vere merksam på dei utfordringane som ligg framfor oss, til dømes:

- Prosess for reduksjon av driftsnivået
- At vi framleis klarar å gi tenester av god kvalitet innanfor stramme økonomiske rammer
- Endra befolkningssamansetting
- "Samhandlingsreforma" som vil utfordre både når det gjeld kompetanse og økonomisk
- Framleis fokus på Kompetanse- og barnehageløftet
- Behovet for å redusere sjukefråværet
- Utarbeiding av kommunal planstrategi for å sikre at dei viktige prosessane blir gjennomførte og dei rette planane utarbeidde.
- Planlegging og utbygging av E39/Førdepakken
- Ny parkeringsordning i sentrum

Kostra-tal

Befolkningsdata	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Andel kvinner	50,2	50,0	49,8	49,7	49,4	49,3	50,0	49,9
Andel menn	49,8	50,0	50,2	50,3	50,6	50,7	50,0	50,1
Andel 0 åringer	1,6	1,5	1,2	1,2	1,1	1,1	1,3	1,2
Andel 1-5 år	7,8	7,6	6,4	6,5	6,0	6,0	6,2	6,3
Andel 6-15 år	14,5	14,3	13,7	13,5	13,4	13,3	12,5	12,4
Andel 16-18 år	4,5	4,4	4,3	4,3	4,5	4,4	3,9	3,9
Andel 19-24 år	9,0	9,0	7,7	7,8	8,0	8,1	7,8	7,9
Andel 25-66 år	53,8	54,1	54,2	54,1	51,8	51,8	55,3	55,2
Andel 67-79 år	5,9	6,1	8,4	8,8	9,3	9,6	8,5	8,7
Andel 80 år og over	2,9	3,0	3,9	3,9	5,7	5,7	4,5	4,4

Folketalet i Førde auka med 0,8 % frå 12.207 pr. 31.12.2010 til 12.307 pr. 31.12.2011. Førde kommune har fleire innbyggjarar i aldersgruppene frå 0 til 24 år og færre i aldersgruppa over 67 år enn det vi ser i kommunar vi kan samanlikne oss med, gjennomsnittet for fylket og landet. Samtidig ser vi tendens frå 2010 til 2011 om nedgang i aldersgruppa 0 til 24 år og auke i aldersgruppa over 67 år.

Finansielle nøkkeltal	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,6	1,5	1,7	1,9	2,6	2,5	1,1	1,7
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,8	0,6	2,3	1,6	2,8	1,7	2,1	2
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	199,9	209,4	184,3	190,6	195,2	199,9	177,8	185,7
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	29,9	25,8	21,4	22,3	18,7	17,5	21,7	20,9
Frie inntekter i kroner per innbygger	31403	40982	33094	40787	40304	47557	35893	43431
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	67587	73922	39798	40935	52614	54745	32670	33973

Kommuneøkonomien i Førde er prega av høg gjeld samanlikna med andre kommunar samstundes som kommunen har noko mindre frie inntekter (skatt og rammetilskot) enn fylket og landet. Netto driftsresultat er svakt på grunn av tap på plasserte midlar og meirforbruk i einingar.

Prioritering	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	15807	110672	11205	103768	17703	103816	19076	108696

Førde kommune brukar mindre midlar enn samanliknbare kommunar, fylket og landet innan skule, kommunehelsetenesta, pleie- og omsorg og barnevern. Innan sosialtenesta og administrasjon og styring ligg vi under landet men over samanliknbare kommunar eller fylket.

Førde kommune ligg høgt samanlikna med andre på barnehagekostnader pr. barn i alderen 1-5 år. Dette kjem av at ein større del av denne gruppa i Førde går i barnehage, og særleg er delen 1-2 år fleire % høgare. Dette er også den gruppa som kostar mest. Dersom vi ser på kostnaden pr. barn i barnehage kjem Førde ut med lågare kostnader enn samanliknbare kommunar og med landsgjennomsnittet.

Oppsummert har Førde kommune ein effektiv tenesteproduksjon – noko vi har sett i fleire år.

Dekningsgrad	Førde		Kommunegr. 8		Sogn og Fjordane		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	90,6	93,1	90,9	90,8	91,6	91,9	89,3	89,6
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,8	8,9	8,4	9	9,1	9,1	8,2	8,6
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	10,6	10,4	8,8	8,6	11,6	11,8	9,7	9,1
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8	8	8	7,8	9,9	9,8	8,7	8,4
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	93,4	93,7
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	15,1	16,4	..	11,7	..	14,4	14,3	14,1
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,9	4,1	3,6	3,6	3,1	3,1	3,9	3,8
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	2,4	2,6	..	4,6	..	4,2	..	4,7
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	11	11	..	17	..	22	21	21

Sjølv om Førde kommune har mindre midlar til disposisjon enn andre kommunar kan kommunen tilby god dekning på tenestene. På nokre område skil kommunen seg ut – fleire av innbyggerane over 80 år har plass på institusjon enn kva ein finn i kommunar vi samanliknar oss med, vi har færre bustader som kommunen disponerer og talet på barn med barnevernstiltak er svært lågt.

Stab og støtte

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuke-fråvær i %
Administrasjon	Jan Birger Moe	18,86	25	4,38
SYS-IKT	Åge Klausen	14	12	1,58
Rekneskap og skatt	Terje Guddal	17,8	20	5,63
Fagutvikling og koordinering	Øystein Høyvik	11,8	12	1,47

- I oversikta over stillingar og årsverk er det rekna med personar som er tilsett i prosjekt og mellombelse engasjement.
- Alle stabane har systematisk oppfølging av sjukefråværet i samsvar med rutine som IA-bedrift
- Rekneskap/skatt er økonomikontor for dei tre kommunane Førde, Gaular og Naustdal
- SYS-IKT er eit interkommunalt samarbeid som leverer tenester til 10 kommunar.

Økonomi

Eining	Rekneskap 2011 (1000 kr)	Budsjett 2011 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Administrasjon	12 678	13 191	513	4 %
SYS-IKT (Førde sin del)	3 032	3 248	216	0 %
Rekneskap og skatt	6 671	7 321	650	9 %
Fagutvikling og koordinering	14 053	15 451	1 398	9 %
Samla	36 434	39 211	2 777	22 %

Alle stabseiningane kjem ut med mindreforbruk som samla utgjer 2,8 mill kr.

Forklaring til mindreforbruket;

- Vakanse i stillingar samt frikjøp av stillingar til prosjektarbeid
- Høgare sjukelønsrefusjon enn budsjettet. Innsparing på driftskostnader som kontor- og kopieringsmateriell, post og telefon.
- Ungdomstiltaket Skrivarløa har ikkje vore i drift i 2011

Viktige hendingar

- Etablert og implementert overordna arbeidsgjevarpolitikk
- Ny versjon av økonomisystemet Agresso 5.5.3 frå 01.01.2011
- Beredskapsøving hausten 2011

Medarbeidarar

- Innafor denne utarbeide handlingsplanar for rekruttering og stabilisering
- Har etikk jamleg som tema på personalmøter

Økonomi

- God økonomistyring
- Vurdere andre måtar å arbeide på som er meir kostnadseffektive. Eksempel på dette er å ta i bruk elektroniske løysingar som lønsslippar på e-post, få fleire kundar over på e-faktura. I 2012 vil og arbeidet med å ta i bruk forsystem knytt til løn ta til for fullt.

Samfunn

- Har omdømme som tema på personalmøter.
- Delteke i utarbeiding av interkommunal og kommunal planstrategi
- Opprette heimeside for Utviklingssenteret i Sogn og Fjordane
- Fokus på å nytte kun tosidig utskrift

Interne prosessar

- Personalhandboka og HMS- handboka er komplett og implementert.
- Bruken av handbøker fungerer tilfredstillande
- Beredskapsplanen er oppjustert og øving vart gjennomført hausten 2011
- Etablert og implementert rutiner for arkiv- og posttenesta
- Starta opp implementering av elektronisk saksarkiv
- Nytt bortsettingsarkiv er på plass.
- Fakturerings/innkrevjings-handbok er ferdigstilt.
- Fagutvikling og koordinering har gitt tilbod til einingar i samband med intern vurdering av eiga eining

Mål som delvis eller ikkje vart nådde

Interne prosessar

- Ikkje kome langt nok med økonomihandboka, vil prioritere dette i 2012.

Utfordringar framover

- Overgang til elektronisk arkiv, nytt arbeidstidsplanleggingsystem og papirlaus kommunikasjon både internt og eksternt. Dette vil vere krevjande på mange måtar, og utfordre organisasjonen på mange områder.
- Følgje opp handlingsplanane i arbeidsøievernolitikken. og i IA- avtalen.

- Rekneskap/skatt har ansvar for arbeidsgjevarkontroll i kommunane Jølster, Gaular, Førde og Naustdal. I 2011 har eininga ikkje klart å utføre det tal kontrollar ein er pålagd. Vurdering av tiltak for å nå målet pågår.
- Få avklart kva rolle fagutvikling og koordinering skal ha i høve arbeidet med kommuneplan og styrings- og kvalitetssystem
- Bemanning/kompetanse knytt til skule- og barnehagesektoren
- Ressursar og kompetanse knytt til koordinatorrolla i ansvarsgrupper for barn med rett til individuell plan

Kostra-tal

Administrasjon, styring og fellesutgifter	Førde		Kommunegr. B		Sogn og Fjordane		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	5448	5701	3764	3767	5492	5813	4043	4291
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	3488	3681	3180	3399	4921	5163	3658	3933
Lønnsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	3001	3217	2260	2258	3398	3627	2514	2656
3.2 Brutto driftsutgifter for administrasjon, styring og fellesutgifter								
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring, i kr. pr. innb.	261	338	303	360	529	649	316	386
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb.	102	99	70	66	148	143	83	86
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb.	4604	4751	2977	2916	4256	4451	3170	3326
Brutto driftsutgifter til funksjon 121, Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. innb.	242	240	114	127	131	142	129	151
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb.	239	274	300	298	428	428	345	342
Brutto driftsutgifter til F 170 og 171 (premieavvik), i kr. pr. innb.	-314	67	-372	209	-598	-10	-684	-44
Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb.	17	29	47	29	135	140	77	-437
Brutto driftsutgifter til funksjon 190 Interne serviceenheter, i kr. pr. innb.	3	0	21	16	45	40	106	96

Dette er vanskelege tal å samanlikne med andre då Førde til dømes har bruttokostnad for SYS IKT (interkommunal samarbeid) inkludert i kostnad til administrasjon, styring og fellesutgifter.

Vi ser av tabellen at Førde kommune har noko auke i netto driftsutgift pr. innbygger i administrasjon, styring og fellesutgifter frå 2010 til 2011. Nivået på netto driftsutgifter til

Skule

Organisering

Einig	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Angedalen skule	Ingunn Ramstad/Therese Helland frå 1.august	6.1	8	10.0
Flatene skule	Frode Solemdal	28.5	37	7.6
Frøysland skule	Lilly Grøneng	2.4	3	4.6
Førde barneskule	Åsmund Rakke	27.8	37	8.1
Førde ungdomsskule	Kjell Skaaheim	32.2	41	4.8
Halbrend skule	Åge Stafsnes	44.1	49	4.8
Holsen skule	Synneve Reiakvam	5.6	8	7.9
Karstad skule	Britt N.Solheim	4.7	7	4.1
Slåtten skule	Turid Hatlem/Torhild Hvidsten til 1.februar	41.2	57	7.3
Sunde skule	Anne Midtbø	18.1	21	2.5

Økonomi

Einig	Budsjett 2011	Rekneskap2011	Avvik i kr	Avvik i %
Angedalen skule	3.722	3.504	-218	-5.8
Flatene skule	15.388	15.274	-114	-0.7
Frøysland skule	1.798	1.696	-101	-5.6
Førde barneskule	15.622	15.712	+89	+0.5
Førde ungdomsskule	23.202	22.650	-552	-2.3
Halbrend skule	27.491	27.931	+439	+1.5
Holsen skule	3.560	3.495	-65	-1.8
Karstad skule	3.096	3.097	+1	0
Slåtten skule	21.821	22.219	+397	+1.8
Sunde skule	9.030	8.845	-185	-2.0
Felles Rådmann	3.193	3.558	+367	+11.4
Samla skule	127.981	127.923	+58	+0.04

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Førdeskulen	I 2011 har også Førdeskulen styrka sitt omdøme som ein god skule både med faglege gode resultat til eksamen, men også gjennom auka trivsel for elevane. Også dette året har mange kommunar/skular vore i kontakt med Førdeskulen for å lære. Då både gjennom direkte besøk på skulane, men også ved at leiarar har hatt oppdrag hos kommunar og på konferansar rundt

Kvalitetssystem for Førdeskulen	Kvalitetssystemet for Førdeskulen har blitt vidareutvikla dette året, og inneheld no krav om at det skal gjerast vurderingar av resultatane frå alle undersøkingar og testar både på individnivå og systemnivå. Det skal også utarbeidast tiltaksplanar for å setje ut i livet tiltak som oppfylging av desse vurderingane. Kvalitetsutvikling skal stå i fokus på alle nivå. I løpet av 2011 har dei fleste skular gjennomført dette og systemet ser ut til å fungere godt. Tilsyn frå Fylkesmannen syner at vi her er på rett veg, og hadde dette våre på plass våren 2012 på alle skular, så kunne vi unngått avvik.
Mobbemanifest/Opplæring i klasseleiing	Førde kommune v/ordføraren skreiv under på det Nasjonale mobbemanifestet og alle skulane har fylgt dette opp på eigen skule. Hovudtiltaket mot mobbing i Førde er god klasseleiing og tydelege vaksne. Som oppfølging av dette har 23 lærarar delteke på vidareutdanning i klasseleiing. I tillegg deltok alle lærarane på førelesinga til Thomas Nordahl om same tema i oktober, og fleire skular deltok på opningsførelesinga til Knut Roald i august om same tema. Dette var eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.
God budsjettstyring	Rekneskapen for skulesektoren syner eit avvik på 58.000 kroner av eit netto budsjett 127 mill. Dette syner at det er utøvd svært god budsjettstyring i alle ledd i sektoren. Det syner også at det går å ha god økonomistyring og få gode resultat innanfor svært stramme rammer. Men dette resultatet kjem m.a. av at leiarane utøver ein jobb som går langt utover det som normalt kan forventast innanfor normal arbeidstid.

Måloppnåing Brukarane

	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
<p>1.1 Tilpassa opplæring Innføre portfolio som arbeidsmetode i Førdeskulen innan 2011</p> <p>Alle elevar skal ha sin eigen digitale portfolio, og ved hjelp av denne vise si utvikling og forklare si eiga læring. Portfolio er sentral i alle elev og foreldresamtaler og gir eit breidt bilde av eleven si faglege og sosiale utvikling</p> <p>Elevundersøkinga skal nyttast for å få eit bilde av korleis elevane opplever at undervisninga gjev utfordringar og er tilpassa deira evne og føresetnader.</p>	Skulen skal ha teke i bruk analog portfolio på alle steg frå 31.12.2011	Årsmelding og skulebesøk syner at ein del skulane har på plass analog Portfolio. Mange er også godt i gang med digital portfolio. Samstundes syner dei same besøka at det nokre stader har vore så stort fokus på utforminga av sjølv Portfolioen at den har vorte hovudmålet og ikkje at den skulle syne elevane si læring.

<p>a. Korleis er oppgåvene du får på skulen</p> <p>Førde kommune har som mål å redusere talet på elevar som får spesialundervisning</p>	<p>skal vere: 60%</p> <p>8.6%</p>	<p>53%</p> <p>8.9%</p>
<p>1.2 Lese og skriveopplæring</p> <p>Det skal gjennomførast kartleggingsprøver på alle steg som har sentralt utarbeidde prøver. Kartleggingsprøver: 2.steget : Elevane i Førde skal prestere godt over nasjonalt nivå Nasjonale prøver</p> <p>5.steg: Førde skal ligge over nasjonalt nivå</p> <p>8.steg: Førde skal ligge over nasjonalt nivå</p> <p>Eksamensresultata i norsk skal vere over 3.9 og skilnaden mellom eksamen og standpunkt skal vere 0.3 eller mindre.</p> <p>Alle elevar skal ha fått leseutfordringar tilpassa sitt eige nivå. LUS skal nyttast som kartleggingsverktøy på alle nivå i Førdeskulen og det skal utarbeidast tiltaksplanar for å få alle elevar opp til sitt lesenivå</p>	<p>Over kritisk grense 90%</p> <p>På nivå 1 skal det vere mindre enn: 20%</p> <p>På nivå 1 og 2 skal det vere mindre enn: 14%</p> <p>3.9 0.3</p> <p>Gjennomført</p>	<p>92.7%</p> <p>23.5%</p> <p>26,5%</p> <p>Hovudmål: Eksamen: 3.9 Standpkt: 4.2 Diff: 0,3 Sidemål: Eksamen; 3.9 Standpkt: 4,1 Diff: 0.2</p> <p>Årsmelding og skulebesøk syner at dei fleste skulane er komne langt i å nå dette målet</p>
<p>1.3 Matematikk "Å kunne rekne"</p> <p>Det skal gjennomførast kartleggingsprøver på alle steg som har sentralt utarbeidde prøver Kartleggingsprøver: 2.steget : Elevane i Førde skal prestere godt over nasjonalt nivå</p>	<p>Over kritisk grense: 90%</p>	<p>90.7%</p>

<p>1.4 Digital kompetanse</p> <p>4. steg: Elevane skal kunne nytte digitale hjelpemiddel som t.d PP for å presentere eige arbeid.</p> <p>Alle elevar skal nytte læringsplattform frå 1. steg, alle skular har ein plan for elevane og lærarane sin bruk av LMS</p> <p>Det skal vere kommunal plan for bruk av LMS</p> <p>Elevundersøkinga: Scoren på elevar som svarar "fleire gonger i veka" på spørsmålet "Kor ofte bruker du PC/data til arbeid på skulen" skal aukast:</p> <p>7. steg: 57 % i 2009 til 100 % 2013</p> <p>10. steg: 30 % i 2009 til 100% i 2013</p>	<p>Alle elevane i 4. klasse har laga 1 PP presentasjon</p> <p>Alle elevane kan å bruke Fronter</p> <p>Planen er på plass</p> <p>7.steg: 65%</p> <p>10.steg: 40%</p>	<p>Årsmelding og skulebesøk syner at dette er gjennomført.</p> <p>Skulebesøk og årsmelding syner at dei fleste har nådd målet</p> <p>Planen er ikkje ferdig</p> <p>39%</p> <p>48%</p>
<p>1.5 Elevvurdering</p> <p>4.steg: Elevane skal vere med på å setje eigne mål saman med lærar og foreldre. Eleven skal vere med og vurdere om måla er nådd. Læraren skal gje tilbakemelding på kva han må gjere for å bli betre i faga..</p> <p>Elevundersøkinga:</p> <p>Scoren på elevar som svarar i "i alle eller dei fleste fag/mange fag" på spørsmålet "fortel lærarane deg kva du bør gjere for at du skal bli betre i faga" skal aukast:</p> <p>7.steg: Frå 72% 2010 til 100% i 2014</p> <p>10.steg: Frå 57% i 2010 til 100% i 2014</p> <p>7. steg: Scoren på elevar som svarar "i alle eller dei fleste fag/Mange fag" på spørsmålet" spør læraren deg kva du sjølv synest om skulearbeidet ditt", skal auke frå 52 % i 2010 til mellom 100% i 2013</p>	<p>Alle elevane har vore med å sett eigne mål i samband med elev og foreldresamtale</p> <p>7.steg: 80%</p> <p>10.steg: 65%</p> <p>7.steg.: 60%</p>	<p>Skulebesøket og årsmelding syner at alle er komne langt med dette på 4.steget</p> <p>78%</p> <p>76%</p> <p>62%</p>

<p>Elevinspektørane:</p> <p>7.steg: Scoren på elevar som svarar ”i alle eller dei fleste fag/Mange fag” på spørsmålet ”har lærarane fortalt korleis elevane kan vere med på å bestemme korleis dei skal arbeide med faga” Skal auke frå 64% i 2010 til 100% i 2013</p>	75%	86,%
<p>1.7 Trivsel</p> <p>Elevundersøkinga:</p> <p>Alle elevar: Scoren på elevar som svarer ”svært godt/godt” på spørsmålet ”trivast du godt på skulen” skal vere 98% i 2014</p>	95%	95,2%
<p>1.8 Mobbing</p> <p>Det skal føreligge ein kommunal plan for tiltak mot mobbing og denne skal konkretiserast ved alle skular.</p> <p>4 steg: Ingen elevar skal føle seg mobba</p> <p>Ingen elevar skal føle seg mobba på skulane i Førde. Skal målast gjennom Elevundersøkinga på ved å sjå på scoren på elevar som svara ”ikkje i det heile tatt” på spørsmålet ”er du blitt mobba på skulen dei siste månadane” .</p>	<p>Plan ferdig</p> <p>Ingen saker meldt til skulen om mobbing</p> <p>7.steg: 100%</p> <p>10.Steg: 100%</p>	<p>Kommunen har slutta seg til Manifest mot Mobbing og dette er fylgt opp på skulane.</p> <p>Skulebesøka syner at det ikkje er saker om mobbing på 4.steget</p> <p>96.8%</p> <p>95.7%</p>
<p>1.9 Elevane sitt arbeidsmiljø</p> <p>Alle elevane i Førde har rett til eit trygt og sikkert arbeidsmiljø. Korleis dette er skal målast gjennom Elevundersøkinga :</p> <p>Ved å sjå på scoren på elevar som svarer ”svært ofte eller alltid på spørsmålet ” Blir du forstyrta av at andre elevar lagar bråk og uro i arbeidsøktene”</p>	<p>7.steg: 7%</p> <p>10.steg: 7%</p>	<p>5.3%</p> <p>4.3%</p>

<p>Alle resultat frå det nasjonale og kommunale kvalitetssystem skal drøftast med foreldra</p> <p>Foreldreundersøking: Scoren på spørsmålet: "Jeg/vi, kontaktlæreren og barnet mitt/vårt kommer i hver samtale til enighet om hva barnet mitt/vårt selv skal følge opp i forhold til egen læring og utvikling" skal auke frå 4.5 i 2008 til 4,7 i 2012</p>	<p>Skal vere gjennomført drøfting</p> <p>Ikkje undersøking i 2011</p>	<p>Gjennom skulebesøka og innsending av referat er det stadfesta at slik drøfting er gjennomført på mange skular.</p>
<p>1.11 SFO/Leksehjelp</p> <p>Brukarundersøking: Gjennomsnittleg brukertilfredsheit på spørsmålet om informasjon skal auke frå 4 i 2009 til 4,5 i 2011</p>	<p>4.5</p>	<p>Ikkje undersøkt</p>

Medarbeidarar

	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
<p>2.1 Kompetanseutvikling</p> <p>Alle lærarane skal ha IKT kompetanse i samsvar med LIKT standard</p> <p>Alle lærarar skal kunne nytte varierte arbeidsmåtar i klasserommet som tek omsyn til at elevlar lærar forskjellig.</p> <p>Alle lærarar skal nytte varierte metoder/verktøy der elevane får høve til å sette individuelle mål for læring, vurdere desse og får tilbakemelding frå lærar.</p>	<p>90% av lærarane har nådd standarden</p> <p>Rektor har sett at dette skjer ved skulevandring</p> <p>Gode resultat på elevundersøkinga når det gjeld fagleg tilbakemelding til elevane</p>	<p>Måla nådd i 2011</p>
<p>Læring på arbeidsplassen</p> <p>Medarbeidarundersøking: Alle tilsette skal ha kunne ha høve til fagleg og personleg utvikling i jobben. Vi skal auke scoren på tilfredshet omkring dette frå 4,4 i 2009 til 5 i 2012.</p>	<p>Ikkje undersøking i 2011</p>	

<p>som motiverer og fremjar lærelyst. Dette skal målast gjennom Elevundersøkinga ved å måle scoren på elevar som svarar "svært fornøgd/fornøgd" på spørsmålet "er du nøgd med lærebøker og utstyr"</p>	<p>7.steget: 80 % 10.steget: 55%</p>	<p>83% 50%</p>
<p>3.2 Digital kompetanse</p> <p>Alle elevar skal ha tilgang til datanettverk i klasserommet sitt .</p> <p>Alle lærarane skal ha tilgang til PC i klasserommet.</p> <p>Førde kommune har fastsett ein skulestandard/klasseromsstandard for IKT og AV utstyr</p>	<p>3 elevar pr. PC på u.steget og 4 på barnesteget</p> <p>Alle klasserom skal ha PC tilkobla nettverk og prosjektor</p>	<p>Ikkje kartlagt</p> <p>Status er at dette kom på plass i 2011</p>
<p>3.3 Tilpassa opplæring</p> <p>Førde kommune skal ha redusert tal elevar pr. lærar til landsgjennomsnittet</p>	<p>11.7</p>	<p>11.9</p>

Samfunn

	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
<p>4.1 Skulen og eleven i lokalsamfunnet</p> <p>Elevane på ungdomssteget skal få eit godt grunnlag for framtidig yrkesval. Korleis vi lykkast med det, skal målast gjennom Elevundersøkinga ved å sjå på Scoren til elevar i 10.kl som svarar "svært fornøgd /fornøgd" på spørsmålet "I kva grad er du fornøgd med informasjonen du får frå skulen i forhold til å velje type vidaregåande opplæring som passar for deg"</p>	<p>10.kl.: 75%</p>	<p>76%</p>

Interne prosessar

	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
<p>5.1 Lærande organisasjonar</p> <p>Skulane skal systematisk nytte resultat frå dei kommunale og nasjonale kvalitetssystema som grunnlag for endring.</p>	<p>Det føreligg tiltaksplanar for å fylgje opp resultatane frå kartleggingsprøvene, Nasjonale prøver og Elevundersøkinga. Nye mål for 2011 i Handlingsplanen Alle skular har starta</p>	<p>Årsmelding og skulebesøk stadfestar at dette er på plass i dei fleste skulane.</p> <p>Skulebesøka</p>

- Målet om 0.2 eller mindre i forskjell mellom eksamen og standpunkt til eksamen i matematikk i 10.Klasse er nådd.
- På 10..steget svarar 48% av elevane at dei nyttar data meir enn 1 gong i veka på skulen og dette er betre enn målet vi sette på 40%.
- Elevane i på 7. og 10. steget svarer h.h.v. 78% og 76% at lærarane i alle/dei fleste fag fortel kva dei skal gjere for å bli betre. Dette syner at målet på 80% og 65% samla sett er nådd.
- Av elevane på 7.steget svarer 86 % att læraren fortel dei korleis dei kan vere med på å bestemme korleis dei skal arbeide med faga og det er betre enn målet som vart sett på 75%
- Av elevane i 10.klasse svarar 75% at lærarane har snakka om kva som vert kravd for å oppnå dei ulike karakterane og det var også målet.
- 95.2 % av elevane i Førde svarar at dei trivast på skulen. Målet er sjølvsagt at alle skal trivast, men trivselen i Førdeskulen er langt over landsgjennomsnittet og resultatet var i tråd med målet som vart sett.
- Elevundersøkinga syner at det er mindre mobbing i Førdeskulen enn i landet og fylket. Førde kommune har også slutta seg til manifest mot mobbing og dette vert fylgt opp på alle skular. Vi må difor kunne seie at målet for 2011 er nådd sjølv om vi ikkje nådde målsetjinga om 100% mobbefritt skulemiljø.
- På spørsmålet om dei vert uro av andre elevar som lagar bråk i timane, svara h.h.v. 7. og 10 steget 5.3%/4.3%. Dette er stor framgong for begge klassestega frå året før. Målet er sjølvsagt 0% på lenger sikt, men resultatet er betre enn målet på 7% som vart sett for 2011.
- Mange elevar er no nøgde med informasjonen i høve val av v.g.opplæring, og resultat på 76% fornøgde var betre enn målet på 75%. Det syner at arbeidet med Utdanningsval no gjev resultat.
- Vi har no fått på plass systemet med rektor si skulevandring for å gje lærarane faglege tilbakemeldingar. Dei fleste lærarane har gjeve tilbakemelding om at dei er nøgde med dette systemet.
- 83% av elevane i 7.kl. var fornøgd/svært fornøgd med lærebøker og utstyr. Dette er over målet på 80%.
- Målet om at alle klasserom skal ha ein PC tilkobla nettverk og prosjektor vart nådd
- Målet er at resultatata frå ulike kartleggingar skal drøftast med foreldra og dokumentasjonen syner at dette no er gjennomført i dei fleste klassar og skular.
- Alle skular drøftar no resultatata frå alle kartleggingar og undersøkingar og utarbeider tiltaksplanar på basis av drøftingane slik målet var. Dette er stadfesta gjennom skulane sine årsmeldingar og innsending av rapportar.

- På 7.steget svarar 39% av elevane at dei nyttar data meir enn 1 gong i veka på skulen. Dette er ein stor nedgang og langt unna målet vi sette på 65%.
- Av elevane på 10.steget er det berre 29% som svarer at lærarane spør dei korleis dei vurderer eige skulearbeid medan målet var 35%
- Talet på elevar som får spes.ped auka frå 8.8% til 8.9% og målet om nedgang til 8.6% vart ikkje nådd.
- 50% av elevane i 10.kl var fornøgd/svært fornøgd med lærebøker og utstyr. Sjølv om det var framgong frå året før, så vart ikkje målet på 55% nådd
- Målet om meir tilpassa elevar gjennom færre elevar pr lærar vart ikkje nådd.

Utfordringar framover

- Vi er komne langt i den digitale utviklinga av Førdeskulen, men den Serverplattformen vi laga i 2005 for elevnettet held ikkje lenger mål. Vi er i gang med ei oppgradering og den må halde fram i 2012 for kunne halde tritt med utviklinga. Vi må også fornye maskinparken til elevane. Vi må også fornye og utvikle dei pedagogiske programvarene . For å få dette til må kompetansen på kommunenivå aukast og det må avsetjast tid/få på plass kompetanse på kvar einskild skule for å fylgje opp lærarane.
- Svært knappe midlar til drift over lang tid slår no ut på mangel på læremiddel utstyr for elevane og har konsekvensar for deira læring. M.a. hemmar det no den satsinga vi gjer på LUS (Leseutvikling) og veileda lesing for å rette opp dei dårlege resultatane på leseundersøkingane. Satsinga vil kreve mykje meir tilgang på tilpassa lesemateriell. Ei av dei store utfordringa i norsk skule er å få auka elevane si forståing m.a. av ulike begrep. Dette vil krevje mykje meir konkretiseringsmateriell i dei ulike faga for å få til.
- Det vert stadig fleire elevar med spesielle behov som krev store ekstra ressursar. Mangel på slike ressursar går kvar dag utover kvaliteten på det tilbodet vi gjev, men det aukar også slitasjen på dei tilsette og kan på sikt føre til auka sjukefråvær. Mangel på midlar til å setje inn vikarar forsterkar berre desse problema. Vi ser også at prosenten elevar med spes.ped. vedtak aukar medan målsetjinga var ein nedgang.
- Auken i tal lærarar over 55 år som skal ha nedsett leseplikt fører til at elevane får færre undervisningstimar. Skulane må få kompensert dette for å kunne halde opp kvaliteten i Førdeskulen
- Alle skulane gjev uttrykk for at det administrative trykket har auka over tid utan at dei administrative ressursane har auka. Dette samsvarer med det som Tidsbrukutvalet har påpeika, og vi må sjå på korleis vi kan styrke dei administrative og pedagogiske støttesystema for å gjer rektorane våre til enno betre leiarar.
- Vi har hatt stor utskifting av rektorar i Førdeskulen dei siste åra. Samstundes har skulane i Førde utvikle seg i noko ulik lei, og omgrepet Førdeskulen har vore i fare. I

Kostratal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Andel 6-15 år av innbygg.	14,5	14.3	12.5	12.4	13.4	13.3	13.7	13.5
Nettodrift grunnskuleoppl. i % av samla driftsutg.	35	33.5	28.5	29.8	30.4	31.4	33.0	33.1
Prosentelevar som får spes.ped.	8,8	8.9	8,2	9.0	9,1	9.1	8,4	8.6
Grunnskulepoeng	42,59	43.6						
Netto driftsutg. pr. innbygger 6-15 år	85.848	88.455	88.514	92.259	99.996	104.288	86.694	89.579
Netto driftsutg. til lokaler og skyss pr.innb.6-15	14.818	15.330	17.004	17.601	17.745	17.974	15.507	16.227
Gj.snitt gruppestorleik 8. – 10. klasse	15.1	15.4	14.9	14.7	12.7	12.8	15.1	15.1
Gj.snitt gruppestorleik 1. -7. klasse	13.1		13.2		10.5		13.2	
Gj.snitt gruppe 1.-4.		12.4		13.2		10.5		13.5
Gj.snitt gruppe 5.-7.		12.9		13.0		10.3		12.8
Datamaskin pr.elev								
Driftsutg. Inventar og utstyr pr. elev	456	562	852	850	711		730	744
Driftsutg. underv. matr. pr. elev	1.267	1073	1.492	1774	1.761		1.465	1377
Overgang v.g.skule		95.5		96.6		98.6		97.7

Kommentarar:

Kostrata tala syner at Førde framleis har ein mykje større del av befolkninga i alderen 6-15 år enn dei fleste andre kommunar. Difor må også kommunen nytte ein tilsvarande større del av budsjettet sitt på denne gruppa enn dei fleste andre kommunar. Tala syner elles at Førde framleis nyttar ein del mindre pr. elev til grunnskuleundervisning enn gjennomsnittet. Dette til tross får vi svært gode faglege resultat, noko m.a. stor auke i grunnskulepoeng syner.

KOSTRA tala underbygger elles det som er sagt om manglande midlar til drift i skulane, og

Barnehage

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Halbrend Barnehage	Sidsel H.Øvrebotten	15.4	17	3.9
Solsida	Elin Hagen	20.9	23	9.7
Slåttebakkane	Edel Karin L.Langeland	10.6	12	14.4
Sunde barnehage	Aase Leknes	13.6	19	11.5
Vie	Siv Gråberg	22.9	24	10.1
Førde Familiebarnehage	Åse Leknes	12.1	17	12.5
Karstad barnehage	Britt N. Solheim	3.3	5	4.1
Tusenfryd	Elin Røyseth	20.9	22	7.3
Vieåsen	Sissel Elin Årdal	22.5	24	8.0
Holsen barnehage	Synneve Reiakvam	6.7	8	7.9
Hatlehaugen barnehage	Anita Bolstad Indrebø	11.8	14	13.3
Ytre Hafstad barnehage	Jorunn Kleiven	14.7	15	15.3

Økonomi

Eining	Budsjett 2011 (1000 kr)	Rekneskap 2011 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Slåttebakkane barnehage	4.238	4.383	+145	+3.4
Halbrend barnehage	6.599	6.140	-459	-6.9
Vie barnehage	9.192	9.021	-170	-1.8
Sunde barnehage	5.167	4.854	-312	-6.0
Solsida barnehage	8.829	8.201	-627	-7.1
Førde familiebarnehage	5.655	5.830	+175	+3.1
Vieåsen barnehage	7.421	7.392	-28	-0.4
Tusenfryd barnehage	8.231	8.029	-201	-2.4
Hatlehaugen barnehage	5.592	4.876	-715	-12.7
Ytre Hafstad barnehage	5.996	6.117	+121	+2.0
Karstad barnehage	1.539	1.512	-25	-1.6
Holsen barnehage	2.766	2.396	-369	-13.3
Private barnehagar	21.036	23.652	+2.616	+12.4
Rådmann	1.165	1.100	-65	-5.5
Samla barnehagesektoren	93.426	93.508	+77	+0.08

I 2011 var det store vanskar med å skaffe vikarar og mange leiarar nytta si tid til å vere vikar. Dette forklarar ein del av overskotet i barnehagane dette året.

Dette resultatet balanserer overskridinga på tilskot til dei private barnehagane på 2.6 mill og fører til at sektoren samla kjem ut med eit overforbruk på 77.000 av eit samla netto budsjett på 93 mill.

Det er ein balansegang å klare å holde budsjettet, samstundes som det ikkje skal gå ut over drift/ tilbodet vi gjev brukarane.

Innsparinga skuldast i hovudsak mindre utgifter på løn. Det kan også vere vanskeleg å skaffe nok og kvalifiserte vikarar til ei kvar tid. Styrarar og assisterande styrar må ofte vere vikarar på grunn av mangel på vikarar. Det er også ei grense for kor mange vikarar ein kan nytte samstundes, for å gje eit tilfredstillande tilbod til barna.

Jamt over yter barnehagane eit tilfredsstillande tilbod i periodar med sjukefråvær og mangel på vikar. Men vi ser at det pedagogiske tilbodet vert redusert, utviklingsarbeid stagnerer og personalet må prioritere tilsyn, tryggleik og grunnleggande behov. Ved fråvær og mangel på vikar maktar personalet i mindre grad å gjennomføre tiltak for barn med særlege behov, det vert vanskelegare å drive kartleggingsarbeid og å gjennomføre tiltak for å utvikle språk og sosial kompetanse, samt å førebyggje vanskar innan desse områda.

Mangel på vikar fører til høg slitasje på personalet, noko som igjen kan føre til auka sjukefråvær. Arbeidssituasjonen for dei tilsette er krevjande og kan vere utfordrande, men takka vere eit positivt personale med ståpåvilje og høg arbeidsmoral har barnehagane i Førde høg kvalitet på arbeidet som vert gjort. Personalet får gode tilbakemeldingar frå brukarane.

Måloppnåing

Brukarane	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
<p>1.1 Portfolio i barnehagen. ” Dette kan eg og dette er eg stolt av”</p> <p>Innføre Portfolio som arbeidsmetode i Førdebarnehagen innan 2011. Barna skal ha sin eigen digitale portfolio som viser kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen.</p> <p>Milepæl i 2011:</p> <ul style="list-style-type: none">• Alle barnehagane har definert sitt verdigrunnlag: Dette omhandlar: Syn på barn, læring, leik og omsorg.• Verdiane over er konkretisert og implementert hos dei tilsette slik at dei får betydning for korleis dei vaksne handlar i kvardagen <p>Alle barnehagar har flytskjema med underlagsdokument for foreldresamtale</p>	<p>Barnehagen har konkretisert sine verdidokument og alle vaksne kan presentere dei i møte med foreldra.</p>	<p>Årsmeldinga og besøk i barnehagane syner at alle barnehagane har definert sitt verdigrunnlag. Desse vert også presentert i møte med foreldra.</p>

Brukarane	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
<p>1.2 Språkutvikling</p> <p>Før barnet sluttar i barnehagen for å begynne på skulen skal 95 % av barna ha nådd mål for sin alder slik det er definert i TRAS (Tidleg Registrering Av barn si Språkutvikling)</p> <p>Systematisk observasjon og kartlegging av dei minste barna (0-2 år) si språkutvikling</p> <p>Dokumentasjon skal vere grunnlag for barnehagen sitt samarbeid med foreldra. Barnehagen saman med foreldra blir samde om mål og sett i verk tiltak når observasjon og kartlegging avdekkar barn har behov for ekstra hjelp</p> <p>Helsestasjonen skal gjennomføre språkkartlegging av alle 4-åringar ved hjelp av Språk 4. Barnehagane skal ha sett i gang tiltak med oppfølging av dei som Helsestasjonen sender over til barnehagen som bekymringssak.</p>	<p>95% av barna født i 2004 har nådd måla</p> <p>Alle skal ha vurdert resultatata frå TRAS for 3 og 5 åringar og vurdert kva tiltak ein vil setje inn på grunnlag av resultatata.</p> <p>Alle 4-åringar som barnehagen har fått rapport om frå helsestasjonen skal det vere sett i verk tiltak for.</p>	<p>Ca 90%</p> <p>Alle barnehagane har vurdert resultatata frå TRAS og sett i gang tiltak der dette er vurdert som naudsynt.</p> <p>Barnehagane har fått få tilbakemeldingar frå Helsestasjonen og det er sett i gang tiltak der dette ikkje var gjort før.</p>
<p>1.3 Barn sin medverknad</p> <p>Alle barn skal ha høve til medverknad i samsvar med standardane som er fastsette i kommunen</p> <p>På spørsmål i brukarundersøkinga om kor nøgd er du med:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barnet ditt si mulighet til å vere med på å bestemme innhaldet i barnehagen 	<p>Standardane syner igjen i barnehagane sine årsplanar. Barnehagane skal ha vurdert sin eigen status i høve standardane</p> <p>4.5</p>	<p>Årsplanane syner at dette er på plass</p> <p>Ikkje kartlegging i 2011</p>
<p>1.4 Læring i barnehagen</p> <p><u>Tal, rom og form</u></p> <p>Alle barnehagar har eit miljø som stimulerer barna si matematiske utvikling, med utgangspunkt i barnet sine interesser og uttrykksformer :</p> <p><u>Språk, tekst og kommunikasjon:</u></p> <p>Alle barnehagar har eit miljø som stimulerer barna si språklege utvikling, med utgangspunkt i barnet sine interesser og uttrykksformer</p>	<p>Miljøet er tilrettelagt i samsvar med dei verdiane barnehagen trur på</p>	<p>Årsmeldinga og besøk i barnehagane syner at dette er på plass i dei fleste barnehagane.</p>
<p>1.5 Dokumentasjon</p> <p>Barna si læring og personalet sitt arbeid skal gjerast</p>		

Brukarane	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
<p>1.6 Digitale verktøy Barna skal få oppleve at digitale verktøy kan vere ei kjelde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap innan 2010</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pedagogane nyttar IKT som verktøy i dokumentasjonsarbeidet • Barn skal det siste året i barnehagen ha fått erfaring med bruk av PC og fotoapparat 	5 åringane kan nytte fotoapparat og PC til å dokumentere hendingar i barnehagen	Alle barnehagane har PC og fotoapparat og dette vert nytta av borna.
<p>1.7 Mobbing Ingen barn skal føle seg mobba i Førdebarnehagen</p>	Ingen registrerte henvendingar frå foreldre om mobbing er registrert	Det er ikkje registret henvendingar om mobbing i barnehage
<p>1.8 Foreldremedverknad På spørsmål i brukarundersøking på: kor nøgd er du med:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Interesse barnehagen syner for synspunkta dine? 2. Moglegheitene til å verke inn på tilbodet i barnehagen? 3. Samarbeidet mellom barnehagen og heimen? <p>På spørsmål i brukarundersøking på: kor nøgd er du med:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Informasjon om korleis barnet ditt har det? 2. Informasjon om det som skjer i barnehagen? 	4.8 4.7	Ikkje kartlegging i 2011

Medarbeidarar	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
<p>2.1 Kompetanseutvikling Det skal vere ein årleg tiltaksplan for kompetanseheving i Førdebarnehagen i samsvar med sentral kompetanseplan med fokus på desse områda:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pedagogisk leiing, språk, overgang barnehage – skule og medverknad • Utvikle kunnskap om portfolio i barnehagen • Pedagogisk dokumentasjon • IKT 	Plan føreligg	Plan er ikkje laga p.g.a. manglande barnehagekompetanse på kommunenivå
<p>2.2 Likestilling i barnehagen Vi skal auke andel menn i barnehagen frå 8,9 % i</p>	13%	13.2%

Medarbeidarar	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Alle tilsette skal ha kunne ha høve til fagleg og personleg utvikling i jobben.	4.6	Ikkje kartlegging i 2011

Økonomi	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
3.1 Barnehageplass til alle barn Frå 01.01.2009 fekk alle som fyller 1 år innan 1. september rett til barnehageplass. Førde kommune skal auke dekningsprosenten for barn 1-5 år 92% i 2011 for å oppfylle retten til barnehageplass.	92%. At alle som var 1 år i løpet av august fekk plass	93.1% Alle som vart 3 år i løpet august fekk plass
3.2 Personalet Andel tilsette med førskulelærerutdanning skal auke frå 30,8% i 2004 til 34% i 2010	34%	30.1%
3.3 Læringsmiljø Leike og opphaldsareal pr. barn skal auke frå 4,14 i 2004 til 5 i 2014 På spørsmål i brukarundersøkinga på Kor nøgd er du med: 1. Leikeforholda ute? 2. Standard på bygga? 3. Innemiljøet i barnehagen	4.7 4.4	5.6 Ikkje kartlegging i 2011

Samfunn	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
4.1 Overgang barnehage - skule. Barnehagen skal bidra til gode samarbeidsrelasjonar med skulen og sikre at relevant informasjon om einskildbarn og generell kunnskap om det barna har lært i barnehagen vert overført til skulen. Milepæl 2010: <ul style="list-style-type: none"> Kommunal plan for overgang frå barnehage til skule fungerer i praksis. 	Det er gjennomført samhandlingsmøte og at det føreligg referat frå desse Alle barnehagane har overført informasjon i samsvar med planen.	Alle skular og barnehagar har delteke på slike møte og det er sendt referat til kommunalsjefen. Informasjonen tilseier at informasjonen vert overført til skulane i samsvar med planen

Interne prosessar	Ønska resultat i	Oppnådd resultat i
-------------------	------------------	--------------------

Mål som vart nådd

- I juni fekk den siste med rett til barnehageplass eit tilbod i ein av dei nye barnehagane. Vi hadde med det nådd målet om full barnehagedekning. No har 93.1% av alle barn mellom 1 og 5 år barnehageplass i Førde. I gruppa 3-5 år har 99.5% barnehageplass og med det har stort sett alle eit likt utgangspunkt når dei kjem på skulen.
- Systemet for overgang barnehage er i funksjon og fungerer svært bra. Skulane tek i mot og nyttar TRAS etter intensjonane. Vi har fått til gode overgangar og at samarbeidet føregår på likeverdig grunnlag.
- Alle barnehagane har verdidokument på plass som er i aktiv bruk.
- Ikkje registrert mobbing i barnehagane
- Andelen menn i barnehagane i Førde har auka frå 11.7% til 13.2%. Sjølv om vi enno ikkje har nådd målet om 15%, har vi så mykje større andel menn enn fylket og landet slik at vi reknar målet for 2011 som nådd.
- Alle barnehagane nyttar digitale verktøy i arbeidet med barna og som dokumentasjon for verksemda.
- Overgangen barnehage- skule fungerer godt i tråd med den kommunale planen.

Mål som er delvis eller ikkje nådd

- Andelen tilsette i barnehagane i Førde med førskulelærer utdanning har auka nok men vi er langt unna målet om 50%. Vi ligg også godt under fylket og landet. Det positive er at alle dei 20 førskulelærarane som går på den desentraliserte førskuleutdanninga har halde fram med studiet og har no berre litt over 1 år igjen før dei er ferdige..
- Vi nådde ikkje målet som var sett i høve resultatet av arbeidet med språkutviklinga i barnehagane.
- Det vart gjennomført felles planleggingsdag i oktober, men andre felles tiltak for kvalitetsutvikling i barnehagane vart ikkje gjennomført i 2011. Grunnen er manglande kapasitet og kompetanse på kommunenivået.

Utfordringar framover

- Utfordringa komande åra er å få på plass permanente lokale til erstatning for dei mellombelse løysingane vi enno har. I ny NOU om barnehage, er det også framlegg om å endre forskriftene om Familiebarnehagar. Dette medfører at alle barnehageavdelingane i Førde fell utanfor lova sine krav og må erstattast av andre tilbod på sikt.
- Barnetalet i Førde aukar og dei store fødselskulla held fram. Førde sin andel av born i alderen 1 år er mykje høgare enn både landet og samanliknbare kommunar . Dette

- Frå 01.01.2011 vart dei øyremarka midlane lagt inn i rammeoverføringane til kommunane. Det vart overført midlar til nokolunde å halde fram med eksisterande drift. Utfordringa er at kommunen må ta heile kostnaden med nye plassar, og det er ei stor utfordring når kvar plass kostar ca 150.000 kr.
- Det ser ut til at talet på born med ekstra hjelpebehov aukar, og utfordringa vert då å ha nok midlar til å ta imot desse borna på ein forsvarleg måte. Her er vi på grensa av det forsvarlege no.
- Vi må styrke arbeidet med språkutviklinga til borna i barnehagen. Dette vert ekstra viktig ettersom vi dei siste åra har hatt synkende resultat på Nasjonale prøver i lesing på barnesteget.

Kostratal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Andel innb. 1-5 år	7.8	7.6	6.2	6.3	6.0	6.0	6.2	6.5
Netto driftsutg. for barnehg. i % av tot. drift	3.5	18.8	3.0	14.6	2,4	11.8	2,0	15.3
Netto drifts. utg. pr. innb. 1-5 år	15.807	110.672	18.333	108.696	17.463	103.816	13.040	103.768
% barn 1-5 år i b.hg	90,6	93.1	89,2	89.6	91,6	91.9	90,9	90.8
% barn 3-5 år i b.hg	99,1	99.5	96,4	96.5	98,4	98.6	97,3	97.6
% barn 1-2 år i b.hg	78,8	83.5	78,8	79.5	81,0	81.5	81,2	80.8
Brutto driftsutg. Pr. kommunal bruker	140522	147.278	145169	149.928	132189	139.216	139105	147.727
Utgifter til kom. Bhg pr. opph. time	47	50	49		46		47	
Andel menn i barnehage	11.7	13.2	8.5		6.2		7.1	
Andel tilsette med førskulelærarbak grunn	28.6	30.1	32.1	32.4	35.3	32.5	31.8	32
Tal barn pr. årsverk korrigert for alder	5.9	5.9	6.3		6.3		6.5	

Andre tenester innanfor oppvekstsektoren

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Førde Norsksenter	Ole Magnar Stein	14.1	16	3.6 %
PPT	Asbjørn Knapstad	13.9	17	7.8 %

Økonomi

Eining	Budsjett 2010 (1000 kr)	Rekneskap 2010 (1000kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Førde Norsksenter	6.973	6.576	-397	-5.7 %
PPT	5.563	5.202	-361	-6.5 %
Samla	12.536	11.778	-758	-6.0 %

Viktige hendingar

Norsksenteret:

Avdelinga for einslege mindreårige asylsøklarar på Bergum vart lagt ned sommaren 2011

Ny Husleigeavtale med auka areal på plass hausten 2011.

Måloppnåing

Brukarane	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Alle vaksne flyktingar som får busetting i kommunen skal ha tilbod om introduksjonsprogram med individuell plan seinast 3 mnd etter busetting	100%	90%
Individuell plan skal følgjast opp og evaluerast	100%	90%
Alle elevar skal ha ein individuell opplæringsplan	100%	90%
Tilbod til arbeidsinnvandrarar Framandspråklege elevar som er i arbeid skal få eit tilbod om opplæring på kveldstid	Det skal gjevast eit tilbod til arbeidsinnvandrarar og framandspråklege som er i arbeid på dagtid	Dei som melder seg får tilbod saman med arbeidsinnvandrarane.

Medarbeidarar	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
		lærarar i samarbeid med HIS og Fylkesmann i februar 2012
Alle medarbeidarane på Norsksenteret skal få tilbud om medarbeidersamtale minst ein gong pr. år	Alle medarbeidarane møter til medarbeidersamtale	Målet nådd
Førde Norsksenter skal knyte til seg to-språklege medarbeidarar/assistentar, som skal bistå lærarane slik at elevane så fort som mogleg kan få stetta kravet om 50 timar samfunnsfag på eit språk dei forstår		Det vart gjennomført slik opplæring med tospråkleg lærar for språkgruppene tigrinia, thai og farsi/dari
Tilsette skal oppleve samsvar mellom forventningar og krav til tenesta og den kapasitet og kompetanse tenesta har til å få arbeidet utført tilfredsstillande.	Avgrense oppdrag som gjeld utgreiing og ta vekk andre oppgåver frå tilsette	Har klart å avgrense oppgåvene for kvar tilsett, men det samla trykket på tenesta opplevest som uoverkommeleg til tider.

Økonomi	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
Førde Norsksenter skal registrere og vurdere verknadane av tilskotsordninga og informere om dette	Få til ein skriftleg, forpliktande avtale med nabokommunane om norskopplæring for framandspråklege	Det er utarbeidd framlegg til avtale
Auke stillingsstorleiken for alle kommunane i samarbeidet		Naustdal auka opp med 1st Frå 1.juli 2011

Samfunn	Ønska resultat i 2010	Oppnådd resultat i 2010
PPT behandlar sensitiv personinfo og har behov for å dokumentere arbeidet i samsvar med gjeldande lovkrav	Kome i gang med skriftlege «Retningslinjer for klientmapper i PPT»	Har hatt gjennomgang av lovverket for alle medarbeidarane i kontoret. Det er også laga utkast til retningslinjer.

Mål som vart nådd

- Gjev eit godt tilbud til alle flyktningar innan akseptabel tid etter at dei er busette..
- Elevane ved Førde Norsksenter har gode resultat på faglege testar
- Norsksenteret har fått på plass plan for kompetanseutvikling slik som målet var
- Gjennomført ei god opplæring i samband med kartleggingsprøvene i lesing for 2. klasse
- Har fått vekk ventelistene frå tidelgare og redusert ventetida til 3 mnd.
- Førde kompetanseteam har nådd måla om rettleiing/tiltak ute i barnehagane. Det er også blitt det lågterskeltilbodet det var meint å bli.

Helse og barn

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Helse og Barn		Magni Håvardstun	33,2	46	10,54%
	Helsestasjon		11,5	17	
	Barnevern		10	10	
	Bu- og avlastning		11,7	19	

- Eininga er delt opp i fagavdelingar som består av barnevern, helsestasjon og bu- og avlastningstenesta, i tillegg er det ansatt ein konsulent for funksjonshemma
- Eininga har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med IA

Økonomi

Eining	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr	Avvik i %
Helse og Barn	26 530 183	27 841 267	-1 311 084	-3,47

Årsak til det økonomiske avviket

Meirforbruk i rekneskapen er knytt til Bu- og avlastningstenestene.

- Høge kostnader ved kjøp av private avlastningstiltak
- Løn til vikar og tilhøyrande lønspostar var kraftig underbudsjettert
- To nye, krevjande einskildsaker.
- Fosterheimstiltak som ikkje var budsjettert

Viktige hendingar

- Helse og barn vart delt opp i to einingar frå 01.01.11. No er Helse og Barn: Barnevern, Helsestasjon og Bu- og avlastning.
- Helse og barn har vore utan einingsleiar sidan medio mars 2011. Medan einingsleiar har vore i permisjon har fagleiarane hatt eit utvida ansvar. Einingsleiar for Bu og miljø har hatt ansvaret for Bu- og avlastning.
- Utvikling av det tverrfaglege samarbeidet bl.a. gjennom Modellkommuneforsøket.
- Mange tilsette frå teneste har delteke i Opplæringspakken «Tidleg intervensjon – psykisk helse, rusmidler og vold» - opplæring i bruk av kartleggingsverktøy og samtalemetodikk i

Mål som vart nådd

- Nettsida er i hovudsak oppdatert, Helsestasjonen fekk gode tilbakemeldingar på dette i brukarundersøkinga.
- Fleire tilsette held på med relevant vidareutdanning, t.d. PMTO, ernæring, tilbydd opplæringspakke knytt til Modellkommuneforsøket inkl. tilbod om rettleiing.
- Barnevern har fått bemanna ledige stillingar

Mål som er delvis eller ikkje nådd

- Sjukefråværet har gått opp i frå 6,77% til 10,24%, samanlikningsgrunnlaget er ikkje det same sidan eininga er delt i to.
- Grunna sjukefråvær og vakanse har barneverntenesta fristbrot på undersøkingssaker. Ved auka bemanning og tilsette i alle stillingar, har vi som mål å rette dette opp i 2012.
- Det er ei utfordring for helsestasjonstenesta at stadig nye faglege krav, oppgåver og ansvar vert lagt til tenesta utan at det vert tilført nye ressursar. I 2011 kom det to nye faglege retningslinjer knytt til veging og måling i helsestasjon- og skulehelsetenesta og førebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme. Skal ein følgje retningslinjene til punkt og prikke, så krev det mykje ressursar.

Utfordringar framover

- Barnevernet vil ha utfordring med å ha stabil bemanning, redusere sjukefråværet, rette opp fristbrot i undersøkingssaker.
- Helsestasjonen: Tidleg utskrivning i frå barsel gjer at helsestasjonen må tidleg inn, og mange nyfødde/familiar treng til dels mange ekstrakonsultasjonar den første tida.
- Auke i behov for avlastning til barn og unge.
- Få eit meir fokus på førebyggjande helsearbeid mot barn og unge. Utfordringa her er å klare å vri økonomiske prioriteringar over på tidleg intervensjon og førebyggjande helsearbeid, og då på sikt få ned økonomien på behandling og tyngre tiltak.
- I 2011 var det ein tydeleg auke i tal premature (for tidleg fødde) barn, førekomst av tvillingar/trillingar og barn med særskilte behov/funksjonshemmingar. Om dette er ei trend, så gjev det monaleg auka arbeidsmengd for tenesta
- Stette nasjonale retningslinjer innafor helsetenester. Førde helsestasjon har per i dag ikkje tilstrekkelege ressursar til å følgje alle tilrådde konsultasjonar i tråd med nasjonale rettleiarar. Prioriteringa av helsestasjonstenesta 0-6 år har gått på bekostning av tilbodet i grunnskule og vidaregåande skule.
- Behovet for avlastningstenester er aukande dei nærmaste åra. Skal ei sikre gode kommunale tenester må eininga ha tilstrekkeleg med plassar.

Kostra

Helsestasjonen	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010
Andel nyfødte med heimebesøk innan to veker etter heimkomst.	84	74	82	77	76	70	92	86
Andel spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveuke	105	107	101	101	102	102	103	101
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	99	102	97	95	99	99	97	86
Årsverk i alt pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232 Enhet : Avtalte årsverk	1,4		5,4		3,3		2,3	
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggjarar 0-5 år. Funksjon 232	7,2	7,3	5,7	5,5	9,5	9,4	5,8	5,7
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelset. pr. innb 0-20 år, konsern	1792	1 680	1646	1 544..	1764	1 641	1649	1 543

Barnevern	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010
Stillingar med fagutdanning per 1000 barn 0-17 år	2,2	2,1	3,2	2,9	2,9	2,6	3,0	2,3
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneverntenesta	3 631	3 682	6 185	5 973	5 201	4 861	5 836	5 481
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (f. 244), prosent	36,4	36,3	33,5	34	34,7	34,2	32,4	32,4

Helsestasjonen ligg litt over gjennomsnittet når det gjeld forebygging, helsestasjons- og skulehelsetenesta, men årsverk pr. innbyggjar 0 – 5 år er låg.

Barneverntenesta har låge driftsutgifter pr. innbyggjar 0 – 17 år.

Legetenesta og rehabilitering

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Legeteneste og rehabilitering		Vakant	16,15	18	5,2%
	Legesenteret		9,3	13	
	Fysio/ergoterapi		5	5	
	Kommunale legestillingar		1,85		

- Eininga er delt opp i fagavdelingar som består av Legesenteret og Fysio/ergoterapitenesta.
- Eininga har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med IA

Økonomi

Eining	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr	Avvik i %
Legeteneste og rehabilitering	14 719 912	14 688 572	-31 340	-0,21%

Viktige hendingar

- Helse og barn var delt opp i to einingar frå 01.01.11. No består eininga av llegesenteret og fysio/ergoterapitenesta.
- Eininga har vore utan einingsleiar sidan november 2011. Ny einingsleiar er på plass 01.05.12.

Mål som vart nådd

- Det er unikt i landssamanheng at fleire av fastlegane ved Førde legesenter har delteke i Opplæringspakken knytt til Modellkommuneforsøket: «Tidleg intervensjon – psykisk helse, rusmiddel og vold – opplæringsprogram i bruk av kartleggingsverktøy og samtalemetodikk i møte med gravide og småbarnsforeldre». Dette vil forhåpentlegvis føre til eit betre tilbod til brukarane og eit betre tverrfagleg samarbeid kring målgruppa
- Fysio-/ergoterapi har hatt brukarundersøking, med godt resultat.
- Legesenteret har sett opp betalingsautomatar på venterommet.

senteret i to eller om ein skal halde fram som før. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på dette – arbeidet er planlagt avslutta til oktober-12.

- Fastlegeordninga står også framfor nye utfordringar knytt til Samhandlingsreforma og ny fastlegeforskrift. Forskrifta er enno ikkje vedteken, men slik den ligg føre, kan det medføre store endringar for fastlegane og kommunen. Behovet for fastlegar fram mot 2020 må kartleggast og planleggast.

Kostra

Fysio-ergoterapi	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2010	2011	2010	2010	2010	2011	2010	2011
Fysioterapiårsverkr pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 232, 233, 241 og 253.	8	8	8,7	8,4	9,9	9,8	8	7,8

NAV

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
NAV	Magne Kjetil Berg	11,5	14	1,21 %

Eininga har systematisk oppfølging av sjukefråværet i samsvar med IA.

Økonomi

Eining	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr	Avvik i %
NAV	18 995 583	15 991 182	3 004 401	15,81%

Årsak til det økonomiske avviket

- Føring av bunde fond på kr 1 660 991,- inn i driftsrekneskapen på kvalifiseringsprogrammet. Dette er øymerka statstilskot som kommunen fekk tildelt i 2008, 2009 og 2010, men pga forsinka utbetaling vart midlane sett på fond
- Uteståande refusjon frå andre kommunar frå tidlegare år for kommunal eigendel for brukarar på VTA-plass (Varig tilrettelagt arbeid) på Firda Produkt.
- Lågare drift på kvalifiseringsprogrammet med ca 500 000,- mindre enn budsjettert.
- Generelt underforbruk på drift og fleire refusjonar (inntekter) enn forventa.

Mål som vart nådd

- Ingen ungdom skal gå utan arbeid, tiltak eller tilbod om oppfølging i høve tiltak.
- Innvandrarar og flyktingar frå andre verdsdelar: Dei fleste i målgruppa har oppfølging i kvalifiseringsprogram, der det er god oppfølging.
- Mottakarar av sosialhjelp som hovudkjelde til livsopphald: Alle som skal ha oppfølging mot arbeid og aktivitet får oppfølging og behov for økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving får dette.
- Kontoret har stabil og god måloppnåing som tyder på god kontroll på oppfølgingsarbeid og –metodikk. Marknadsarbeidet har forbettringspotensiale, men NAV Førde har hatt god utvikling på tross av stillingsreduksjonane.

Utfordringar framover

- Stabilitet i bemanning: Dette vert vurdert som viktigaste enkeltfaktoren for stabilitet og vidare utvikling av tenestene i kontoret.

det vanskeleg økonomisk og/eller rus/psykiske vanskar er brukarar som kan bli "gløymde"
om ikkje fokuset vert halde høgt også på desse

NAV	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger, konsern	1422	1 276	1792	1 748	955	1 037	1392	1 351

Pleie og omsorg – miljøarbeidstenester og dagtilbod

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Psykiatritenesta	Børge Tvedt	21,74	30	10,25%
Bu- og miljøtenesta	Harald Bjarte Reite	38	60	10,51%
Kronborg ressursshage	Halvard Brekke	16,1	18	4,25%

Alle einingane har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med rutinane i IA. (inkluderande arbeidsliv).

Økonomi

Eining	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr.	Avvik i %
Psykiatritenesta	7 754 355	7 620 880	133 475	1,72%
Bu- og miljøtenesta	25 230 000	25 596 000	-366 000	-1,45%
Kronborg ressursshage	9 867 838	9 897 631	-29 793	0,3%

Psykiatritenesta har i 2011 hatt underforbruk. Bu – og miljøtenesta og Kronborg ressursshage har hatt eit lite overforbruk. I bu – og miljøtenesta skuldast dette i hovudsak høgt sjukefråvær og at ULOBA tiltaket (brukarstyrt pesonleg assistent) har vorte dyrare enn rekna med.

Viktige hendingar

- Bu-og miljøtenesta overtok ansvaret for oppfølging av eit ULOBA tiltak i løpet av året.

Mål som vart nådd

Brukarar

- Psykiatritenesta har hatt ein bra score på brukarundersøkinga.
- Alle som ynskjer det får individuell plan.
- Systematisk IPLOS-registrering i einingane.
- Brukarundersøkingar i Kronborg ressursshage og andre tilbakemeldingar gjer at ein vurderer at dei fleste som nyttar tilbodet har eit fagleg tilfredsstillande dagtilbod. Likevel er det viktig å sjå at det ligg utfordringar i korleis tilbodet skal utviklast vidare. Kronborg ressursshage har nådd målet å ha 15% av brukarane på eksterne arbeidsplasser.

Medarbeidarar

- Høgskulen gir psykiatritenesta rettleiingstilbod.

Interne prosessar

- Bu- og miljøtenesta har gjennomført SWOT-analyse i 2011.
- Det har vore fleire positive medieoppslag innafør desse einingane i 2011.
- Det er gjort SWOT- analyse i alle einingane.

Utfordringar framover

- Førde kommune er vertskommune for vesentlege delar av spesialisthelsetenesta sitt behandlingstilbod innanfor psykisk helsevern. Dette medfører press på tenestene og tilflytting av brukarar frå heile fylket. Dette vert berre i nokon grad kompensert ved refusjon.
- Behalde kompetente medarbeidarar. Eininga har mange tilsette med lang erfaring, realkompetanse og formalkompetanse. Utfordringa er å gje desse meiningsfulle arbeidsoppgåver som samsvarar med kompetanse.
- Ei vid søkergruppe (alder, funksjonsnivå, interesser osv.) krev ei breidde i tilboda på aktivitet/opplæring og fritidstilbod. For å lukkast i å nå den einskilde sine mål, er det nødvendig med individuelt tilpassa tilbod.
- Auka utskrivning, mindre institusjonsbehandling og mindre grad av reinlegging for stabilisering og vedlikehald av behandling i spesialisthelsetenesta, medfører auka press på kommunal psykiatriteneste. Spesialisthelsetenesta har kutta tal behandlingsplassar i psykiatrien i vår region vesentleg dei siste åra
- Dei ulike personalbasane har dårlege fysiske arbeidsmiljø, og det må setjast i verk tiltak for å betre dette for å kunne tilby gode nok arbeidstilhøve.
- Førde kommune er vertskommune for mange videregående skular. Dette gjer at nokre unge vel å busette seg i Førde etter endt skulegang. Erfaring tilseier 1-2 personar kvart år.
- Det vert større utfordringar innanfor alderspsykiatri. Dette området har einingane ikkje tilstrekkeleg kompetanse på. Det er naudsynt at Førde kommune tek stilling til korleis ein skal handtere denne utfordringa, og kva eining som skal opparbeide seg kompetanse på dette området.
- Brukarane/pasientane har meir spesielle og kompliserte behov
- Det er framleis viktig å legge til rette for kompetanseheving slik at personalet vert rusta til å møte større og nye utfordringar frå tenestemottakarar innanfor psykiatri, rus, blandingsdiagnosar m.m.
- Styrke samarbeidet og samordne planar, tiltak og ressursbruk innafør alle tenesteområde
- Styrke rekrutteringa til helgestillingar i alle tenestene.
- Rekruttering av støttekontakter.

Pleie og omsorg – Førde Helsetun og Heimetenesta



Utviklingscenter for
sjukeheimar og heimetenester
Sogn og Fjordane

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjuka-fråvær i %
Heimetenesta	Aud Viken	64,5	105	10,2%
Kjøkkentenesta	Aud Karin Gyting	11	18	7,97%
Skjerma eining	Gunvor Solheim Hjelkrem	17,5	30	8,24%
Eining 2	Unni Bruland Aasen	23,3	42	10,56%
Eining 3	Gunn Beathe Bruland	28,6	52	15,2%

- Einingane har systematisk oppfølging av sjukefråvær i samsvar med rutinane i IA

Økonomi

Eining	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr	Avvik i %
Heimetenesta	42 491 290	42 371 085	-120 205	-0,28%
Kjøkkentenesta	6 598 139	6 410 671	-187 468	-2,84%
Skjerma eining	10 656 600	10 617 800	-38 800	-0,36%
Eining 2	16 105 289	17 990 804	1 885 515	11,7%
Eining 3	18 558 068	20 123 254	1 565 186	8,4%

- Heimetenesta, Kjøkkentenesta og Skjerma eining har eit underforbruk.
- Eining 2 og Eining 3 har eit større overforbruk i hovudsak kjem det av overbelegg og høgt sjukefråvær.

Viktige hendingar

- Fleire ansatte er starta på Demensomsorgens abc, som er eit kompetansehevingskurs over 2 år som kompetansesenteret for Aldring og Helse arrangerer.
- Astrid Wittersø har systematisert all kunsten på Helsetunet. Kunstsamlinga er offisielt opna.

Mål som vart nådd

- Det har vore stort fokus på aktivitetar for pasientar på Helsetunet. Det er mange arrangement på huset som er for alle i Førde kommune. I tillegg er det aktivitetar i avdelingane og for kvart enkelt individ.

• Heimetenesta har alle brukarar med stort hjalpebehov nærkontakt

Utfordringar framover

- Rekruttering av gode og kompetente medarbeidarar.
- Rekruttering på helg.
- Auke i talet på demente gjev kommunen ein del utfordringar framover:
 - Fleire pårørande treng avlastning.
 - Utfordrande for Heimetenesta å hjelpe dei demente i heimen.
 - Treng anna kompetanse og bemanning.
- Følgje opp nasjonale mål om prioriteringar når det gjeld kvalitetsutvikling.
- Talet på eldre aukar.
- Redusere talet på personale som går til kvar einskild brukar.
- Auke i talet på tenestemottakar som bur heime, og som har komplekse lidingar. Dette gir store fagleg og ressursmessige utfordringar for Heimetenesta. Vidare vert pasientar tidlegare skrevne ut frå spesialisthelsetenesta.
- Framleis stort press/etterspurnad etter langtids- og korttidsplass ved sjukeheimen, likeeins i høve heimetenester. Har vore overbelegg på Helsetunet i heile 2011.
- Behov for utskifting av slitt utstyr på Helsetunet.
- Etablering av tenestestandardar i heimetenesta for å betre informasjon til tenestemottakarane, samt gi betre informasjon om kva som er mogleg å søkje om av tenester
- Samhandlingsreforma

Aktive prosjekt i Utviklingssenter for Undervisningsjukeheim og heimetenester (USHT)

- **Kultur og eldre prosjektet:** Aktivitet på Helsetunet som er for pasientar, tilsette, pårørande og dei som bur i Førde kommune.
 - Tilsettekoret, 15 -20 medlemmar
 - Seniorkoret, over 80 medlemmar
 - Distriktsmusikkarane har hatt fleire konsertar på huset, i tillegg har dei hatt individuelle konsertar for pasientane på Helsetunet.
 - Det har vore tilstelningar av ulike arrangement på Helsetunet som til dømes: Seniordans, syng-med-oss, arrangement i regi av bygdekvinnelag og basarar.
 - I 2015 vart det gjennomført fleire avdelingskonsertar fordelt på dei tre ulike avdelingane, konsertane var basert på ynskjer frå bebuarane.
 - Det var også arrangement med frivillige og kunstnarar.
- **Demensprosjektet:** Målet er å sikre kvalitet og kontinuitet i omsorg for personar med demens, og å styrke dei pårørande. Satsinga omfattar tre delprosjekt
 - Demensteam
 - Ressursgruppe i Heimetenesta

Kostra-tal

	Førde		Landet		Sogn og Fj.		Gruppe 8	
	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010
Legetimar pr.veke pr. bebuar i sjukeheim	0,15	0,16	0,39	0,37	0,29	0,26	0,37	0,35
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg, pr. innbygger 67 år og over	130 497	133 756	105 206	100 208	115 229	107 143	100 969	100 609
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kr., pleie og omsorgtenesta	11 908	11 757	14 205	12 963	17 583	16 034	12 742	12 396
Gjennomsnittleg antall tildelte timer brukar utafor institusjon	14,2	14,2	9,5	8,8	11,1	10,6	11	11,5
Gjennomsnittlig antall tildelte timar pr veke som brukarar av hime tenesta får	4,3	4,7	4,7	4,6	5,0	4,4	5,8	6,4
Lønnsutgifter pr kommunalt årsverk ekskl. fravær, pleie og omsorg Enhet : Kroner	642 196		599 307		584 182		638 290	
Andel årsverk i brukarretta teenester m/ fagutdanning	77	75	74	73	71	70	76	76
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	19,3	20,1	18,1	18,4		18,1		15,8
Andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i prosent av bef. 80+	23	24	29	28		28		30
Andel brukarar med individuell plan (ikkje inst.)	20,9	22,1	10,9	10,9	12,8	12,3	12,3	12,3

Førde kommune ligg veldig lågt på legetimar pr. bebuar på sjukeheim. I nettodriftsutgifter pr. innbyggjar i pleie og omsorg ligg Førde kommune godt under landet og kommunar vi kan samanlikne oss med, men ein ser av nettoutgifter pr. innbygger 67 år og over, så ligg Førde kommune høgt over dei andre kommunane. Dette tyder på at Førde kommune brukar mykje på yngre brukarar.

Førde kommune ligg under samanliknbare kommuner når det gjeld kor høge driftsutgiftene i pleie og omsorg er i prosent av kommunen sin totale driftsutgifter. Dette kan ha samanheng med at Førde kommune har få eldre innbyggjarar

Kultur og kulturskulen

Organisering

Einig	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Kultur	Johan Bengtsson	13,1	26	4,56%
Kulturskulen	Trude Skarvatun	11,8	16	4,05%

Økonomi

Einig	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Avvik i kr	Avvik i %
Kultur	6.604	6.567	-36	-1 %
Kulturskulen	3.600	3.500	-125	-3 %

- Kultureininga sitt overskot skuldast større besøk på kino, i symjehallen og arrangement i den nye Storsalen.
- Kulturskulen hadde eit overskot på kr 140 000, som er eit betre resultat enn varsla gjennom budsjettrapporteringa i 2010.

Viktige hendingar

Kultur

- Storsalen i Førdehuset har ført til svært gode resultat
- Godt år for Kino Førde – 38 432 besøkande.
- To lokale kinopremiere- framsyningar: «Dødens drabanter» og «Få meg på for faen»
- Kulturprisen 2011 tildelt Langeland ski og fritidssenter
- Utbygging av Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Krimfest i Sunnfjord
- Oppstart av utbygging av Hafstadparken desember 2011
- Opning kunstgrasbane på Sunde skule og ballbinge Flatene skule
- Førdefestivalen – nok eit vellukka arrangement
- Sogn og Fjordane Teater og Riksteatret med mange flotte framsyningar

Kulturskulen

- Vårspretten - stor framsyning i kinosalen med Førde kulturskule
- Vidareføring av prosjektet Kultur og eldre i samarbeid med Helsetunet
- Deltak i integreringsprosjektet «Mosaik» i samarbeid med Førde barneskule

Måloppnåing – Kultur

Brukarane

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Digital Kino – utrulling og kompetanseheving	I drift innan 31.12.2011	Oppnådd
Kino: Utvikle tilpassa kinotilbod	Få fleire besøkande.	Nådd – 38 432 besøkande
”Opningstider”- for kino, symjehall, resepsjon, bibliotek.	Ny turnus og auka opningstid.	Oppnådd
Oppretthalda/auke tal besøkande på offentlig bading.	12.000 besøkande i symjehallen 2011	18.273 besøkande i 2011 Oppnådd
Idrettshall: Brukarmøte for grunnskule / vidaregåande skule og organisasjonar	Årlege brukarmøte	Oppnådd
Fellesarrangement for å utvikle samarbeidet mellom biblioteka i Sunnfjord	Eitt tiltak per år	Oppnådd
Oppretthalda besøk Utlånstal i biblioteket		Oppnådd. Besøk: 78.900 Utlån: 66 383

Medarbeidarar

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Gjennomføre medarbeidarsamtale med alle med stillingsprosent over 50 %	At alle med over 50 % stillingstorleik har hatt medarbeidarsamtale	Alle tilsette har hatt medarbeidarsamtale i 2011.

Økonomi

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
God økonomistyring	Kvart år	Oppnådd
Oppgradering av Førdehuset	Øk.plan og budsjett	Oppnådd
Betre marknadsføring av Kultureininga	31.12 kvart år	Oppnådd

Samfunn

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Omdømebygging Kultur skal arbeide aktivt for å gje eit godt inntrykk av Førde	1 positivt oppslag i media og websida vår	Oppnådd

Vurdering

I 2011 hadde kultur ein spesiell situasjon grunna nyopninga av Storsalen og dermed eit svært godt besøk, og godt økonomisk resultat. I 2012 blir det ei utfordring å i vise at vi klarer å

- Det er eit stort behov for eigna øvingslokalar for musikkлага og dansesalar for danseverkstaden. Det er ønskjeleg å finne nye lokale der ein kan samle utøvarar av kunst og kultur i eigna lokale lokalisert i nærområdet til Førdehuset.
- Når det gjeld arbeidsmiljø er inneklimaet ikkje tilfredsstillande. 75 % av dei som svarte på spørjeskjemaet ved vernerunda 2010 meiner luftkvaliteten er mindre bra eller dårleg. Behov for nytt ventilasjonsanlegg i kontor og bibliotekfløya.

Måloppnåing kulturskulen

Brukarane

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Kulturskule for alle	Lage framsyning med 9. klasse ved FUSK	Ønska resultat er nådd
Kulturskule for alle	Etablere «korps/stryk i skulen» på Flatene skule	Ønska resultat er nådd
Brukarundersøking	Gjennomføre foreldre/elevsamtalar	Ønska resultat er nådd
Alle barn og unge skal oppleve eit inkluderande oppvekstmiljø	Integreringsprosjektet Mosaik - vidareutviklast	Ønska resultat er nådd
Webside	Publisering av webside,	Ønska resultat er nådd
Tenester på nett	Bruk av elektronisk søknadsskjema	Ønska resultat er nådd

Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat:

Kulturskulen er i stadig utvikling mot å bli meir brukarvenlege og ha ei best mogleg teneste til brukarane våre. Dette er ein prosess heile tida, men vi meiner å vere godt på veg mot å vere det ressurscenteret statens føringar seier vi skal vere.

Medarbeidarar

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Minst mogleg uønska deltid	Auka stillingsprosent til dei som ynskjer det	Delvis nådd.
Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid	Ha etikk på dagsorden med små drypp på lærarråd	Dette er ein stadig pågåande prosess
Inkluderande arbeidsliv	Det samla sjukefråværet skal ligge under 6%	Sjukefråværet i 2011 var på 4,05%. Nådd

Samfunn

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Kulturskulen skal spele ei viktig rolle i å utvikle og medverke i prosjekt som omfattar heile eller delar av fylket	Delta i Kulturskulerådet Sogn og Fjordane	Ønska resultat er nådd
Kulturskulen skal spele ei viktig rolle i å utvikle og medverke i samarbeidsprosjekt i som omfattar heile eller delar av fylket	Etablere laurdagsskule – talentprogram for fylket	Ønska resultat er nådd - oppstart i 2012
Kultur og eldre – prosjektet skal etablerast som eit fast tiltak	Ligg inne med faste midlar til vidareføring	Midlar er tilført Helsetunet
Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat: Kulturskulen i Førde er ein motor i regionen og fylket gjennom at vi sel tenester til det lokale musikkliv i Førde og nabokommunar. Vi har 6 distriktsmusikarar som har heile fylket som nedslagsfelt. Førde kulturskule er sentral i oppretting av laurdagsskulen for Sogn og Fjordane. Vi har eit integreringsprosjekt «Mosaik» retta mot innvandrarar og framandspråklege som får merksemd nasjonalt fordi det er eit nybrottsarbeide som blir gjort her.		

Interne prosessar

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Tilsette skal reflektere over eigen og eininga sitt samla tenestetilbod	Aktiv bruk av lærarrådet	Oppnådd
Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat: God måloppnåing.		

Utfordringar Kulturskulen

- Kulturskulen har 492 elevar og når mange fleire gjennom våre samarbeidsprosjekt
- Nye lokale. Kulturskulen manglar plass og meir eigna lokale bør vurderast.
- Talentutvikling. Eit laurdagsskuletilbod er starta opp i 2011 for å ivareta talenta.
- Auka krav om inntening på sal av distriktsmusikarar gjer at vi aukar prisane i 2012. Dette kan medføre tap av kundar og faktisk redusert inntening.
- Kulturskulen er i fin driv med nøgde tilsette, stor tilgang på elevar og høgt aktivitetsnivå. Vi samarbeider breitt med grunnskular, Helsetunet, kor, korps og det frivillige kulturliv i Førde kommune i tillegg til at vi er synlege i fylket med dirigentar, musikarar, solistar og organisasjonsarbeide.

Kostratal

	Førde		Kommunegr. 8		Fylket		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Prioritering								
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	4	2,7	3,8	3,2	3,8	3,3	4,4	3,9
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1390	1197	1369	1406	1723	1718	1736	1814
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger	1959,4	695,8	1201,5	1056,6	1149	1568,5	936,8	859,2
Fordeling av netto driftsutgifter innenfor kultursektoren								
Netto driftsutgifter aktivitetstilbud barn og unge (F231)	2,7	-8,7	10	9,2	6,5	5,7	11,1	10,6
Netto driftsutgifter til folkebibliotek (F370)	21,2	24,9	17,9	17,1	18,2	18,5	14,7	14,3
Netto driftsutgifter til kino (f373)	2,6	-1,1	1,5	1,6	1,6	1	0,8	0,9
Netto driftsutgifter til museer (f375)	0	0	2,4	2,4	1,2	2,1	3,7	3,9
Netto driftsutgifter til kunstformidling (F377)	16,5	20,6	3,4	2,9	2,2	2,6	4,8	4,8
Netto driftsutgifter til idrett (F380)	0,8	2,8	10,7	9,9	15,7	13,6	9,4	10,3
Netto driftsutgifter kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (F381)	15,6	13,3	12,1	14,8	14,7	15	20,8	20
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler (F383)	22,7	22,3	17	17,3	19,4	21,9	12,9	12,8
Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter (F385)	2,7	0,7	12	12,4	11,2	9,3	14,1	13,5
Netto driftsutgifter kommunale kulturbygg (F386)	15,2	25,1	13	12,4	9,2	10,3	7,5	8,9
Fordeling/ prioritering kommunale idrettsbygg/ idrettsanlegg og kommunale kulturbygg								
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger	217	159	166	209	253	258	362	362
Brutto investeringsutgifter til kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (f381) per innbygger	12	29	618	662	322	557	570	505
Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger	211	300	178	175	159	177	131	161
Brutto investeringsutgifter til kommunale kulturbygg (f386) per innbygger	1861	549	352	270	507	388	199	176

Førde kommune brukar mindre midlar enn landssnittet, samanliknbare kommunar og fylket innan kultur. Kommunen har eit mindre forbruk innan kultur samanlikna med 2010. Bibliotek har eit høgare forbruk enn gjennomsnittet med landet, like kommunar og fylket. Kino har eit mindre forbruk enn samanliknbare kommunar, fylket og landet. Innan ungdomstiltak har Førde eit klart mindre forbruk enn fylket, samanliknbare kommunar og landet. Førde ligg høgare enn landet, like kommunar og fylket innan kunstformidling. Dette heng saman med kommunen sin rolle som vertskommune for Samn og Biørens Teater, Samn og Biørens

Tekniske tenester

Organisering

Einig	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
610 Byggesak og arealforvaltning	Odd Harry Strømsli	12,4	13	2,05
620 Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)	Kjell Herstad	58.63	63	15,54
650 Brann og redning	Bernhard Øberg	8,5	8+20 deltid	1,58
670 Teknisk drift	Asbjørn Etterlid	15	15	2,80

Økonomi

Einig	Budsjett 2011 (1000 kr)	Rekneskap 2011 (1000 kr)	Avvik i kr (1000 kr)	Avvik i %
Byggesak og arealforv.	6 311	5 018	- 1 293	-20 %
Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)	26 346	29 738	3 391	13%
Brann og redning	7 914	8 598	684	9%
Teknisk Drift	-13 867	-9 289	4 577	-33 %
VAR	-10.603	-7.075	-3.528	33,3 %

Kommentarar til meirforbruk

Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)

- Resultatet for FDV vart i 2011 kr 3.391.934 i meirforbruk i forhold til budsjettet.
- På utgiftssida er det to hovudavvik i forhold til budsjettet. Det er posten for løn til vikarar og utgifter til straum og brensel. Samla sett utgjør dette ca 4,5 mill kroner.
- Overforbruket for energi er på 2,7 mill i forhold til budsjettet. Det skuldast først og fremst ein svært lang og kald vinter 2010-2011.
- Ein del av dette overforbruket blir utlikna jf sjukelønsrefusjon frå folketrygda.

Brann og redning

- Overforbruket skuldast etterbetaling av løn til befall som følgje av inngått avtale.

Teknisk drift

- Overforbruk brøyting og strøing 2,1 mill kr
- Meirkostnad løn grunn vintervedlikehald 0,35 mill kr
- Reparasjon av vegar etter flaumskader 0,4 mill kr

- Produksjon av vatn

Byggesak og arealforvaltning

Brukarane

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Tidsfristane i plan- og byggesakene vert haldne.	19 dagar handsamingstid på byggesaker.	Ikkje nådd.
Skriftleg referat frå førehandskonferansar.	Referat frå alle førehandskonferansar.	Forbettringspotensiale.
Vere sørvisorienterte og tilgjengeleg for brukarane.	Til ein kvar tid, kontinuerleg.	Nådd.

Medarbeidarar

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Sjukefråvær under 5 %.	5 %	2,05 %
Eininga skal opplevast som ein attraktiv arbeidsplass med kompetent personale.	Over gjennomsnittet i kommunen.	OK.
Alle i eininga skal få tilbod om medarbeidersamtale.	Gjennomføre målet.	Nådd.
Dei med minst erfaring/ansiennitet skal prioriterast når det gjeld kursing.	Prioritere riktig og rettferdig.	Nådd.

Økonomi

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Halde årsbudsjett	± 1 %	Nådd.
Meirinntekt på kart og oppmåling samt byggesak. I tillegg vakante stillingar har gjeve mindre forbruk.		

Samfunn

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Eininga skal framstå med positivt omdøme hjå brukarane gjennom publikumskontakt, WEB og positiv medieomtale.	Oppdatere WEB-området til Byggesak og arealforvaltning.	Nådd.
Universell utforming skal vere sentrale prinsipp i all kommunal planlegging.	Gjennomgang av kommunale prosjekt som	Nådd.

FDV

Brukarane

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Innarbeide FDV Helpdesk	Des 2011	Ikkje nådd
<ul style="list-style-type: none">Framdrifta for å opp ei ny helpdesk har ikkje vore jobba med 2011 pga vakanse i leiarstilling.		

Medarbeidarar

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Minst mogleg uønska deltid	Overordna mål	Delvis nådd
Medverknad i planlegging og utvikling	Kontinuerleg	Delvis nådd
Oppfølging av planer og avtaler		
Fagopplæring reinhald	Gjennomføre kurs	Nådd
Følgje opp etiske retningslinjer	Kontinuerleg	Nådd
Halde sjukefråværet lågt	Under 10%	Ikkje nådd
Følgje opp og vedlikehalde innarbeidde rutinar	Kontinuerleg	Delvis nådd
<ul style="list-style-type: none">I 2011 er det gjennomført fagopplæring i reinhald og 2 tilsette har gjennomført og bestått fagprøve innanfor reinhaldsfaget. Til saman er det no rundt 15 tilsette med godkjende fagprøve.Sjukefråveret i eininga er svært høgt, spesielt innafor reinhald. Målet å kome under 10 % er på langt nær nådd. Hausten 2011 vart det gjennomført arbeidshelseundersøking. Resultatet syner at helseplager realtert til muskel- og skjelett lidingar er mest vanleg hjå tilsette.		

Økonomi

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Halde budsjetttramme	I tråd med budsjettet	Ikkje nådd
Utvikle og vedlikehalde rutinar for økonomistyring: <ul style="list-style-type: none">Ansvarleg attesteringEiningsdelte budsjett	Kontinuerleg	Delvis nådd
Etablere system og rutinar for energioppfølgingssystem: <ul style="list-style-type: none">Overvaking og styringTilpassing og kontroll	Kontinuerleg	Ikkje nådd

Brann og redning

Brukarane

Mål for eiinga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Brukarar av tenestene til brannvesenet og feiarvesenet – skal være sikra arbeid av fagmessig høg standard.	Ingen klager frå brukarar på arbeid utført av brannvesenet eller feiarvesenet.	Ikkje registrert skriftlege klager på utført arbeid.

Medarbeidarar

Mål for eiinga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid	Ikkje brot på kommune sine etiske retningsliner.	Ikkje registrert brot på etiske retningsliner.
Forskriftsmessig utdanning/kursing ved Norges Brannskole	Mannskap i brann- og feiarvesenet skal ha utdanning	2 tilsette gjennomført kurs ved Nbsk
Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat: Sidan 2005 har brannvesenet hatt fokus på å tileigne seg forskriftsmessig utdanning ved Norges Brannskole. Dei 4 dag- kasernerte utrykningsleiarane er no ferdig utdanna, unnateke 4 overbefal.		

Økonomi

Mål for eiinga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Halde budsjett	I samsvar med budsjett	Ikkje nådd
Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat: Overforbruket skuldast etterbetaling av brannløn som fylgje av revidert særavtale i 2011 om brannløn.		

Interne prosessar

Mål for eiinga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Bidra til vidareutvikling av system knytt mellom anna opp mot HMS.	Ingen personskader	Ikkje registrert alvorlege brot på HMS-reglementet.

Teknisk drift

Brukarane

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Fornøgde brukarar	Gode tilbakemeldingar	Delvis nådd
Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat: Vintervedlikehaldet er i periodar utfordrande Økonomiske utfordringar med omsyn til vedlikehald og brøyting av kommunale vegar		

Medarbeidarar

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Medarbeidarsamtale	Godt arbeidsmiljø	Ikkje gjennomført
Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat: Har ingen negative tilbakemeldingar. Har eit godt og trivelig arbeidsmiljø.		

Økonomi

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Halde budsjett	I samsvar med budsjett	Ikkje nådd

Interne prosessar

Mål for eininga i 2011	Ønska resultat i 2011	Oppnådd resultat i 2011
Opplæring på reinseanlegg	Dyktige driftsoperatørar	Nådd
Vurdering av situasjonen og oppnådd resultat: <ul style="list-style-type: none">• Nytt reinseanlegg teke i bruk• Drifta av reinseanlegget har betra seg, men vi slit med luktpproblem i periodar• Opplæring av personell på nytt reinseanlegg gjennomført• Registrering av feilkoplingar spillvatn/overvatn må utbetrast		

Utfordringar i eininga

- Den største utfordringen er å halde budsjettet. Ramma til generelt vedlikehald er blitt mindre etter som kjan av tenester frå våre underentreprenørar har auka dei siste åra og

Kostra-tal

Plansaksbehandling (funksjon 301)	Førde		Kommunegr. 8		Fjordane		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,6	0,5	..	0,35	..	0,37	0,43	0,39
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger	208	227	..	155	..	196	167	182
Brutto investeringsutgifter til plansaksbehandling per innbygger.	17	0	..	8	..	75	17	13
Brutto driftsutgifter plansaksbehandling som andel av kommunens samlede brutto driftsutgifter	0,44	0,4	0,34	0,33	0,26	0,32	0,35	0,37
Brutto driftsutg. til plansaksbehandling (funk. 301), per innb.	271	264	..	196	..	237	214	233
Brutto driftsinntekter plansaksbehandling som andel av kommunens samlede brutto driftsinntekter	0,14	0,09	0,1	0,09	0,08	0,09	0,1	0,1
Brutto driftsinntekter til plansaksbehandling, per innbygger	88	58	..	55	..	71	62	67
Andel driftsutg. til plansaksbehandling av totale driftsutg. til fysisk tilrettelegging og planlegging.	45	44	34	34	30	33	35	35
Andel driftsinntekter fra plansaksbehandling av totale driftsinntekter fra fysisk tilrettelegging og planlegging.	27	18	14	13	18	18	17	16

Kommunen har høgre ressursbruk innan planhandsaming enn like kommunar og landet, og litt høgre enn fylket i 2010. Førde har eit høgre saksgebyr samanlikna med like kommunar, landet og fylket.

Bygge-, delesaksbeh. og seksjonering (funksjon 302)	Førde		Kommunegr. 8		Fjordane		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,01	0,08	..	-0,02	..	0,11	0,09	0,03
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering per innbygger.	3	34	..	-7	..	57	34	13
Brutto investeringsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering per innbygger.	0	0	..	0	..	1	3	5
Brutto driftsutgifter bygge-, delesaksbeh. og seksjonering som andel av kommunens samlede brutto driftsutgifter	0,26	0,23	0,36	0,36	0,25	0,29	0,35	0,36
Brutto driftsinntekter bygge-, delesaksbeh. og seksjonering som andel av kommunens samlede brutto driftsinntekter	0,25	0,18	0,36	0,38	0,18	0,22	0,31	0,35
Andel driftsutg. til byggesaksbehandling av totale driftsutg. til fysisk tilrettelegging og planlegging.	26	25	36	37	30	30	34	34
Andel driftsinntekter til byggesaksbehandling av totale driftsinntekter fra fysisk tilrettelegging og planlegging.	48	37	55	55	40	42	52	54

Kommunen har tilnærma sjølvkost og mindre forbruk innan bygge- og delesaker samanlikna med landet og fylket. Saksgebyr er på same nivå som like kommunar, landet og fylket.

Brann- og ulykkesvern	Førde		Kommunegr. 8		Fjordane		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Netto driftsutgifter til forebygging pr. innbygger	-19	-2	19	15	42	51	43	50
Netto driftsutgifter til beredskap pr. innbygger	604	681	532	516	683	713	561	562
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner	584	679	551	531	725	764	604	612

Førde kommune har eit normalt forbruk innan brann samanlikna med like kommunar, landet og fylket.

Konklusjon: Førde kommune har ein effektiv og god tenesteproduksjon innan tekniske tenester.

Politikk

Hausten 2011 vart det gjennomført kommune- og fylkestingsval. Ny ordførar Olve Grotle (H) overtok etter Nils Gjerland (Sp).

Partia fekk følgjande tal representantar i Bystyret;

Høgre – 8, Det norske Arbeiderpartiet – 7, Senterpartiet – 3, Sosialistisk Venstreparti – 3, Venstre – 2, Kristeleg Folkeparti – 2 og Framstegspartiet – 2.

Bystyret i Førde har 27 medlemmer. Formannskapet har 9 medlemmer. Med unntak for partiet SV er Formannskapet personidentisk med planutvalet som også har 9 medlemmer.

Alle medlemmene i bystyret er representert enten i formannskapet eller i ein av komitéane. Unntaket er leiar i kontrollutvalet som ikkje kan ha andre verv.

Ungdomens Bystyre vart etablert 16. februar 2011. Fokus i 2011 har vore å få igong fast verksemd. Vi har hatt startvanskar med utmelding og nyrekruttering, og vi arbeider framleis med å få til ein fast møteplan og kontinuitet.

Når det gjeld dei politiske utvala, hadde dei slik aktivitet i 2011:

Organ	Tal møter	Tal saker
Formannskapet	18	84
Planutvalet	17	51
Bystyret	9	74
Finanskomite	5	5
Valstyret	3	6
Samfunn- og utviklingskomiteen	9	23
Levekårskomiteen	8	24
Klageutvalet	3	17
Klageutvalet HS	1	1
Eldrerådet	4	4
Arbeidsmiljøutvalet	6	19
Administrasjonsutvalet	1	1
Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4	4
Kontrollutvalet	8	43
Ungdomens Bystyre	4	9

Av større politiske saker i 2011 kan vi nemne:

Internasjonalt arbeid

Førde kommune er involvert i tre prosjekt der kommunen er direkte engasjert i samarbeid med andre kommunar og distrikt i utlandet.

La Crosse , USA

La Crosse er Førde kommune sin vennskapskommune i USA. Arbeidet er leia av ei arbeidsgruppe på 4 personar som representerer ulike organisasjonar i Førde.

Kent, USA

Samarbeidskommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal har oppnemnt ei arbeidsgruppe med 2 representantar frå kvar kommune. Grappa har som oppgåve å utvikle venskapssamarbeidet med Kent og å planlegge utveksling mellom samarbeidskommunane og Kent.

Ntchisi, Malawi

Førde kommune har sidan 2006 hatt eit kommunesamarbeid (Municipal International Cooperation - MIC) med Ntchisi District Assembly i Malawi.

Samarbeidet på 4 sentrale programområde har vore koordinert av KS (Kommunenes Sentralforbund) med støtte frå NORAD. Diverre har KS valt å kutte samarbeidet med Malawi etter 2009.

Parallelt med kommunen sitt samarbeid i Malawi via KS/NORAD, har det sidan desember 2009 vore selt folkeaksjar i Førde kommune til innsamling av midlar til å fullføre kulturhuset i Ntchisi som har stått uferdig og utan tak sidan 2006. Det vart samla inn kr 128.000. I tillegg har formannskapet løyvd kr 150.000.

Førde Bystyre gjorde i møte 17.02.2011 følgjande vedtak:

1. Førde kommune tek initiativ til å inngå vennskapssamarbeid med Ntchisi District Assembly, Malawi for perioden 2011 – 2015.
2. I samband med opning av kulturhuset i Ntchisi, Malawi løyver Førde kommune kr 25.000 til vidare utvikling av kulturhuset i Ntchisi.

Ein delegasjon frå Førde kommune, leia av varaordfører Eva Marie Halvorsen, vitja Malawi på nytt i mars 2011 i samband med opning av det nye kulturhuset. Huset er ferdig og har hatt ein stor betydning for utviklinga av Ntchisi.

Øyrane vidaregåande skule er også engasjert i eit samarbeidsprosjekt med den vidaregåande skulen i Ntchisi, og har bidratt til forbetring av dei sanitære forholda på skulen. Det er også

Interkommunalt samarbeid

Førde kommune deltek i ei rekkje interkommunale samarbeid av meir eller mindre forpliktande art. Vi vil kort gjere greie for desse samarbeida:

SYS-IKT (IKT-samarbeidet)

Interkommunalt samarbeid oppretta for og av kommunane Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Høyanger og Gulen. I tillegg deltek Flora kommune i sikkerheitsløysinga. Samarbeidet er organisert som eit interkommunalt samarbeid med eige styre jf. kommunelova sin § 27 nr. 1. SYS IKT har hovudkontor i Førde kommune. Rekneskapen for SYS IKT vert ført som ein del av Førde kommune sitt rekneskap, som eige ansvar 120 både i drifts- og investeringsrekneskapen.

Rekneskapssamarbeid

Førde kommune fører rekne- og skatterekneskap for kommunane Førde, Gaular og Naustdal. Samarbeidet er organisert etter vertskommunemodellen, der Førde kommune har arbeidsgjevaransvaret.

PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor)

PPT i si noverande form vart oppretta i 2005, og er organisert etter vertskommunemodellen. Førde kommune er vert og arbeidsgjevar. Vi sel tenester til Naustdal, Gaular, Jølster, Bremanger samt Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

SIS

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) er eit interkommunal samarbeidsorgan for kommunane Flora, Naustdal, Gaular, Jølster og Førde. Medlemer av SIS består av ordførarar og rådmenn i medlemskommunane. Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) legg til rette for å gjere Sunnfjord til ein sterk, konkurransedyktig og attraktiv region. Gjennomføring av tiltak skjer innanfor ramma og etter prioriterte satsingsområde til fylkesplanen og Regional utviklingsplan.

Kommunane i Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) har felles mål og strategiar som er grunnlaget for samarbeid og utviklingsarbeid i regionen. SIS har peika ut desse satsingsområda:

1. Samhandling og regional utvikling i Sunnfjord.
2. Næringsutvikling. Utvikle regionen i eit felles ressurscenter og sterke næringsorganisasjonar i Sunnfjord.
3. Utvikle samarbeid og bygge nettverk – IKT, undervisning, legevakt, helse, kultur
4. Styrke Høgskulen og kompetansemiljø
5. Interkommunalt planstrategi i Sunnfjord. Vidareføre prosjektet i samsvar med tildelte

Sunnfjord Næringsutvikling

Kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Jølster samarbeider om næringsutvikling i Sunnfjord gjennom Sunnfjord Næringsutvikling AS (SNU).

Byggesakstilsyn

I 2011 er det etablert interkommunalt byggesakstilsyn for kommunane i SIS -kommunane; Førde, Jølster, Naustdal, Gaular og Flora samt Hyllestad.

Alden hamnesamarbeid – Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn

Eit interkommunalt samarbeid i samsvar med § 27 i kommunelova. Etablert i 2011.

Branntilsyn

Førde kommune gjennomfører etter avtale brannsyn i Gaular og Naustdal kommune.

Brannvern

Det er inngått avtale om felles brannvern for Førde og Naustdal kommune.

Skogbruk

Førde, Gaular og Jølster samarbeider om stilling som skogbrukssjef.

Veterinærvakt

Samarbeid mellom kommunane Jølster, Gaular og Førde.

Førde Norsksenter

Ikkje formelt organisert som interkommunalt samarbeid men vi utfører tenester for nabokommunar etter rekning.

Interkommunale selskap

Sunnfjord Miljøverk

Renovasjonstenester er lagt til Sunnfjord Miljøverk SUM, som er organisert som eit interkommunalt selskap.

Kryss-revisjon

Revisjonstenesta er sett bort til KRYSS-revisjon.

SEKOM

Sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet vert utført av SEKOM.

Sjukefråvær

Basert på legemeldt sjukefråversregistrering i NAV pr fjerde kvartal 2011.

Det legemeldte sjukefråveret pr kvartal i Førde kommune kjem fram i tabellen under.

I gjennomsnitt var det legemeldte sjukefråveret på 7,05 % i 2011. Tek vi utgangspunkt i at eigenmeldingar utgjer om lag 1 % av sjukefråveret, så vil det totale sjukefråveret i Førde kommune i 2011 vere i gjennomsnitt 8 %.

I 2010 var dette på 7,2 %.

Legemeldt sjukefråver					
	2007	2008	2009	2010	2011
1. kvartal	7,1	8,5	6,6	6,3	7,7
2. kvartal	7,4	7,7	7,1	5,4	6,7
3. kvartal	7,4	7,5	7,4	6,2	6,9
4. kvartal	6,9	6,3	7,6	7,3	6,9

Kommentar:

Med unntak av siste kvartal i 2011, så var det legemeldte sjukefråveret høgare i heile 2011 enn i 2010.

Legemeldt sjukefråver – samanlikning med anna verksemder pr 3. kvartal 2011					
	2007	2008	2009	2010	2011
Førde kommune	7,4	7,5	7,4	6,2	6,9
Kommunal forvaltning	7,5	7,6	8,3	7,6	7,5
Hele landet	6,0	6,1	6,9	6,1	5,8

Kommentar:

Samanlikna med andre kommunar, så ligg Førde kommune sitt legemeldte sjukefråver pr 3. kvartal 2011 totalt 0,6 % lågare enn gjennomsnittet av kommunane i landet.

Totalt sjukefråver – sortert på den einkilde eining
(Eigenmeldingar og legemeldt sjukefråver – basert på uttrekk av data frå eige lønssystem)

Totalt sjukefråver – sortert på den einkilde eining
(Eigenmeldingar og legemeldt sjukefråver – basert på uttrekk av data frå eige lønssystem)

Namn	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Totalt 2011	Snitt 2010	Snitt 2009	Snitt 2008	Diff 2011-2008
FDV	13,07	15,23	17,73	16,13	15,54	10,62	16,2	16,4	-0,86
FLATENE SKULE	10,13	8,90	5,90	5,57	7,63	8,64	9,3	6,5	1,13
FRØYSLAND SKULE	5,90	6,03	6,77	0,00	4,68	2,07	0,2	1,6	3,08
FØRDE BARNESKULE	9,00	7,43	8,27	7,87	8,14	8,07	8,4	9	-0,86
FØRDE FAMILIEBARNEHAGE	15,87	17,00	9,77	7,70	12,58	6,58	12,3	4,9	7,68
FØRDE KULTURSKULE	11,20	3,37	0,73	0,90	4,05	2,55	3,3	3,4	0,65
FØRDE UNGDOMSSKULE	8,30	2,80	2,70	5,60	4,85	4,03	6,5	5,3	-0,45
HALBREND BARNEHAGE	3,70	1,10	5,30	5,77	3,97	5,93	7,7	6,3	-2,33
HALBREND SKULE	4,13	4,50	6,83	3,77	4,81	5,03	5,3	6,4	-1,59
HATLEHAUGEN BARNEHAGE	16,30	14,60	14,33	12,00	14,31	2,61	6,3		
HEIMETENESTER/omsorgsløn	11,00	9,67	8,17	12,27	10,28	7,44	8,3	8,3	1,98
HELSE OG BARN/omsorgsløn	8,17	10,53	10,87	12,60	10,54	6,77	9,5	6,7	3,84
HELSETUNET EINING 2	16,67	6,53	12,70	6,33	10,56	12,04	11,6	9	1,56
HELSETUNET EINING 3	16,90	18,30	11,27	14,60	15,27	15,9	20,2	16,3	-1,03
HELSETUNET, SKJERMA EINING	11,47	12,60	2,40	6,50	8,24	11,42	13,1	12	-3,76
HOLSEN SKULE/ BARNEHAGE	9,07	6,70	9,70	6,43	7,98	4,39	2,2	2,4	5,58
IKT	3,03	1,63	0,53	1,13	1,58	1,54	1,8	0,5	1,08
KARSTAD SKULE	5,60	2,53	6,27	2,20	4,15	2,4	2,9	0,3	3,85
KJØKKENTENESTA	10,87	6,47	5,37	9,17	7,97	5,38	3,9	5,5	2,47
KRONBORG RESSURSHAGE	6,90	3,23	3,77	4,70	4,65	4,25	12,1	7,7	-3,05

Totalt sjukefråver – sortert på den einkilde eining
(Eigenmeldingar og legemeldt sjukefråver – basert på uttrekk av data frå eige lønssystem)

Namn	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Totalt 2011	Snitt 2010	Snitt 2009	Snitt 2008	Diff 2011-2008
RÅDMANNSKONTORET	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	3,1	6,3	6,7	-6,70
SLÅTTEBAKKANE BARNEHAGE	11,63	20,37	13,33	12,63	14,49	13,87	5,5	13,9	0,59
SLÅTTEN SKULE	7,57	9,07	5,60	7,23	7,37	4,1	5,1	4,6	2,77
SOLSIDA BARNEHAGE	8,37	4,77	9,27	16,47	9,72	10,6	6,6	8,6	1,12
SUNDE BARNEHAGE	6,97	7,33	8,90	22,93	11,53	5,27	11,8		
SUNDE SKULE	4,20	0,83	2,70	2,47	2,55	2,53	10,6	3,3	-0,75
TEKNISK DRIFT	7,23	6,70	3,30	-	4,31	2,4	2,3	6,8	-2,49
TYSENFRYD BARNEHAGE	8,23	7,90	4,50	8,83	7,37	5,81	9,7	4	3,37
VIE BARNEHAGE	17,53	8,23	5,93	8,97	10,17	10,49	11,3	11	-0,83
VIEÅSEN BARNEHAGE	10,43	7,20	9,30	5,27	8,05	7,61	6,3	12,4	-4,35
YTRE HAFSTAD BARNEHAGE	14,47	13,73	8,33	24,93	15,37	4,33			

Kommentar:

Om vi samanlikner sjukefråvert i 2011 mot tilsvarende i 2010, så har totalt 14 av kommunen sine 44 einingar eit lågare fråver enn i 2010. Resten har høgare.

Av kommunen sine 44 einingar, så har 14 einingar einingar eit gjennomsnittleg sjukefråver over 10 %. Tilsvarende tal i 2010 var 8 einingar. Sjukefråveret varierer sterkt innad i kommunen, men det høgste sjukefråveret finn vi generelt innan helse- og sosialeiningane samt barnehagane.

Det er fokus på førebygging og at rutine for oppfølging av sjukmeldte skal følgjast.

Legemeldt sjukefråver fordelt på varigheit pr 4. kvartal

	2007	2008	2009	2010	2011
Totalt	6,9	6,3	7,6	7,3	6,9

Legemeldt sjukefråver fordelt på kjønn pr 4. kvartal					
	2007	2008	2009	2010	2011
Totalt	6,9	6,3	7,6	7,3	6,9
Kvinne	7,5	7,2	8,8	8,5	8,5
Mann	5,3	4,2	4,1	4	2,5

Kommentar:

I høve til 4. kvartal 2010, så er det menn sitt sjukefråver som har blitt mest redusert.

Legemeldt sjukefråvæer fordelt på alder pr 4. kvartal					
	2007	2008	2009	2010	2011
Førde kommune totalt	6,9	6,3	7,6	7,3	6,9
Alder 16-20	3,5	1,4	2,5	2	2,5
Alder 21-29	6,1	3,5	6,2	6,7	6,1
Alder 30-39	6,1	6,1	9,3	5,6	8,3
Alder 40-49	6,7	7,1	7,6	8,5	6,9
Alder 50-59	7,8	5,5	6,5	8,6	5,9
Alder 60-69	9,8	14,7	10,2	6,8	8,6

Kommentar:

Samanliknar vi 4. kvartal 2010 med 4. kvartal 2011 så er det i aldersgruppa 30-39 år og 60-69 år sjukefråveret har auka mest.

Skadersaker

Det er rapport om totalt 14 skader på tilsette i arbeidstida/ på tenestereise/reise til-frå arbeidet. Tilsvarende i 2010 var 19.

Skadesakene utløyste sjukefråver i totalt 52 arbeidsdagar.

Eigarskap

Eigarskapsoversikt

Selskapets navn	Investert beløp	Endring	Eigarandel	Kommentar
Førde Tomteselskap AS	150 000		100,00 %	
Sunnfjord Hotell AS	0	-200 000		Solgt
Sunnfjordtunnelen AS	0	-70 000		Oppløst
Sogn og Fj.teater LL	20 000	9 990	7,50 %	Oppskrivning
AS Fjærlandsvegen	0	-20 000		Oppløst
Sunnfjord Miljøverk (IKS)	100 000		40,13 %	
Rødekorsbygget AS	35 000		35,00 %	
Sunnfjord Energi AS	44 373 119		22,19 %	
Firda Bilag AS	1 236 000		12,36 %	
Enivest AS	66 000	-34 900	0,36 %	Nedskrivning
Ankerløkken eigedom AS	2 004 000		22,20 %	
Eigenkapitalinnskot KLP	9 673 088	1 034 871		
Eigenkapitalinnskot SPK	31 955			
Sentrum Sør AS	240 000	25 000	25,26 %	Oppskrivning
Firda Produkt AS	102 000	102 000	20,40 %	Oppskrivning
Førde Ølutsal AS	160 000	160 000	52,00 %	Oppskrivning
Sunnlab AS	64 926	64 926	10,00 %	Oppskrivning
Sunnfj. Næringsutvikling AS	58 054	8 054	13,50 %	Oppskrivning
Alarmsentralen Sogn og fj. IKS	0		10,49 %	
Sum	58 314 142	1 079 941		

Årsmelding/ årsrapport fra selskapa vert lagt fram som meldingssak til politisk nivå.



Førde kommune



Førde kommune som eigar i selskap

Innhold

Del I.....	3
GENERELL DEL – EIGARSTRATEGI.....	3
1.1 Innleiing	3
1.2 Bakgrunn for eigarmeldinga.....	4
1.2.1 Vedteken eigarskapsstrategi for Førde kommune.....	4
1.2.2 Anbefalingar frå Kommunenes Sentralforbund (KS)	5
1.3 Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor	6
1.4 Omfanget av kommunalt eigarskap i Førde kommune	7
1.4.1 Selskapa.....	7
1.4.2 Eventuell avgrensing av eigarmeldinga	7
1.5 Eigarskapspolitikk.....	8
1.5.1 Vurderingar og val av selskapsform.....	8
1.5.2 Formål med kommunen sin eigarskap	8
1.5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter	8
1.5.4 Utbytte.....	9
1.5.5 Samfunnsansvar og etikk	9
1.5.6 Valkomit� for styreutnemning i selskap.....	9
1.5.7 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet.....	9
1.5.7 Gjennomf�ring av eigarm�te	10
1.6 Ut�ving av kommunalt eigarskap	11
1.6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre.....	11
1.6.2 Obligatorisk oppl�ring av og informasjon til folkevalde	11
1.6.3 Registrering av styreverv.	12
1.6.4 Habiliteringsvurdering av styrerepresentantar	12
1.6.5 Tilsyn og kontroll.....	12
Del II	13
2.1 OMTALE AV KVART SELSKAP	13
2.1.1 Generelt	13
2.1.2 Definisjon av nøkkeltal	13
2.1.3 Sunnfjord Energi AS	14
2.1.4 AS Førde Tomteselskap	16
2.1.5 Ankerl�kken Eigedom AS	17
2.1.6 R�dekorsbygget AS.....	19
2.1.7 Firda Produkt AS.....	20
2.1.8 SunnLab AS	22

Del I

GENERELL DEL – EIGARSTRATEGI

1.1 Innleiing

Dette er den første eigarmeldinga som vert lagt fram for Bystyret. Eigarmeldinga vert rullert annan kvart år, der neste gong vert 2013. Det er rådmannen som har ansvar for rullering av meldinga.

Del I av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarstrategi der det kjem fram synspunkt og vurderingar av m.a. prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve kommunalt eigarskap samt regelverk knytt til habilitet – folkevalde i ulike rollar.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap. I tillegg er det utarbeidd ei oversikt over stiftingar der kommunen er medstiftar.

1.2 Bakgrunn for eigarmeldinga

1.2.1 Vedteken eigarskapsstrategi for Førde kommune

Bystyret handsama spørsmålet om ein eigarstrategi for dei selskapa Førde kommune eig eller er medeigar i 25.10.2007, og gjorde slikt vedtak:

” Førde kommune startar arbeid med å utarbeide ein eigarskapsmelding/eigarskapsstrategi for dei selskap kommunen eig eller er medeigar i. Saka oversendast til komite for samfunn og byutvikling for vidare politisk handsaming.”

På bakgrunn av dette vedtok Bystyret i møte 27.03.2008 eigarskapsstrategi for selskap Førde kommune eig eller er medeigar i;

- 1. Førde kommune skal utøve ein aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, i samsvar med bystyret sine vedtak/føringar.*
- 2. Utsendingane til dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, skal utøve kommunen sine interesser i selskapa. Denne utøvinga skal reflektere fleirtalet i Bystyret. Det vert etablert ei ordning der utsendingane drøftar eigarpolitikken med Bystyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Dersom det kjem opp saker som hastar så mykje at dei ikkje kan vente til neste bystyremøte, kan dei drøftast med Formannskapet. Denne ordninga gjeld berre dei største selskapa Førde kommune er eigar i, jfr. rådmannen si saksutgreiing datert 06.03.08*
- 3. Medlemmar av Bystyret i Førde kommune kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i Bystyret, skal Forvaltningslova sine reglar om habilitet leggest til grunn.*
- 4. Førde kommune skal vere tilbakehalden til å gå inn som eigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriterie:*
 - Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.*

1.2.2 Anbefalinger frå Kommunenes Sentralforbund (KS)

Det har vore ein jamn auke i tal selskap i kommune-Noreg og tal frå føretaksregisteret bekreftar at denne trenden fortsetter. Når kommunar i aukande grad nyttar utskilling av verksemdar i sjølvstendige rettssubjekt og føretak inneberer det at den politiske styringslinja endrar karakter. Den tradisjonelle forvaltningsstyringa erstattast av eigarstyring.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mulig lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvensar for selskapa, deira disponeringar og deira marknadsposisjon. Samtidig vil eit aktivt eigarskap gje viktige signaleffektar ovanfor omverda og styrke omdøme til kommunane.

Kommunenes Sentralforbund (KS) har utarbeida 19 anbefalinger for aktivt eigarskap:

- Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
- Nr. 2 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
- Nr 3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter
- Nr 4 Vurderingar og val av selskapsform
- Nr. 5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
- Nr 6 Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunens interesser i selskap
- Nr 7 Samansetning og funksjon til eigarorgan
- Nr 8 Gjennomføring av eigarmøte
- Nr 9 Eigars krav til profesjonelle styrer i kommunal sektor
- Nr 10 Valkomit  for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap
- Nr 11 Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra
- Nr 12 Styresamensetning i konsernmodell
- Nr 13 Oppnemning av vararepresentantar
- Nr 14 Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra
- Nr 15 Kj nnsrepresentasjon i styra
- Nr 16 Godtgj ring og registrering av styreverv
- Nr. 17 Arbeidsgjevartilh rse i sj lvstendige rettssubjekt
- Nr. 18 Utarbeiding av etiske retningslinjer
- Nr. 19 Administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale føretak.

1.3 Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor

Det er i hovudsak tre moglegheiter som er aktuelle for kommunar ved utskilling av verksemd;

1. Eit *aksjeselskap* kan eigast av ein kommune åleine , saman med andre kommunar eller private rettssubjekt. I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine økonomiske forpliktingar. Selskapets øvste eigarorgan er generalforsamlinga.

2. Eit *interkommunalt selskap* etter lov om interkommunale selskap kan derimot bare eigast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapets forpliktingar. Selskapets øvste eigarorgan er representantskapet.

3. *Stiftingar*. Kommunar står og fritt til å etablere stiftingar (Stiftelsesloven av 2001). Opprettar (kommunen) står fritt til å fastsette formålet, og stiftinga er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftingar har til forskjell frå selskap (IKS og AS), ingen eigarar. Verken opprettar eller andre kan med grunnlag i eigeomsretten utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på del i stiftinga sitt overskot.

Følgjande organisasjonsformer fell utanfor eigarskapsmeldinga då desse er ein integrert del av kommunen;

1. *Kommunalt/fylkeskommunalt føretak etter kommuneloven kap 11*. Føretaket er ikkje ein egen juridisk person men del av kommunen/fylkeskommunen som rettssubjekt og kommunen hefter for føretakets forpliktelse.

2. *Interkommunale samarbeid/ styre etter kommunelovens § 27*. Kommunene står fritt til å samarbeide på ulike områder uten at det er overdratt beslutningsmyndighet eller representasjonskompetanse ved bruk av kommunelovens § 27.

			Fristilling
<i>Kommuneloven</i>	Interkommunale selskap	Aksjeloven	Stiftelsesloven
Etat (§10) Institusjon (§11) Føretak (kap.11)	Interkommunalt selskap (IKS)	Aksjeselskap (AS)	Stiftelse

1.4 Omfanget av kommunalt eigarskap i Førde kommune

1.4.1 Selskapa

Førde kommune har pr. juni 2011 eigarskap i 12 aksjeselskap, 2 interkommunale selskap og 1 gjensidigselskap. Av aksjeselskapa er eit (As Førde Tomteselskap) heileigd av kommunen, dei andre er eigde anten i lag med kommunar eller privat, eller i ein kombinasjon av dette. Eigarprosenten varierer frå 52 % til 0,36 %.

AKSJESELSKAP	Investert beløp	Eigardel i %
Sunnfjord Energi AS	44.373.120	22,19
As Førde Tomteselskap	150.000	100
Ankerløkken Eigedom AS	2.004.000	22,20
Rødekorsbygget AS	35.000	35
Firda Produkt AS	102.000	20,40
SunnLab AS		10
Førde Sør AS	25.000	25,26
Eninvest AS	1.009.000	0,36
Sunnfjord Næringsutvikling AS	50.000	20
Sogn og Fjordane Teater LL	10.010	7,5
Firda Billag AS	1.236.000	12,36
Førde ølutsal AS		52
INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)		
Sunnfjord Miljøverk IKS		40,13
Alarmsentralen IKS		
FORSIKRINGSELSKAP		
Kommunal landspensjonskasse (KLP)	8.670.172	

Kommunen er medstiftar i 3 stiftingar. Desse er:

- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
- Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Her er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølve. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftingar har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøver mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si ev. deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Kommunen vel styremedlem i stiftingane.

1.5 Eigarskapspolitikk

1.5.1 Vurderinger og val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadsmessige forhold og konkurranseregelverket. Skal selskapet ta risiko og operere i ein marknad bør det etablerast eit selskap med avgrensa ansvar. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi kan både interkommunale selskap og føretak vere hensiktsmessige former. Stiftingar er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

Det vert anbefalt at selskap ved utskilling av verksemd til sjølvstendig rettssubjekt søker medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon for ivaretaking av tilsette.

1.5.2 Formål med kommunen sin eigarskap

Ein eller fleire av dei fem kategoriane nedanfor bør leggst til grunn for utforming av mål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert (sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid)
- Politisk motivert (t.d behalde og vidareutvikle arbeidsplassar, fødselshjelpar ved etablering som ikkje vil kome opp å gå utan kommunal støtte)
- Effektivisering av tenesteproduksjon (t.d. renovasjon)
- Samfunnsøkonomisk motivert (t.d. sikre god infrastruktur)
- Regionalpolitisk posisjonering

Sal bør særleg vurderast i tilfelle der formålet med selskapet er blitt endra.

Førde kommune skal i framtida vere tilbakehalden med å gå inn som eigar i selskap/stiftingar. Kommunalt eigarskap og rolla som medstiftar skal vurderast opp mot følgjande kriterium:

- Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
- Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
- Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.

1.5.4 Utbytte

I selskap med næringsdrift bør kommunen, som hovudregel, stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i. For tida er det berre Sunnfjord Energi som gjev utbytte til kommunen.

1.5.5 Samfunnsansvar og etikk

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarar med befolkninga sin oppfatning om rett og galt og handlar om demokratisk legitimitet. Omdøme til kommunen vil avhenge av korleis ein forvaltar sitt samfunnsansvar gjennom sine selskap. Det finst ikkje eit felles fasitsvar på kva samfunnsansvarleg forretningsdrift er. Dette må definerast av det enkelte selskap.

Etikk er ein viktig del av dei vurderingar som skal gjerast for å drive eit selskap samfunnsansvarleg fordi dei etiske holdningane legger grunnlag for korleis man faktisk handlar. Etske retningslinjer bør derfor utarbeidast i kvart selskap.

Eit diskusjon om etiske retningslinjer vil ha utgangspunkt i selskapet sine økonomi, miljø og dei sosiale forhold knyta til verksemda. Retningslinene bør diskutertast og eventuelt reviderast årleg.

1.5.6 Valkomit  for styreutnemning i selskap

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskap bør det vedtektsfestes bruk av valkomit  kor formålet er å sikre samansetting av styre med komplement r kompetanse og i tr d med eigars form l med selskapet. Leiar av representantskapet/ generalforsamling vel leiar av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen samansettast for   speile eigardelar. Fleirtalet av valkomiteen bør v re uavhengige av styret og tilsette. Valkomiteens innstilling bør grunnjevast. Valperioden kan vedtektsfestes men likevel vere fleksibel i forhold til eigar sine behov for kompetanse.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med formålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere leiinga.

Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styret greier å skilje rollar og unngå rolleblanding. Dette er særleg viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Ein styremedlem representerer seg sjølv og ikkje eigarane. Han skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er. Ein aktiv eigarskap betyr også at ein styremedlem kan skiftast ut dersom eigaren meinar han ikkje fremjar eigarane sine interesser på ein god måte.

Det er opp til kvart enkelt eigarorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet anbefalast det å unngå situasjonar der styrets medlemmer jamnleg blir vurdert i forhold til forvaltningslovens regler om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av *leiande politikarar* i selskapsstyra. Det anbefalast at styra etablerer faste rutinar for å handtere mulige habilitetskonfliktar.

1.5.7 Gjennomføring av eigarmøte

Dei formelle eigarmøta er anten generalforsamling eller representantskap, men det kan også kallast inn til eigarmøte i tillegg til desse.

Styret bør legge til rette for at flest mulig av eigarorganets medlemmer kan delta i generalforsamling/representantskapet og at dette blir ein effektiv møteplass for aksjeeigarane og styret. Dette kan gjerast ved å følgje lovens regler om innkalling, at saksdokumenta er utførlige nok til å ta stilling til sakene, at eigarane som ikkje kan møte skal kunne stemme ved bruk av fullmakt (gjeld ikkje interkommunale selskap), at styret, revisjon og valkomité er tilstede samt rutinar for at eigarorganet vel møteleiing.

1.6 Utøving av kommunalt eigarskap

1.6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre

For aksjeselskap og interkommunale selskap vert det anbefalt at kommunestyret oppnemnar politisk leiing som selskapets eigarrepresentantar i eigarorganet. Eigarutøvinga skal speile kommunestyrets samla/ fleirtalsvedtak. Det er sentralt at det vert oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamling/ representantskapsmøte.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret vert samansatt og gjeve dei nødvendige styringsrammer for å utøve sitt virke som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansmessig.

Der ikkje andre er valde av Bystyret, representerer ordføraren eller den han gjev fullmakt Førde kommune i generalforsamlingar og representantskap. Det er utsendingane til generalforsamling/representantskap si oppgåve å utøve kommunen sine interesser i samsvar med fleirtalet i Bystyret. Det bør derfor etablerast ei ordning der utsendingane drøftar slike saker/eigarpolitikken med Bystyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Hastesaker kan drøftast med Formannskapet. Denne ordninga bør som hovudregel berre gjelde dei store selskapa Førde kommune er eigar i:

- Sunnfjord Energi
- Firda Billag
- Sunnfjord Miljøverk
- Ankerløyken eigedom

Ofte er tidsfristane korte i slike saker. Orienteringane kan derfor også måtte skje i etterkant av generalforsamlinga/representantskapen. Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei melding til Bystyret.

Der det vert utpeika vara til styre bør ordninga med numerisk vara nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Lovverket gjev moglegheit for å utpeke enten personlige eller numeriske vara. Anbefalinga om numerisk vara er gitt ut i frå behovet for kontinuitet og kompetanse. Det vert og anbefalt at 1. vara blir invitert til styremøta for på den måten å sikre best mogleg kompetanse og kontinuitet

1.6.3 Registrering av styreverv.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap skal registrere verva på www.styrevervregister.no

1.6.4 Habileringsvurdering av styrerepresentantar

I juni 2009 skjerpa Stortinget inn reglene for habilitet. Endringane i forvaltningslovens § 6 vil medføre at ingen kommunalt tilsett eller folkevald skal handtere saker i kommunen som gjelder et selskap der dei sjølv er styremedlem, også der selskapa er fullt ut offentlig eide. Regelverket vil tre i kraft frå 1. november 2011. Det er ingen overgangsbestemmingar for nyetablerte selskap.

Etter rådmannen sitt syn bør prinsippet om aktivt eigarskap via generalforsamling og representantskap og prinsippa om styremedlemmane sine rettar og plikter, i større grad føre til at Førde kommune vel profesjonelle styremedlemmar. Med profesjonelle styremedlemmar meiner eg her styremedlemmer som har kompetanse som gjer at ein får eit samla styre som på best mogeleg måte kan i varetta selskapet i tråd med eigaren sitt formål med selskapet. For å oppnå dette tilrår KS at det i større grad vert nytta valkomitear når ein skal setje i saman styre i aksjeselskap og interkommunale selskap.

1.6.5 Tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevast og at etiske omsyn vert ivareteke. Kontrollen vert utført blant anna gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet er delegert denne funksjonen frå kommunestyret og har derfor en spesielt viktig rolle i eigarstyringa.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at kommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøvar kommunen sine eigarinteresser i samsvar med Bystyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med selskapslovgivinga. Kommunen skal derfor utøve eit aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare

Del II

2.1 OMTALE AV KVART SELSKAP

2.1.1 Generelt

Meldinga er skriven for det meste med grunnlag i selskapa sine årsrekneskap og årsmeldingar frå 2010 samt protokollar og utsendingane sine rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte.

Meldinga omhandlar alle dei 14 selskapa som framgår av oversikta på side 7. I tillegg kjem ein kort omtale om kommunen som selskapsmedlem i Kommunal Landspensjonskasse.

Det er i omtalen av kvart selskap gitt ei tilråding om framleis eigarskap eller sal av aksjane.

Etter aksjelova kap III kan aksjar overdragast dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtekter eller aksjonæravtale. Overdraging krev samtykke frå styret med mindre vedtektene seier at samtykke ikkje vert kravd. Styret kan berre nekte å gi samtykke dersom det ligg føre sakleg grunn. Det kan i vedtektene fastsetjast nærare vilkår for å nekte samtykke.

2.1.2 Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet sin økonomiske utvikling har vi brukt 4 nøkkeltal som seier noko om utvikling i lønnsemd a) og b), likviditet c) og soliditet d). Nedanfor følgjer definisjon av nøkkeltala.

a) *Totalrentabilitet*: (resultat før skatt + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital

Totalrentabilitet viser avkastning på totalkapitalen (lønnsemda) i det enkelte selskap i det enkelte år.

b) *Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld*: (resultat før skatt + avskivingar) / langsiktig gjeld

Sjølvsfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene gjeld

2.1.3 Sunnfjord Energi AS

Adresse: Firdavegen 5, Postboks 123, 6801 FØRDE
Tlfnr: 57 72 23 00
Epost: firmapost@sunnfjordenergi.no

Styret

Harry Mowatt (leiar), Atle Neteland (nestleiar), Gerd Dvergsdal, Arild Horsevik, Jenny Følling, Stein Valvik, Nils Gjerland og Mads-Kjell Myklebust

Styregodtgjersle m.v.

- godtgjersle til styremedlemar: kr 276.000 samla
- godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling: ingen
- løn til dagleg leiar: kr 1.172.000

Revisor

Deloitte AS

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 22,19 Aksjeverdi: kr 44.373.120.

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemda

Verksemda sitt formål: (utklipp frå vedtektene) Sunnfjord Energi AS har som føremål å syte for produksjon, over -føring og omsetning av energi, og stå for utbygging av naudsynte anlegg i samband med dette. Selskapet skal arbeide for ei sikker og økonomisk rasjonell energiforsyning i eigarkommunane. Verksemda kan og drivast i samarbeid med eller deltaking i andre føretak med same eller liknande føremål.

Kjerneverksemd: nettdrift og produksjon av vasskraft

Organisering: vertikalintegrrert energikonsern med dotterselskapa Kjøsnesfjorden Kraftverk AS (73 %) og Fossheim Energiverk AS (60 %). Tilknytt selskap Eninvest AS (49,2 %).

Lokalisering, hovudkontor i Førde, basar på Skei, Sande, Dale, Hyllestad, Høyanger og Hardbakke.

Økonomisk utvikling Sunnfjord Energi konsern

(1000 kr)	2008	2009	2010
Sum inntekter	322825	327866	492614
Resultat etter skatt (overskot)	25274	60778	76418
Totalkapitalrentabilitet	6 %	5 %	9 %
Sjølfinansiering i % av langsiktig gjeld	7 %	8 %	10 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-6,5 %	14,9 %	9,1 %
Eigenkapitalprosent	30,8 %	30 %	30 %

Økonomisk utvikling Sunnfjord Energi AS

(1000 kr)	2008	2009	2010
Sum inntekter	323760	328165	410065
Resultat etter skatt (overskot)	42282	37660	51530
Totalkapitalrentabilitet	9,2 %	7 %	10,5 %
Sjølfinansiering i % av langsiktig gjeld	28 %	20 %	7 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-3,0 %	6,0 %	2,7 %
Eigenkapitalprosent	54,5 %	53,2 %	49,5 %

Kommentar til nøkkeltala: konsernomsetninga auka mykje i 2010 pga. produksjonsstart for Kjønesfjorden kraftverk. Hovudårsak til auke i resultat i 2010 er inntektsført planendring for pensjonar (eingongseffekt) og auka inntektsråme for nettverksemda.

Utbytte til kommunen i 2008, 2009 og 2010, 5,769 mill. kr. i kvart av dei 3 åra

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Jobbar med fleire vasskraftprosjekt i Jølster, Førde, Høyanger og Hyllestad og tek del i vindkraftselskapa Vestavind Kraft AS, Vestavind Offshore AS og Sula Kraft AS. Det er levert melding til NVE om ny kraftstasjon i Jølstra for å utnytte ein større del av fallet i elva. Dei andre prosjekta dreiar seg om modernisering av eldre kraftverk. Har også planer om fjernvarmeanlegg i Førde basert på termisk energi frå fjordvarme dersom noverande konsesjon på flisfyrt biovarme-anlegg ikkje blir realisert.

Jobbar kontinuerleg med opprusting av nettet for å betre leveringstryggleik og for å ta imot meir produksjon frå småkraft. Eig og bidreg i tilknytt selskap Eninvest AS som tilbyr breiband løysingar i heile Sogn og Fjordane som utfordrar til dominerande Telenor.

Sjøl om berre ein del av planane blir realisert, er kapitalbehov i samband med planlagde investeringar stort dei komande åra. I lånegjelda for konsernet har passert 1 milliard, og

2.1.4 AS Førde Tomteselskap

Adresse: Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE
Tlfnr: 57722090
E-post: tomteselskapet@forde.kommune.no

Styret

Hans Bjarte Bruland (leiar), Turid Vallestad (nестleiar) og Jan Taule

Styregodtgjersler m.v.

Styrehonorar vart utbetalt med kr 20.150 i 2009.
Dagleg leiar var i 2009 lønna med kr 615.833.

Revisor

Deloitte

Kommunal eigardel:

Eigarprosent: 100 Aksjeverdi: 150.000.

Kommunalt lån eller garanti

Aksjeeigar har stilt sikkerheit for gjelda.

Verksemda

Pågåande prosjekt:

- Vieåsen sør
- Farsund byggefelt
- Brulandsvellene
- Hafstad bydel

Tomteselskapet har ut frå risikoomsyn og med sine avgrensa ressursar søkt samarbeid med grunneigarar og utbyggingsfirma i form av utbyggingsavtaler om tilrettelegging av utbyggingsområda.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2008	2009
Sum driftsinntekter	925	902
Resultat etter skatt (overskot)	54	

2.1.5 Ankerløkken Eigedom AS

Adresse: Ytre Øyrane
Tlfnr: 91192610
Epost: toopseth@online.no

Styret

Vidar Grønnevik (leiar), Magne Hafstad, Leif Arne Åsen og Tor Opseth

Styregodtgjersle m.v.

- godtgjersle til styremedlemar
- godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling
- løn til dagleg leiar

Revisor

Deloitte

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 22 Aksjeverdi: 2.004.000.

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd

Verksemda sitt formål: Utvikle eigedomen på ein måte som sikrar høgast mogeleg avkastning for aksjonærane.

Kjerneverksemd: Utleige av eigedom

Organisering:

Lokalisering: Ytre Øyrane

Sysselsetting: Pr. dato ingen tilsette.

Viktige hendingar i 2010

Kleven avslutta leigeforholdet, og ein står utan fast leigetakar etter 31/12-2010

Økonomisk utvikling:

Har vore veldig positiv, men er utfordrande utan leigetakar.

(1000 kr)

2008

2009

2010

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Ankerløkken eignedom eig eit viktig industri og næringsareal i Førde kommune. Fråvær av leigetakarar er ikkje ein tilfredsstillande situasjon korkje økonomisk, samfunnsøkonomisk og politisk.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.6 Rødekorsbygget AS

Adresse: Langebruvegen 28, 6800 FØRDE

Tlfnr: 57822666

E-post:

Styret

Rolf Natvik (leiar), Johan Betten (nestleiar), Botolv Kåre Tennefoss, Erling Olai Hagen og Aase Myklebust

Styregodtgjersle m.v.

Revisor

Deloitte

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 35 Aksjeverdi: kr 35.000.

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemda

Rødekorsbygget AS er eit eigedomsselskap i Førde med leigetakarar hovudsakleg frå offentleg sektor og frivillige organisasjonar.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2008	2009
Sum inntekter	3403	3550
Resultat etter skatt (overskot)	953	-280

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde kommune leiger pr. i dag store delar av bygget, men planlegg flytting av helsestasjon og barnevern når nytt rådhus står ferdig. Legesenteret vert planlagt utvida i Rødekorsbygget.

2.1.7 Firda Produkt AS

Adresse: Øyrane 2, 6800 FØRDE
Tlfnr: 57 83 36 02
Epost: post@firda-produkt.no

Styret

Asbjørn Steen (leiar), Salmøy Runde (nestleiar), Norman Aarseth, Mari Jacobsen og Linda Ness Rotihaug

Styregodtgjersle m.v.

- godtgjersle til styremedlemar: Styreleiar kr. 30.000 pr. år. Styremedlemmar kr. 5.000,- pr. år ved minst 50 % frammøte. Møtegodtgjersle kr. 1.200,- pr. møte
- godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling: Ingen godtgjersle
- løn til dagleg leiar: kr. 583.000

Revisor

PricewaterhouseCoopers

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 20,4 Aksjeverdi: kr. 102.000,-

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemd

Verksemda sitt formål:

“Føremålet med selskapet er gjennom fabrikkasjon og anna verksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkeshemma”

Kjerneverksemd: Drive attføringsarbeid (avklaring, opplæring og arbeidstrening) med formål om ordinært arbeid som utgjør 70 % av tiltaksplassane. Varig sysselsetting for personar med uførepensjon som utgjør 30 % av tiltaksplassane.

Organisering: Attføringsarbeid skjer eksternt i der deltakar arbeider i ordinære bedrifter med oppfølging frå oss og intern i eigen produksjonslokalar. Eigen produksjon består av skyteskive -, skiltgraving, palleproduksjon, kantine og anna førefallande arbeid. Bedrifta er organisert i 2 avdelingar (Ekstern avdeling og Intern avdeling).

Viktige hendinger i 2010

Endringer i rammevilkår:

- Reduksjon av tiltaksplassar og økonomiske rammer på ca. 15 %, samt strengare resultat krav til innhald i tenestene frå NAV SFJ. Krav om meir bruk av eksterne arbeidstreningsplassar og meir effektiv bruk av attføringsplassane.

Tiltak:

- Omorganisering til 2 avdelingar (Ekstern og Intern avdeling)
- Nedlegging av saum/tekstilavdeling med verknad frå 01.05.2011
- Oppseiing av 4 tilsette med verkand frå 01.05.2011

Ny disponert tilsett frå 01.01.2010

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2008	2009	2010
Sum inntekter	9610	10640	12422
Resultat etter skatt (overskot)	-194	116	377
Totalkapitalrentabilitet	0,05 %	0,09 %	0,10 %
Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld	16,80 %	80 %	227 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	53 %	54 %	54 %
Eigenkapitalprosent	61 %	63 %	64 %

- Kommentar til nøkkeltala
- Utbytte til kommunen i 2008, 2009 og 2010

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

- Større satsing på ekstern arbeid, dvs. å bruke næringslivet som arbeidstreningsarena med oppfølging får oss. Det regjeringa kalla integrerte tiltak.
- Jobbe med å auke inntektene på produksjon slik at NAV andelen av dei totale inntektene blir mindre.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde kommune ynskjer å støtte opp mot selskapet si verksemd.

Samfunnsmessige omsyn og endringer i rammevilkår gjer at det er viktig for Førde kommune å vere aktiv inn i selskapet.

2.1.8 SunnLab AS

Adresse: Holtemyrane 6, 6800 Førde
Tlfnr: 57 72 39 50
Epost: post@sunnlab.no

Styret

Wilhelm Edvard Sandal (leiar), Johannes Lundekvam, Anne-Berit Garnes, Torleif Standal og Wenche Ness Gabrielsen

Styregodtgjersle m.v (etter generalforsamlinga 27.04.11):

1. Styret: Dokumentert tapt arbeidsforteneste inntil kr 1.690,- pr. dag.
2. Styret: Udokumentert tapt arbeidsforteneste kr 1.128,- pr. dag.
3. Styret: Møtegodtgjersle pr. dag, kr. 1.128,-
4. Årleg honorar til styreleiar: kr. 20.240,-

løn til dagleg leiar (2010: kr 420 000)

Revisor

PriceWaterhouseCoopers

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 10

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd

SunnLab as er eigd av 10 kommunar i Sunnfjord og ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Høyanger, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund.

Vedtektene til SunnLab as seier at hovudoppgåva er å levere laboratorietenester til offentlege og private kundar med hovudvekt på kontroll av vatn og næringsmiddel samt

Viktige hendinger i 2010 (sjå vedlagt årsmelding for 2010)

Vi har vore akkreditert for både kjemiske/fysikalske og mikrobiologiske analysar heile året. Akkrediteringa vår gjeld til 01.09.2011. Dette føreset regelmessig oppfølging. SunnLab har hatt Norsk Akkreditering på besøk på fornyingsrevisjon i løpet av 2010.

SunnLab as har ikkje hatt store investeringar i 2010.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2008	2009	2010
Sum inntekter	2446	2660	2904
Resultat etter skatt (overskot)	-23,85	15,88	124,64

Utbytte til kommunen i 2008, 2009 og 2010 (ikkje relevant for SunnLab as)

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Vi ser føre oss ei auke i oppdragsmengda.

Vi meiner at fokus på mattryggleik vil gje oss eit potensiale for å auke inntektene gjennom auka kontroll både frå det offentlege og frå småprodusentar av mat.

Det vert også stilt krav om dokumentasjon av avfall som skal leverast til deponi. Dette er noko SunnLab kan utføre.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Selskapet bidrar med nødvendige oppgåver og kompetanse for kommunane.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.9 Førde Sør AS

Adresse: Hafstadvegen 44, 6800 Førde
Tlfnr: Styreleiar Johan Magerøy har telefon nr. 91 81 95 45
Epost: Styreleiar har e-postadresse johan.mageroy@mentor.no

Styret

Johan Magerøy (leiar), Terje Grønfur, Anders Ole Sunnarvik, Bjørnar R. Karlsen og Arle Hjelmeland

Styregodtgjersle m.v.

Godtgjersle til styremedlemer

Styreleiar: kr. 50.000,- årleg

Styremedlemene elles: kr. 15.000,- årleg per medlem

Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling: kr. 0,-

Løn til dagleg leiar: Styreleiar er dagleg leiar, og styrehonoraret kompenserer begge funksjonar.

Revisor

Deloitte AS v/Leif Kilnes

Kommunal eigardel

Eigarprosent 25,26 % av stemmene.

pålydande verdi Førde kommune har 48 aksjar a kr. 5.000,-, dvs samla pålydande kr. 240.000,-.

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd

Verksemda sitt formål

Selskapet har som formål å bidra til å utvikle bydelen Førde Sør. Selskapet skal arbeide med fellestiltak som aukar eigedommane sine verdiar/leigeverdiane. Selskapet skal ha som oppgåve å opparbeide, forvalte og omsetje parkeringsplassar, parkeringshus og annan fast eigedom i Førde.

Kjerneverksemd

Har fokus på fellestiltak som er viktige for Førde Sør og for byen, t.d. spørsmål om innføring av parkeringsordning og kva som skal vere framtidige vegløyser i og rundt Førde.

Organisering

Aksjeselskap utan tilsette, der oppgåvene blir fordelte mellom styremedlemene.

Lokalisering

Selskapet har forretningsadresse i Førde

Svelektning

Ingen tilsette

Viktige hendingar i 2010

Proessen fram mot oppføring av nytt rådhus. Førde Sør AS har sendt inn merknader til varsel om planarbeid - detaljregulering for rådhuskvartalet og merknader som vedkjem områdeplan og sørsida som bydel.

Førde Sør har blitt godt etablert som høyringsinstans og deltar ofte i møte med kommunen og andre offentlege etatar.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2008	2009	2010
Sum inntekter	122	119	410
Resultat etter skatt (overskot)	-51	-87	104
Totalkapitalrentabilitet	neg	neg	12,1 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	689 %	634 %	209 %
Eigenkapitalprosent	88,4 %	79,4 %	90,3 %

Selskapet har ikkje langsiktig gjeld.

Førde Sør AS fekk auka driftsinntekter og overskot i 2010 fordi grunneigarane som er aksjonærar, betalte inn driftstilskot til selskapet. Dei vil også bidra med driftstilskot i 2011. Dette gjer at selskapet har orden på økonomien.

Det er ikkje utbetalt utbytte for desse åra.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Førde Sør AS har ein omfattande handlingsplan for åra 2011 – 2016. I 2011 er vi mellom anna opptatt av å gi innspel til parkeringsnorma, framtidig parkeringsordning og framtidige vegløysingar i og rundt Førde. Vidare vil vi fokusere på tiltak internt i bydelen Førde Sør som kan gjere området meir attraktivt.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde kommune ser det som viktig å støtte opp mot verksemda sitt formål.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.10 Enivest AS

Adresse: Postboks 123, 6801 Førde
Tlf nr: 57 00 91 00
E-post: kundeservice@enivest.no

Styret (valt på Generalforsamling den 05.05.11)

Fredrik Behrens (leiar), Bjarne Skaar, Roger Flølo, Ingvill Myhre, Torill Skogsholm og Torbjørn Os

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar: Styremedlem som ikkje representerar eigarar vert honorert med Kr. 80.000,- pr år i styrehonorar. Fast vara vert honorert med kr. 60.000,- pr år.
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling, Kr. 0,-
- Løn til dagleg leiar, Kr. 822.150,-

Revisor

Deloitte AS, v/Rune Norstrand Olsen

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 0,4%, tal aksjar: 66 à Kr. 1.000,- og samla pålydande verdi Kr. 66.000,-

Kommunalt lån eller garanti

Nei.

Verksemd/kjerneverksemd.

Verksemda sitt formål er, på forretningsmessig basis, å opprette og tilby framtidsetta kommunikasjonstenester og tenester knytt til denne typen nett, her medrekna deltaking i og kjøp/sal av andre verksemdar med liknande formål. Verksemda kan også engasjere seg i andre forretningsområde og verksemdar når dette er eigna til å styrkje hovudforretningsområdet, eller føre til meir rasjonell utnytting av verksemda sine ressursar.

Organisering

Enivest er organisert som eit aksjeselskap, der aktiviteten er delt inn i fire hovudområde: Teknisk, Sal og Marknad, Kundeservice og Leveranse, Fiber til Heimen, (FTH).

i inntektene på 6,7 prosent. FTH utgjør ein vesentleg del av dette. Det er levert mange nye FTH abonnement i andre halvår 2010. Ein heilårseffekt av desse medfører ein vesentleg auke i topplinja i 2011.

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2008	2009	2010
Sum inntekter	53 377	57 631	61 492
Resultat etter skatt, (overskot)	7 438	7 906	3 808
Totalkapitalrentabilitet	19,7%	17,7%	10,6%
Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld	206,69%	273,11%	127,06%
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-1,15%	-4,25%	1,91%
Eigenkapitalandel %	54,9%	59,5%	59,6%

Kommentar til nøkkeltala

Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld er berekna etter fylgjande:
Driftsresultat + Avskrivningar – skatt – netto finanspostar/ langsiktig gjeld.

Arbeidskapital i % av driftsinntekter er berekna etter fylgjande:
Omløpsmidlar – kortsiktig gjeld / driftsinntekter.

Utbytte til kommunen i 2008, 2009 og 2010

Enivest utbetalt Kr. 2.000.000,- i utbytte til sine eigarar i 2009. Av dette fekk Førde Kommune Kr. 7.190,- Det vart ikkje utbetalt utbytte i 2008 eller 2010.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Marknadssituasjonen er fortsatt slik at breibandspenetrasjonen i DSL marknaden er forholdsvis høg og det er ikkje det same antallet ”nye” kundar som kjem til. Hovudtyngda av kundar er i dag kundar vi hentar frå andre operatørar, og eksisterande kundar som vi oppgraderar til høgare kapasitet og eller ny teknologi.

Enivest sitt hovudfokus dei næraste åra er å fortsette utbygging av Fiber Til Heimen, FHT i Sogn og Fjordane.

2.1.11 Sunnfjord Næringsutvikling AS

Adresse: Hafstadvegen 34, 6801 Førde
Tlfnr: 57828855
E-post: ff@forde.kommune.no

Styret

Reidar Sandal (leiar), Odd Erik Gullaksen (nestleiar), Nils Gjerland, Gerd Dvergsdal, Jenny Følling, Håkon Myrvang og Leif Arne Aasen

Styregodtgjersler m.v.

Samla styregodtgjersle utgjorde 28.200 kr i 2010.

Revisor

PriceWaterhouseCoopers

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 13,5

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemda

Sunnfjord Næringsutvikling AS skal fungere som næringssselskap/utviklingssselskap i området som er dekket av kommunane Naustdal, Gaular, Jølster og Førde.

Selskapet hadde ved utgangen av rekneskapsåret 7 tilsette med ei fordeling på 4 kvinner og 3 menn.

Viktige hendingar i 2010

Sunnfjord Næringsutvikling er frå 1. januar 2010 eit fusjonert selskap mellom Sunnfjord Næringsutvikling AS og det tidlegare Reisemål Sunnfjord AS. I samband med fusjonen er det gjennomført ei flytting til nytt kontorlokale i Hafstadvegen 34, Førde. Jan Støfring tok til som dagleg leiar for selskapet den 1. november 2010.

Styret og dagleg leiar meiner at det er klare føresetnader for framtidig drift av selskapet. Det er ei felles målsetting mellom styret og dagleg leiar om at "drift i balanse" blir gjennomført. Styret vil saman med dagleg leiar i 2011 også sjå på løysingar opp mot å betre eigenkapitalsituasjonen.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Sunnfjord Næringsutvikling utfører nærings- og utviklingsarbeid på vegne av Førde kommune. Kommunen har ikkje eigne ressursar til dette.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.12 Sogn og Fjordane Teater LL

Adresse: Postboks 324, 6802 Førde
Tlf nr: 90 99 06 00
Epost: post@softeater.no

Styret

Rasmus Felde (leiar), Norunn Lunde Furnes (nestleiar), Steinar Læg Reid, Olve Grotle, Tone Stangeland og Kjell Furevik (tilsettere representant).

Styregodtgjersle m.v.

- godtgjersle til styremedlemar – fylkeskommunale satsar for hovudutval
- godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling – fylkeskommunale satsar
- løn til dagleg leiar – årsløn kr 600 000

Revisor

Price Waterhouse Coopers

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 30 Aksjeverdi: kr 30 000

Kommunalt lån eller garanti

Tilskot på grunnlag av tilskot frå kulturdepartementet med 7,5 % av statstilskot

Verksemd

- Verksemda sitt formål – profesjonelt turnéteater
- Kjerneverksemd - teaterverksemd
- Lokalisering – førdehuset + 26 turnéstader
- Sysselsetting – 16 fast tilsette om lag 23 årsverk med engeasjerte

Viktige hendingar i 2010

Heddapris for særleg kunstnarleg innsats

Teatersjef for 2012 – 2015 vart Terje Lyngstad

Viser elles til årsmelding sendt til Førde kommune.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2008	2009	2010
-----------	------	------	------

2.1.13 Firda Billag AS

Adresse: Storehagen 4, Postboks 204, 6802 FØRDE
Tlfnr: 57725000
E-post: post@firda-billag.no

Styret

Agnar Strømsnes (leiar), Osland Steinar Talle, Olve Grotle, Rita Lilletvedt, Monica Oppedal, Arne Råheim og Gunvor Beate Bjordal

Styregodtgjersler m.v.

- godtgjersle til styreleiaren kr 60.000 pr. år
- godtgjersle til leiaren i representantskapet kr 30.000 pr. år
- godtgjersle til andre styremedlemar kr 1800 pr møte
- løn til dagleg leiar i selskapet kr 1 017 103 + anna godtgjersle kr 71 511.

Revisor

Deloitte v/ Leif Kilnes

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 12,36 Aksjeverdi: kr 1.236.000.

Komunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemda

Firda Billag AS er eit transportselskap eigd av 13 kommunar i Sogn og Fjordane, samt Sogn og Fjordane Fylkeskommune. I tillegg til ordinær rutetrafikk/person og gods, er vi engasjerte med turbilkøyring, langtransport, kontraktkøyring og spesialtransport. Firda Billag eig og driv Travelnet Fjordane Reisebyrå og Fjordane Bilutleige

Firda Billag vart etablert i 1920 og har heile tida hatt kvalitet, sikkerheit og personleg service i fokus. Selskapet skal vere eit fritt og uavhengig selskap med føremål å drive transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport. Selskapet kan i tillegg eige og drive eigedom. Selskapet kan eige eller delta i andre selskap med liknande føremål.

Selskapet vart i år 2010 omdanna frå eit IKS til eit AS. Eigarane er dei same.
All godsaktivitet i selskapet vil i løpet av år 2011 verte flytta over til Transferd AS.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2009	2010
Sum inntekter	343 800	346 100
Resultat etter skatt (overskot)	-3 400	900
Kortsiktig gjeld i % av totalkapital	23,40 %	16,30 %
Eigenkapitalprosent:	30,50 %	32,20 %

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Selskapet har ein strategi som skal sikre fortsatt økonomisk vekst. Selskapet ser store utfordringar både innan gods- og *bussmarknaden* dei komande åra. Det vil krevje endringar i drift og organisasjon. Selskapet vil ha stor fokus på strukturelle grep, kundeservice, effektiv drift og utviklingsarbeid. Firda Billag AS har ein sterk posisjon i sine ulike marknader som kan vidareutviklast på ein lønsam måte.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Selskapet har ei viktig infrastrukturrolle i fylket. Den bedriftsøkonomiske lønnsmda er svak og gjev ikkje avkastning til eigarane.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.14 Førde Ølutsal AS

Adresse: Hafstadvegen 34, Postboks 272, 6802 Førde

Tlfnr:

E-post:

Styret

Arnstein Neset (leiar), Bjørn Nordberg og Jorunn Eide Kirketeig

Styregodgjersle m.v.

- Styreleirar 20.000 kroner kvart år
- Styremedlem 1200 kroner pr. medlem pr. møte
- Varamedlem 1200 kroner pr. medlem pr. møte (1. varamedlem er fast møtande.)
- Det er ikkje godjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling
- Lønn til dagleg leiar 395 088 kroner

Revisor

- Pricewaterhouse Coopers AS (PwC)

Kommunal eigardel

Selskapets sin aksjekapital er på kroner 300.000., delt på 30 aksjar a kr. 10.000

Førde kommune eig 16 aksjar, med ein verdi på $16 * 10.000 = 160.000$ kroner

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemd

- Selskapet sitt føremål er å drive sal av øl, og å nytte overskotet heilt eller delvis til samfunnsnyttige føremål lokalt
- Kjerneverksemda til Førde Ølutsal AS er å selge alkoholhaldig drikk med inntil 4,7% volumprosent alkohol.
- Selskapet er organisert som aksjeselskap med 2 eigarar. Førde kommune og Førde Industri- og Næringskipnad
- Førde Ølutsal AS held til i Nupengården Førde AS (gamle Bergegården)
- Det er i dag sysselsatt 2 personer i 100% stilling, og har 5 deltidsansatte
Dette utgjer til saman ca 3 Årsverk

Økonomisk Utvikling

Fordelig av overskot

Disponering av overskotet til Førde ølutsal AS for 2008 og 2009 er delt opp i ytt konsernbidrag (FNU) og gåvemidler (Førde kommune)

(1000 kr)	2008	2009
Konsernbidrag	324	324
Gåver (overført til førde kommune)	350	350

Fordeling av overskot 2010

Ved utgangen av 2010 vart Førde Næringsutvikling AS vedteke avvikla og aksjane (100%) i Førde Ølutsal AS vart overførte til Førde kommune og FINS.

Vilkåra for å yte konsernbidrag frå Førde Ølutsal AS er ikkje lenger til stades 31.12. då det stillast krav til meir enn 90 % eigarandel. Førde kommune eig 53 % og FINS eig 47 % av selskapet.

Det er i regnskap sett av kr 350.000 i gåvemidler (som tidl. år) og kr 324.000 i utbytte (171.720 til Fø. kommune og 152.280 til FINS).

Aktuelle planer og utsikter for dei kommande åra

- Førde ølutsal AS har salsløyve til 30.06.2012 og vil drive som i dag fram til då.
- Utsiktene til framtidig drift for Førde Ølutsal AS er avhengig av det nye bystyret etter valget september 2011. Det nye bystyret vil avgjere om Førde Ølutsal AS skal fortsette med eineløyve som i dag, eller om det blir gitt løyve til dei andre butikkane i Førde kommune.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde ølutsal er ein aktør i Bystyret sitt ruspolitiske arbeid.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

2.1.15 Sunnfjord Miljøverk IKS

Adresse: Sunnfjord Miljøverk IKS
Tlfnr: 57724152
Epost: haakon.grepstad@sum.sf.no

Styret

Askvoll	Steinsland Aud Kari
Førde	Vallestad Turid
Førde	Haugsvær Bjørn-Harald
Hyllestad	Soltveit Amund
Gaular	Lunde Henrik, leiar
Fjaler	Hjelle Erling
Jølster	Dvergsdal Gerd, nestleiar
Naustdal	Kvame Harald

Styregodtgjersle m.v.

Fast møtegodtgjersle pr. møtedag for møtande medlemmer / varamedlemmer til møte i styret, utval og representantskap	1.230
Dokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr møtedag dekkja med inntil	2.060
Udokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr. møtedag dekkja med	1.360
Årleg godtgjersle til leiar av representantskapet	5.890
Årleg godtgjersle til leiar av klageutvalet	5.890
Årleg godtgjersle til styreleiaren	35.750
Årleg godtgjersle til styrets nestleiar	9.770
Årleg godtgjersle til dei faste styremedlemmene	5.890

løn til dagleg leiar 650.000

Revisor

KRYSS-revisjonen

Kommunal eigardel

Kommune	Fordeling i %
1413 Hyllestad	5,49
1428 Askvoll	11,18
1429 Fjaler	10,39
1430 Gaular	10,02
1431 Jølster	10,68
1432 Førde	42,50

Verksemd

Selskapet har hovudkontor og forretningsadresse i Førde.

Formålet med selskapet er:

Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.

Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning

Selskapet skal bygge og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg

Selskapet skal gje pålegg/råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet.

Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

Det er 7 heiltids tilsette i SUM + 1 vikar, herav ei kvinne.

Viktige hendingar i 2010

SUM har god innsamling av farleg avfall frå hushaldning, i 2010 6,5 kg/innbyggjar .

SUM-kommunane har fått tilsynsrapport frå Fylkesmannen der det kan sjå ut til at tilsynsmyndigheita meiner at eigarkommunane / SUM har for dårleg løysing for små næringsdrivande i kommunane / grendene i høve farleg avfall. Det vert mellom anna vist til ein rettleiar frå 1999 – som nok må seiast å representere eit heilt anna innsamlingsnivå enn dagens. Gjennom advokat Hanne S. Torkelsen i KS Bedrift, har SUM fått utarbeidd juridisk NOTAT datert 25. februar 2011 i høve Fylkesmannens brev til eigarkommunane. Notatet går mellom annan inn på grunnlaget for interkommunalt avfallssamarbeid, og Lov og Forskrifts stilling i høve til rettleiarar, til dømes "Veiledning 99:02" (frå 1999) som fylkesmannen viser til.

Notatet er oversendt eigarkommunane v brev datert 28. februar 2011.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2008	2009	2010
Sum inntekter	35612	43192	40878
Resultat etter skatt (overskot)	2726	3621	2333

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Investeringsbudsjett 2010-2015

Investeringsplanen lagt fram for og vedteke av representantskapet i budsjettmøtet på Einestølen 29. oktober 2010 med sum investeringar i perioden 2010 – 2015 på 25,1 mill kr.

Kontrakter, pågåande og tilbudsforespørslar:

- Energigjenvinning restavfall
- Innkjøp frå SUMs gjenvinningsstasjonar
- Henting spsialavfall – farleg avfall på gjenvinningsstasjonane og verksemder samt årleg henterunde
- Tøming av glas og metall frå returpunkt
- Sortering papir
- Tøming av avfallbehandlarar, vanleg renovasjon
- Tøming av slamavskillarar og tette tankar

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Sunnfjord Miljøverk IKS utfører kommunale tenester på vegne av Førde kommune.

Eit interkommunalt selskap er ei god løysing for å gje økonomisk og kvalitativt gode tenester til innbyggjarane.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.16 Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Adresse: Strandavegen 13 6900 Florø
Tlfnr: 57 75 14 00
Epost: terje.brandsoy@alarmsentralen.com

Styret

- Ainar Fristad Naustdal (Sunnfjord)
- Frode Komeliussen (Dei tilsette)
- Gaute Johnsgaard (Sogn)
- Anders Ryssdal (Nordfjord) Leiar.
- Elisabeth Norman (Vertskommune) Nestleiar.
- Bernhard Øberg (Vara)
- Torill Anita Segtnan (Vara)

Styregodtgjersle m.v.

- godtgjersle til styremedlemar (800 pr. møte).
- godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling (dekker den einkilde kommune)
- løn til dagleg leiar (525 000,-)

Revisor

Kryss revisjon

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 10,49

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemd

- Verksemda sitt formål : Mottak og formidling av naudmeldingar (Brann -- redning og akutt forureining) Mottak og formidling av tryggleiksalarmar for medlemskommunane.
-
- Organisering : IKS
- Lokalisering : Florø

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

- Styrke synergien av samlokaliseringa.
- Styrke samarbeidet med dei andre naudetatane.
- Yte god service til våre eigarar og brukarar.
- Styrke samarbeidet med kommunane v/brannsjef ved å tilby hospitering. Eventuelt gjennomføre brukarmøte også ute i regionane. (Sende ut info.)

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Alarmsentralen IKS utfører nødvendige tenester til kommunane innan brann og tryggleiksalarmar.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.17 Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

Adresse: Postboks 400 Sentrum, 0103 Oslo
Tlfnr: 22 03 35 00
E-post: klp@klp.no

Styret

Arne Øren (leiar), Finn Jebsen (nestleiar), Ann Inger Stokkevik Døhl, Gunn Marit Helgesen, Herlof Nilssen, Jan Helge Gulbrandsen, Freddy Larsen og Siv Karina Holland.

Om selskapet

Kommunal Landspensjonskasse er eit gjensidig selskap, og har ikkje eigarar i tradisjonell forstand, men selskapsmedlemar. Selskapsmedlemene er alle kundar som har offentleg tenestepensjon i selskapet. KLP sine kundar og selskapsmedlemar er kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og sjølvstendige verksemder som er knytt til offentleg sektor.

Selskapet sitt formål er å ivareta medlemenes behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan og anten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive einkrav verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemd og einkvar anna verksemd som er tillete for livforsikringsselskap, her og administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.

Kommunalt medlemskap

Førde kommunar har tenestepensjon i KLP. Som medlem i KLP pliktar kommunen å betale eigenkapitalinnskot i den grad det er nødvendig for å gje KLP tilfredsstillande soliditet. I kommunen sitt rekneskap for 2010 står eigenkapitalinnskot i KLP oppført med ein verdi på 8,67 mill kr. Innbetalt i eigenkapitalinnskot i 2010 er 1,0 mill kr.

Ved ei eventuell utmelding av KLP er det kommunen sin del av selskapet sin oppsamla eigenkapitalinnskot som vert utbetalt.

2.2 OMTALE AV KVAR STIFTING

Førde kommune er medstiftar i 3 stiftingar. Desse er i kronologisk rekkefølge:

- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
- Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Sjå nærare omtale av kvar stifting nedanfor.

Det spesielle ved ei stifting, i motsetning til eit aksjeselskap, er at ho er sjølvvegande, det vil seie at ho er eigarlaus.

Kommunen sitt ansvar for stiftingane er å velje styremedlemar eller medlemar til evt representantskap, og gje fråsegn til forslag frå styret om omdanning. Kommunen har ikkje mynde til å instruere styremedlemane. Kommunen har ikkje plikt til å yte driftstilskot eller anna tilskot til stiftingane dersom dette ikkje er særskilt avtala.

Her er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølve. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftingar har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøver mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si ev. deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Kommunen vel styremedlem i stiftingane.

2.2.1 Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Adresse: Postboks 395, 6801 Førde
Tlfnr: 57721940
E-post: info@fordefestival.no

Oppretta

Den 14.03.1992

Opprettar/ opprettarar

Fylkeskommunene, Førde kommune, Førde Næringsutvikling, Landslaget for spelemenn, Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Førde Ungdomslag og Indre Sunnfjord Spelemannslag.

Type stifting

Alminneleg stifting

Føremål

Å gjennomføre eit internasjonalt folkemusikkfestspel kvart år i Førde som skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinnhald.

Grunnkapital

Kr. 426.573.

Styret

Kristin Hille Valla (leiar), Margrethe Henden Aaraas (nestleiar), Jens Brekke, Mari Andrea Ness, Ivar Svensøy, Arild Herstad og Eva Kristin Svidal.

Tilskot frå kommunen

Årleg tilskot i følge avtale med staten og kommunane i 2011 er kr 793.000.

Kommunene sitt ansvar

Bystyret endra i møte 16.12.2010 vedtektene for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival § 4 på bakgrunn av lovendring og skriv frå Kulturdepartementet;

Styret er stiftinga sitt høgste organ.

Stiftinga skal ha eit styre på 7 medlemmer med personlege varamedlemmer - valde for 2 år om gongen.

Eit representantskapsmedlem skal ikkje sitje i styret.

Ingen kan sitje samanhengande som styremedlem meir enn 8 år.

2.2.2 Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Adresse: Postboks 663, 6804 FØRDE
Tlfnr: 57825040
E-post: post@sfk.museum.no

Oppretta

Den 06.01.2004

Opprettar/ opprettarar

Sogn og Fjordane fylkeskommune	kr 40.000
Førde kommune	kr 20.000
Jølster kommune	kr 20.000
Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane	kr 5.000
Norske Kunsthandverkarar Vest-Norge	kr 5.000
Hornindal kommune	kr 10.000
Lærdal kommune	kr 10.000

Type stifting

Alminneleg stifting

Føremål

Å skape interesse for og auke kunnskapen om biletkunst og kunsthandverk i fylket gjennom å drive kunstmuseal verksemd, som er innsamling, bevaring, forskning og formidling.

Grunnkapital

Kr 11.000,-

Styret

Karen Marie Hjelemseter (leair), Cecilie Løvlid, Ivar Svensøy, Atle Reidar Sandnes, Marie Synnøve Haug, Lars Petter Nesse og Lars Bjarne Sture.

I samband med konsolideringa frå januar 09 er det sitjande stiftingsstyret sitt mandat endra.

Tilskot frå kommunen

Fekk faste tilskot fram til 2009 inntil konsolideringa med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Kommunen sitt ansvar

2.2.3 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Adresse: Gota 16, 6823 Sandane
Tlfnr: 57 86 84 80
E-post: post@misf.museum.no

Oppretta

Den 14.01.2009

Opprettar/ opprettarar

Fylkeskommunen, Sunnfjord Museum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane
Kunstmuseum og Sogn Folkemuseum

Type stifting

Alminneleg stifting

Føremål

Å drive museum og å forvalte all drift ved museumsavdelinga, som ledd i gjennomføringa av den statlege musumsreforma (konsolidering).

Grunnkapital

Kr. 100.000

Styret

Arne Kyrkjebø, styreleiar, Dale
2 Karen Marie Hjelmeseter, Fardal
3 Olin Johanne Henden, Sandane
4 Anne Mette Hjelle, Førde
5 Hallvard S Oppedal, Oppedal
6 Anna Jorunn Avdem, De Heib. samlinger - Sogn Folkemuseum, Kaupanger
7 Asbjørn Tyssen, Sunnfj. Museum, Førde

Tilskot frå kommunene

Årleg tilskot i følgje avtale med kommunane og staten (knutepunktinstitusjon) i 2011 kr
523.000.

029/12 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat

Dato: 07.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	14.09.2012	029/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for kostgodtgjersle til folkevalde i Førde Kommune, vedteken i bystyresak 20/11 den 26.02.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Førde kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 2.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 73.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 11.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 20.000,-
<u>Konto 11959 Kontingentar</u>	<u>Kr. 4.000,-</u>
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 110.000,-</u>

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Førde kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten ”Drift av kontrollutvalet”, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle

Køyregodtgjersle.

Tapt arbeidsforteneste

Møtegodtgjersle

Arbeidsgjevaravgift

Kurs/seminar

Kontingentar

Andre utgifter

For kontrollutvalet i Førde er satsar for godtgjersle vedteke i bystyre 26.05.2011, sak 020/11. Satsane som er vedtekne i bystyret og nytta for budsjettering av drift av kontrollutvalet for 2013 er som følgjande:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 1100,- pr. dag. Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 1.700,-.
- Møtegodtgjersle kontrollutvalsleiar 3% av ordførar si godtgjersle.
- Møtegodtgjersle medlemmer og varamedlemmer kr. 700,-.

Førde kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I FØRDE KOMMUNE 2013

Konto

11600 Køyregodtgjersle	2000	(10*3,9*50)	
11650 Tapt arbeidsforteneste	17000	(10*1700)	feriepengar
11650 Møtegodtgjersle	56000	(8*5*700)+ leiar 28000	920000*3%
10990 Arbeidsgjevaravgift	11000	14,1% av møtegodtgj. og tapt arb.fort.	
11500 Kurs/seminar	20000		
11959 Kontingent FKT	4000		FKT
Diverse	0		
Samla budsjett	110000		

Forslag til nytt regulativ for godtgjersle til folkevalde i Førde kommune 2011 - 2015

ALTERNATIV A – FAST GODTGJERSLE

1 Fast årleg godtgjersle

1.1 Ordfører

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 80% av statsrådsløna.
Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på ordførarvervet.

1.2 Varaordfører

Varaordfører si godtgjersle vert sett til 15% av ordfører si godtgjersle.
Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på varaordførarvervet.

1.3 Leiar i komitè for Levekår, Komitè for Samfunn og utvikling, og Kontrollutvalet.

Leiar av komite for levekår, komite for samfunn og utvikling, og kontrollutvalet får utbetalt 3% av ordføraren si faste godtgjersle som fast godtgjersle.

Leiarar i andre kommunale nemnder og utval får kr. 1400,- pr møte. Dersom det er same leiaren i det vanlege klageutvalet og i klageutvalet etter sosialtenestelova § 8-5a og lov om helsetenester §2-4 skal denne berre ha godtgjersle for eit utval.

1.4 Medlemmar - formannskapet (inklusive planutvalet, administrasjonsutvalet og valstyret)

Medlemmene i formannskapet får utbetalt 10% av ordfører si godtgjersle i fast årleg godtgjersle.

Ordføraren og varaordføraren får ikkje godtgjersle som formannschaftsmedlem, jfr.1.1 og 1.2 .

Vararepresentantar og tilsette som møter i utval der det er fast godtgjersle skal ha utbetalt møtegodtgjersle.

2.2 Arbeidstakarorganisasjonane

Representantar og møtande vararepresentantar som er valde av arbeidstakarorganisasjonane får ordinær møtegodtgjersle dersom møta vert halde utanom arbeidstid i kommunen.

2.3 Tilsette

Tilsette som har møteplikt i utval tillagt si stilling, får ordinær møtegodtgjersle dersom møta vert halde utanom arbeidstid eller ein vesentleg del av møtet vert halde utanom arbeidstid.

Det er ei føresetnad for å få slik godtgjersle at ein ikkje får kompensasjon på annan måte ved t.d overtidsbetaling.

2.4 Avgrensing

Folkevalde som mottar fast årleg godtgjersle, får ikkje møtegodtgjersle i det utvalet som den fast godtgjersla er knytt til.

3 Tapt arbeidsforteneste

3.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr.1.700,- pr. dag.

3.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr. 1.100,- pr. dag.

3.3 Andre typar tapt arbeidsforteneste

Som tapt arbeidsforteneste vert også rekna utgifter til avløyser, barnepass eller andre former for inntektstap. Det vert berre betalt ut ein av delane, anten for tapt arbeidsforteneste eller avløysergodtgjersle, barnepass og liknande.

4 Ettergodtgjersle

Folkevalde som har verv som utgjer 50% eller meir og som ikkje vert attvald, eller som får vervet redusert, vert gitt slik ettergodtgjersle når valperioden er over:

8 Tapt arbeidsforteneste

8.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr.1.700,- pr. dag.

8.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr. 1.100,- pr. dag.

8.3 Andre typar tapt arbeidsforteneste

Som tapt arbeidsforteneste vert også rekna utgifter til avløyssar, barnepass eller andre former for inntektstap. Det vert berre betalt ut ein av delane, anten for tapt arbeidsforteneste eller avløyssargodtgjersle, barnepass og liknande.

9 Ettergodtgjersle

Folkevalde som har verv som utgjør 50% eller meir og som ikkje vert attvald, eller som får vervet redusert, vert gitt slik ettergodtgjersle når valperioden er over:

- I 1 ½ mnd dersom vedkommande har ein jobb å komme tilbake til etter endt teneste
- I 3 mnd dersom vedkommande ikkje har ein jobb å gå tilbake til

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkommande hadde, evt. differansen mellom denne og ny godtgjersle.

10 Tolking av regelverket

Tvil om tolking av regelverket vert å legge fram for formannskapet

030/12 OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 07.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	14.09.2012	030/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2012 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 5-2012 Førde vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 07.september 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2012 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
023/11 Barnevernet i Førde – Fristbrot og manglande tilsyn og tiltaksplanar – orientering rådmann.	26.08.11		26.08.11 Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande og saka vert sett opp på oppfølgingsliste for oppfølging hausten 2012
040/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	06.12.11		19.10.11 E-post til revisor og rådmann. 06.12.11 Vedtak KU – Utset saka.
041/11 Overordna analyse.	06.12.11		06.12.11 Vedtak KU -KU tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon KU ber om rullering av OA frå 2008. 15.12..11 s brev til KRYSS.
008/12 Eventuelt	30.01.12		30.01.12: Vedtak i KU – Kontrollutvalet ber om å få tilsendt referat frå møtet i investeringsprosjektgruppa. 30.01.12 E-post til Førde kommune «Vi ber om at kontrollutvalet som fast ordning får tisendt møteprotokollar for møte i investeringsprosjektkomiteen.» 02.08.12: Ikkje motteke protokoll – Sendet purring.
012/12 Revisjonsrapport - "Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med fastsetting, avrekning og innkrevjing av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie – Førde kommune"	07.03.12		07.03.12: Vedtak i KU – 07.03.12: Sendt til bystyret. 12.06.12: Sendt purring
021/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	08.06.12		08.06.12 Vedtak i KU: Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
022/12 Skriv og meldingar	08.06.12		08.06.12 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vet tekne til vitande.

026/12 Godkjenning av innkalling og sakliste			
027/12 Skriv og meldingar			
028/12 Overordna analyse Førde			
029/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013.			
030/12 Oppfølgingsliste 5-2012 Førde			
031/12 Eventuelt			

Oppdatert 07.09.2012

031/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.09.2012	031/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.